

Vestland

Statistikk og utviklingstrekk



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Kjære leesar

Vestland fylke – det nye storfylket på Vestlandet – skal no etablerast. Saman skal vi skape eit fylke som er framtidsretta, samstundes som vi tek vare på historia.

Eit nytt fylke betyr ein ny geografi med nye grenser og ein ny identitet. Det blir fleire innbyggjarar og eit større areal. Avstandane aukar. Kva som er sentrum og periferi vert utfordra. For å forstå det nye fylket, regionane og lokalsamfunna er det viktig å bringe fram oppdatert kunnskap.

Vestland | Statistikk og utviklingstrekk er ei samling av tal og fakta innafor eit breitt spekter av samfunnstema. Målet er å gje ei oversikt over dei mest sentrale utviklingstrekkene innafor tema som demografi, næring, utdanning, levekår, helse og natur. Folkehelse er eit gjennomgåande tema.

Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar er blitt forsterka gjennom den pågående regionreforma. Denne statistikksamlinga skal hjelpe oss med å teikne eit utfordringsbilete for Vestland fylke. Resultatet skal leggjast til grunn for arbeidet med å setje retning og mål for dei planane og strategiane som skal utarbeidast for det nye fylket.

God lesing!



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann, Vestland fylkeskommune

INNHOLD

1 FOLK OG BUSETTING	3	5 AREAL, NATUR OG KULTURMINNE	55
1.1 Folketal	4	5.1 Areal	56
1.2 Flytting, innvandring og fødselsoverskot	5	5.2 Naturmangfold	58
1.3 Busetjingsmønster	7	5.3 Friluftsliv	61
1.4 Alder og Fruktbarheit	8	5.4 Naturressursar	62
1.5 Pendling	9	5.5 Kulturminne	66
2 UTDANNING OG KOMPETANSE	11	6 LEVEKÅR	67
2.1 Utdanningsnivå	12	6.1 Hushaldsinntekt	68
2.2 Kompetanse og rekruttering	14	6.2 Ulikskap i inntekt	70
2.3 Vidaregåande skule	16	6.3 Arbeidsløyse	73
2.4 Grunnskule	19	6.4 Sjukefråvær	74
2.5 Barnehage	21	6.5 Uføreysting	75
3 NÆRING OG ØKONOMI	23	6.6 Utanforskap	76
3.1 Sysselsetting	24	6.7 Mobbing	77
3.2 Verdiskaping	27	6.8 Bustad	78
3.3 Næringsstruktur	28		
3.4 Føretak	29		
3.5 Næringsklynger	31		
3.6 Handel	33		
3.7 Import og eksport	35		
3.8 Forsking og utvikling	36		
4 RISIKO OG SÅRBARHEIT	37	7 SAMFERDSLE	81
4.1 Radon	38	7.1 Nøkkeltal for samferdsle	83
4.2 Støy	39	7.2 Vegnett	84
4.3 Luftforureining	41	7.3 Kollektivtransport	86
4.4 Klimagassutslepp	42	7.4 Reisevanar	87
4.5 Geofare	44	7.5 Lufthamner og flytrafikk	88
4.6 Drikkevatn	46		
4.7 Smittsame sjukdommar	47		
4.8 Antibiotikabruk	48		
4.9 Vaksinasjonsdekning	49		
4.10 Skadar og ulykker	50		
4.11 Vegtrafikkulykker	51		
4.12 Brannar	52		
4.13 Kriminalitet	53		
4.14 Trygge lokalsamfunn	54		
8 KULTUR, FRITID OG DELTAKING	91	9 LEVEVANAR OG HELSE	103
8.1 Valdeltaking	92	9.1 Helse	105
8.2 Kultur- og Fritidsstilbod	94	9.2 Tannhelse	107
8.3 Deltaking kultur- og fritidstilbod	97	9.3 Fysisk aktivitet og kosthald	108
8.4 Frivillige organisasjoner og aktive medlemskap	101	9.4 Rusmiddelbruk	110
VEDLEGG			
1 Folkehelsebarometeret 2018	114		
2 Risikoindeks for folkehelse	116		
3 Sentralitetsindeksen	118		

1 FOLK OG BUSETTING



1.1 Folketal	4
1.2 Flytting, innvandring og fødselsoverskot	5
1.3 Busetjingsmønster	7
1.4 Alder og fruktbarheit	8
1.5 Pendling	9

Vestland er eit stort fylke med krevjande geografi. Folk er busett i kyststroka, langs djupe fjordar, i indre dalstrok og på øyar i havgapet, men over tid bur fleire sentralt og færre ruralt. Folketalsutviklinga er avgjerande for samfunnet og næringslivet. Innvandring, flytting, fødsel og død er komponentane som skapar vekst og nedgang i folketalet. Kor folk bur og jobbar skapar mobilitet.

1.1 FOLKETAL

Nye store kommunar

Det samla innbyggartalet for Vestland var 632 769 per 1.1.2018. Etter ny kommuneinndeling vil det nye fylket få 43 kommunar. Bergen, Øygarden, Askøy, Alver, Bjørnafjorden og Sunnfjord vil ha meir enn 20 000 innbyggjarar kvar når region- og kommunereforma er fullført. Kinn og Stord vil ha nesten 18 000 innbyggjarar. Fire kommunar vil ha færre enn 1000 innbyggjarar. Desse fire er Modalen, Fedje, Solund og Eidfjord.

Vekst i dei fleste kommunane

28 av 43 kommunar i fylket har hatt vekst dei siste fem åra (sjå figur 1.1.1). Veksten har vore størst i omlandskommunane rundt Bergen, i nokre av kystkommunane i Sunnhordland og i Sogndal. Det har vore nedgang i folketalet i Hardanger med Kvinnherad, i Vaksdal/ Modalen og i kommunane på nordsida ytst, og langs sørsida inst i Sognefjorden. Balestrand har hatt den største nedgangen i folketalet i perioden 2013 til 2018.

Tabell 1.1.1: Folketalet i kommunane i Vestland fylke per 1.1.2018. Ny kommuneinndeling. SSB kjeldetabell 07459.

Ny kommune-inndeling	Folketal 1.1.2018	Ny kommune-inndeling	Folketal 1.1.2018	Ny kommune-inndeling	Folketal 1.1.2018
Bergen	279 792	Osterøy	8 125	Fjaler	2 846
Øygarden	37 687	Stryn	7 195	Vik	2 674
Askøy	29 071	Gloppen	5 874	Samnanger	2 463
Alver	28 997	Sveio	5 721	Gulen	2 345
Bjørnafjorden	24 493	Årdal	5 277	Lærdal	2 153
Sunnfjord	21 963	Luster	5 223	Aurland	1 778
Stord	18 780	Austevoll	5 189	Masfjorden	1 730
Kinn	17 989	Høyanger	4 154	Hyllestad	1 378
Voss	15 508	Vaksdal	4 127	Ulvik	1 117
Kvinnherad	13 180	Etne	4 083	Eidfjord	931
Bømlo	11 902	Bremanger	3 767	Solund	807
Sogndal	11 666	Fitjar	3 194	Fedje	561
Ullensvang	11 294	Askvoll	3 052	Modalen	380
Stad	8 914	Austrheim	2 902		
Kvam	8 455	Tysnes	2 857		


1.2 FLYTTING, INNVANDRING OG FØDSELSOVERSKOT

Lågare innvandring og meir fråflytting


Gjennom 2000-talet har innvandring sørga for høg befolkningsvekst i fylket. Med utvidinga av EU, først i 2004 og deretter i 2007, auka innvandringa til Vestland kraftig. I 2013 kom nærmere 9 000 innvandrarar til fylket. Dei siste åra har innvandringa bremsa opp. Det er færre som kjem, og fleire som drar ut. Innanfor landegrensene er det fleire som flytter frå enn til det nye fylket. Nettototal for flytting innanlands er det lågaste på over 20 år.

Innvandring har vore ein viktig bærebjelke i folketalsutviklinga i alle delar av fylket dei seinare åra. Ved å bruke SSB sin sentralitetsindeks¹ (sjå vedlegg) kan ein få eit bilet av forskjel-


lane i folketalsutviklinga mellom sentrale og mindre sentrale delar av fylket i perioden 2013 til 2018. I Bergen (sentralitet 2) har det vore fødseloverskot og netto innvandring, men med eit flyttetap. I omlandskommunane til Bergen (sentralitet 3) har det vore stor vekst ved positiv innvandring, innanlands flytting og fødseloverskot. I dei mellomsentrale kommunane (sentralitet 4) har det vore eit lite flyttetap, medan situasjonen for kommunane på sentralitetsnivå 5 og 6 viser at det har vore eit større innanlands flyttetap og forskjellane mellom dei to er knytt til fødseloverskot (figur 1.2.2).



Figur 1.1.1: Folketalsutvikling 1.1.2013–1.1.2018. Gjeldande kommunestruktur. Tal i prosent. Kjelde: SSB tabell 07459



Figur 1.2.1: Nettoinnvandring, fødseloverskot og nettoflytting innanlands. Kjelde: SSB tabell 05471, 05426, 04231, 08425




Figur 1.2.2: Folketalsutvikling etter vekstkomponent og sentralitet (sjå vedlegg). Prosent av middelfolkemengde 1.1. 2013–1.1.2018. Kjelde: Berekningar/SSB


Kvar tiande innbyggar er innvandrar

Ved inngangen til 2018 var talet på innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som er busett i fylket 75 789. Dette betyr at 12 prosent av befolkninga er innvandrarar. Over 40 000 av desse kjem fra Europa. Arbeidsinnvandring har lenge vore den viktigaste årsaka til innvandring i fylket, men dei siste åra har fleire kome på bakgrunn av flukt og familiegjenforeining.


Den største gruppa av innvandrarar i fylket kjem frå Polen. I 40 av dagens kommunar er dette den største nasjonaliteten. Litauarar er også ein stor gruppe, og er størst i sju av kommunane. Det har vore stor innvandring frå Syria dei seinare åra, og dette er synleg i fleire mindre kommunar der syrarar er den største gruppa.



Figur 1.2.3: Innvandring (tal personar) etter verdsdel i perioden 2008-2018 i Vestland fylke. Kjelde: SSB tabell 07110



Figur 1.2.4: Innvandring (tal personar), etter årsak. Vestland.
Kjelde: IMDI



Figur 1.2.5: Største innvandrargruppe etter kommune (gjeldende kommuneinndeling). Kjelde: SSB tabell 09817

1.3 BUSETJINGSMØNSTER

Fleire bur tettare


Befolkningsa er i større grad enn tidlegare konsentrert til tettstader og tettbygde strok. I 1990 budde kvar tredje innbyggjar i spreiddbygde strok. I 2017 var det berre kvar femte innbyggjar som budde spreidd. I enkeltkommunar ser vi at det er ein overvekt av menn i spreiddbygde strok, men desse tendensane er ikkje klare på fylkesnivå.

80 % vil bu i 12 kommunar


Sentraliseringa er venta å auke i dei kommande åra. Fram mot 2040 vil åtte av ti innbyggjarar vere busette i dei mest sentrale kommunane (sentralitet 2,3 og 4. Sjå fotnote 3), mot rundt sju av ti i dag. Veksten er venta å vere størst i dei nest mest sentrale kommunane, typiske omlandskommunar og større regionsenter. I dei minst sentrale kommunane (sentralitet 5 og 6) vil veksten vere negativ.

Tabell 1.3.1: Befolkningsframskrivning etter sentralitet.
Tal og prosent. Sjå fotnote 3 for forklaring. Kjelde: SSB/PANDA

Sentralitets-nivå ³	2018	2040	Endring i tal	Endring i prosent
2	279 792	304 680	24 888	8,9
3	75 369	103 420	28 051	37,2
4	123 761	133 987	10 226	8,3
5	110 496	105 328	-5168	-4,7
6	43 351	39 101	-985	-9,8



Figur 1.3.1: Del personar i tettbygde strok² 1990-2017.
Vestland. SSB tabell 05212.



Figur 1.3.2: Busetjingsmønster per 1.1.2018.
Kjelde: SSB, Kartverket.


- 2 Merk at det vil vere personar som av ulike årsakar ikkje kan kategoriserast. I 2017 utgjorde desse 0,3 prosent av befolkninga.
 3 Sentralitetsindeks, SSB (Sjå vedlegg). 2 = Bergen. 3 = Os, Fjell, Askøy. 4 = Sveio, Stord, Voss, Samnanger, Sund, Osterøy, Meland, Øygarden, Radøy, Lindås, Flora, Sognadal, Førde. 5 = Etne, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Odda, Granvin, Kvam, Fusdal, Austrheim, Leikanger, Årdal, Luster, Fjaler, Caular, Jølster, Naustdal, Vågsøy, Eid, Hornindal, Floppen, Stryn. 6 = Tysnes, Jondal, Ullenvang, Eidfjord, Ulvik, Austevoll, Modalen, Fedje, Masfjorden, Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Vik, Balestrand, Aurland, Lærdal, Askvoll, Bremanger, Selje.

1.4 ALDER OG FRUKTBARHEIT


57 000 fleire eldre

I 2040 er det venta å vere om lag 150 000 eldre i Vestland (67 år og meir). Eldre utgjorde 15 prosent av befolkninga i 2018 og dette vil auke til 20 prosent i 2040. Befolkninga blir eldre og blir ikkje erstatta av fleire unge i særleg grad. Fordelinga av dei eldre er ikkje geografisk jamnt fordelt. Medan kommunar som Sogndal, Øygarden og Bjørnafjorden⁴ vil få mindre enn 20 prosent eldre i 2040, er det i kommunane kring Sognefjorden, i Samnanger og i Ullensvang venta at eldre utgjer over 30 prosent av befolkninga.

F Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser store skilnader mellom Hordaland og Sogn og Fjordane når det gjeld befolkninga over 80 år. Her er Sogn og Fjordane blant fylka som har høgst del i landet (5,5 prosent – ein signifikant skilnad), mens Hordaland ligg på landssnittet (4,2 prosent).



Figur 1.4.1: Befolkningsutvikling i aldersgruppa 0–15 år og 67 år og eldre fram mot 2040. Prosent av folketall i Vestland fylke. Kjelde: SSB og fylkesprognos.no




Figur 1.4.3: Samla fruktbarheitstal for Hordaland og Sogn og Fjordane i perioden 1968-2017. Kjelde: SSB-tabell 04232.⁶

Historisk låg fruktbarheit

Det samla fruktbarheitstalet, eit mål på kor mange born ei kvinne får i gjennomsnitt i løpet av livet, har gått jamnt ned sidan 2009. I 2017 var talet 1,67 for Hordaland og 1,82 for Sogn og Fjordane. Over tid viser fødselstala etter aldersgrupper (aldersspesifikke fødselsratar) at kvinner over 30 år føder flest born. Frå 1980 til 2010 var det kvinner mellom 25 og 29 år som fødde flest born. Etter 2010 har talet på fødsla vore høgast i aldersgruppa 30-34 år, men tal for dei siste åra viser nedgang i fødsla for nesten alle aldersgrupper. (figur 1.4.3). Ein rapport frå SSB⁵ peiker på ein mogleg samanheng mellom fruktbarheit og økonomisk usikkerheit som ei forklaring til nedgangen sidan 2009.

F I Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) ser forventa levealder for menn og kvinner i Vestland fylke ut til å vere signifikant betre enn for landet (noko usikkert for menn i dagens Hordaland).



Figur 1.4.2: Eldre (67 år og eldre) som del av befolkninga i 2040. Ny kommuneinndeling. Kjelde: SSB, statistikk.ives.no

4 Ny kommuneinndeling.


⁵ Dommermuth, L. Lappégård, T. Nedgangen i fruktbarheit frå 2010. Statistisk sentralbyrå. Rapporter 2017/12.

6 Samla fruktarbeitalstal (SFT) for kvinner skildra gjennomsnittleg tal levande fødbarn kvar kvinne kjem til å føde i heile kvinnen si fødedyktige periode (15-49 år). Føresnaden er at fruktarbeitsmønsteret i perioden vedvarer og at dødsfall ikkje skjer.

1.5 PENDLING

Stor mobilitet i sentrale delar av fylket

Kartet over arbeidsplassdekning⁷ viser at kommunane med lågast dekning er dei nest mest sentrale kommunane i fylket. Naustdal, Jølster, Samnanger, Meland, Radøy, Askøy, Sund, Os og Sveio har alle under 60 % dekningsgrad, men er tett integrert med kommunar som har mange arbeidsplassar. Høg arbeidsplassdekning finn ein i typiske by- og tettstadskommunar, t.d. Bergen, Førde, Haugesund⁸, Leikanger, Stryn og Vågsøy. Andre kommunar med høg dekning ligg meir for seg sjølv, men klarar å tiltrekke seg ein del pendlarar, t.d. Årdal, Odda, Gulen, Modalen og Austevoll.




Figur 1.5.1: Arbeidsplassdekning i Vestland fylke.
(Sysselsette etter arbeidsstad som prosent av sysselsette etter bustad). Tal for 4. kvartal 2017. Kjelde: SSB tabell 11616

R Arbeidsmarknad og uføretrygd

I Risikoindeks for folkehelse (sjå vedlegg) har vi identifisert fem samfunnsforhold som har signifikant samanheng med graden av uføretrygd i norske kommunar. Tal verksemder med tilsette per 100 innbyggjarar i yrkesaktiv alder, er ein av dei fem identifiserte samfunnsforholda. Med det veit vi altså at storleiken på arbeidsmarknaden har innverknad på uføregrad.

Reiseavstand og utdanningsnivå

Over 20 prosent av respondentane i «Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018» oppgjev at dei har ein reiseveg på meir enn 20 km. Når vi skil på utdanningsnivå, ser vi at det er ein gradient der reisevegen blir kortare med høgare fullført utdanning. Gradienten er tydelegare hos menn enn hos kvinner. Her bryt vidaregåande skule trenden med fleire med lang reiseveg samanlikna med grunnskule som høgaste fullførte utdanning. Det er ein skilnad på 16,9 prosentpoeng på reiseveg over 20 km mellom menn med vidaregåande skule og menn med meir enn fire års universitetsutdanning (FHI).⁹



Figur 1.5.2: Del med reiseveg til arbeid-/studiestad på over 20 km (prosent) Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland, 2018. Folkehelseinstituttet.

⁷ Sysselsette etter arbeidsstad som prosent av sysselsette etter bustad.

⁸ Fungerer som innpendlingskommune for særleg Sveio og Etne.

⁹ Rapport 2018. Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultater. Rapport til Hordaland fylkeskommune. Forfattere: Jens Christoffer Skogen, Otto R. F. Smith, Marit Knapstad, Thomas Sevenius Nilsen og Leif Edvard Aarø 17.10.2018



2 UTDANNING OG KOMPETANSE



2.1 Utdanningsnivå	12
2.2 Kompetanse og rekruttering	14
2.3 Vidaregåande skule	16
2.4 Grunnskule	19
2.5 Barnehage	21

Utdanning og kompetanse er eit viktig grunnlag for vekst og verdiskaping i regionen. I eit meir omskifteleg nærings- og arbeidsliv er kompetent arbeidskraft stadig viktigare for å henge med i raske omstillingar og teknologisk utvikling. Oppvekstforholda dannar grunnlaget for den einskilde si helse og for deltaking i samfunnet. Her er utdanningsløpet sentralt. Sosioøkonomiske skilnader i prestasjonar manifesterer seg tidleg, og aukar i løpet av grunnskuleopplæringa. Det vidaregåande kompetansenivået aukar sjansane for å delta i arbeidslivet.

2.1 UTDANNINGSNIVÅ

Høgt utdanningsnivå



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at det truleg er signifikant fleire personar i Vestland i alderen 30-39 år som har vidaregåande skule eller høgare utdanning som høgaste fullførte utdanning, enn elles i landet.

Utdanningsnivået i Noreg er relativt høgt. Kvar tredje innbyggar i Vestland fylke har no høgare utdanning¹, og over tid har utdanningsnivået auka. Sjølv om delen med høgare utdanning aukar, er det ikkje slik at det er eit mål i seg sjølv at flest mogleg bør ligge på dette utdanningsnivået. Mange jobbar krev også vidaregåande utdanning og særleg yrkesfagleg opplæring. Fullført vidaregåande skule blir slik sett eit viktig kompetansekrav for deltaking i arbeidslivet og eit «trappetrinn» for fordeling av helse i befolkninga. Det er større skilnader i forventa levealder etter utdanning mellom dei som har grunnskule og vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå, enn mellom dei som har vidaregåande skule og høgare utdanning². For aldersgruppa 25-29 år og 30-39 år har det vore ein nedgang i delen med vidaregåande skule og ein tilsvarande auke i delen med grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå dei siste ti åra.

Regionale forskjellar i utdanningsnivået hos unge vaksne

Tabell 2.1.1: Del unge (25–29 år) med vidaregåande skule eller meir utdanning i Vestland, etter sentralitet (sjå vedlegg). Kjelde: Regionale utviklingstrekk, KMD. 2018


Sentralitet	Mest sentral					Minst sentral				
	2	3	4	5	6	2	3	4	5	6
Vestland	83,2	77	76,7	79,7	81					

Delen unge vaksne med minimum vidaregåande utdanning er høgst i Bergen, som etter SSB sin sentralitetsindeks (sjå vedlegg) er den mest sentrale kommunen i fylket. I dei mellomsentrale kommunane³ (nivå 3 og 4) er det eit fall i delen med minimum vidaregåande utdanning før delen aukar igjen i dei minst sentrale kommunane. Det betyr at nesten ein fjerde del av dei unge i desse mellomsentrale kommunane står utan vidaregåande utdanning.

¹ Omfattar universitets- og høgskuleutdanning kort (inntil 4 år) og lang (meir enn 4 år).

² Norgeshelsa, Folkehelseinstituttet.

³ Omfattar mellom anna omlandskommunane til Bergen. Sjå vedlegg for meir informasjon om sentralitetsindeksen.



Figur 2.1.1: Høgaste fullførte utdanningsnivå 1991–2017. Universitet og høgskule, kort, omfattar høgare utdanning til og med 4 år. Universitet og høgskule, lang, omfattar høgare utdanning på meir enn 4 år, inkl. forskarutdanning. Kjelde: SSB tabell 08921


Fleire kvinner tek høgare utdanning

Sett under eitt har kvinner høgare utdanningsnivå enn menn. 38 prosent av kvinner i Vestland fylke har universitets- og høgskuleutdanning, og 36 prosent har vidaregående utdanning som høgaste fullførte utdanning. Blant menn er situasjonen motsett: 42 prosent har vidaregåande utdanning mot 29 prosent med universitets- og høgskuleutdanning som høgaste fullførte utdanning.



Utdanningsnivå og uføretrygd

I Risikoindeks for folkehelse (sjå vedlegg) er det identifisert fem samfunnsforhold som har signifikant samanheng med graden av uføretrygd i norske kommunar. Blant desse er del grunnskuleutdanna 30-39-åringar den faktoren som, saman med snittalder, i størst grad er knytt til uføregrad i ein kommune.




Figur 2.1.2: Delen kvinner og menn med vidaregåande og høgare utdanning i befolkninga over 16 år. Utrekna for Vestland. Prosent. Kjelde: SSB tabell 08921

2.2 KOMPETANSE OG REKRUTTERING

Stadig fleire sysselsette med lang høgare utdanning


Dei siste ti åra har det vore stor vekst i tal sysselsette med høgare utdanning. Særleg har det vore stor vekst i sysselsette med lang høgare utdanning; master- og doktorgradsnivå. Fram til 2030⁴ er det venta auka etterspurnad etter arbeidskraft som har høgskule- og universitetsnivå, samt yrkesfagleg utdanning frå vidaregåande. Det er venta fallande etterspurnad etter utdanningar på lågare nivå, vidaregåande (utanom yrkesfag) og grunnskule. Med auka automatisering vil fleire jobbar truleg forsvinne og det er særleg sysselsette med lågt utdanningsnivå som har høgst sannsyn for å miste jobbane sine⁵.



Figur 2.2.1: Del sysselsette etter utdanningsnivå. Prosentvis utvikling sidan 2007. Busett i Vestland.
Kjelde: SSB tabell 11615

Fag- og yrkeskompetanse er ettertrakta

Den registrerte sysselsettinga seier noko om trendane for dei ulike utdanningsnivåa, men det er vanskeleg å vurdere kva som faktisk er ønska kompetanse. I NHO sitt kompetansebarometer (NIFU, 2018) er det interessant at flest av medlemsbedriftene i Vestland svarar at dei har behov for arbeidskraft med fag- og yrkesopplæring og fagskuleutdanninger dei neste fem åra.



Figur 2.2.2: Kompetansebehov etter utdanningsnivå. Prosent av NHO-medlemsbedrifter som i nokon grad eller i stor grad har behov for å rekrutttere personale med eit bestemt utdanningsnivå. Vestland. Kjelde: NHO kompetansebarometer 2018.

4 Cappelen m.fl. (2013): Forecasting demand and supply of labour by education. SSB rapport 2013/48. Oslo

5 NOU 2016:3. Ved et vendepunkt: Fra ressursøkonomi til kunnskapsøkonomi – produktivitetskommisjonens andre rapport. Finansdepartementet

Fylket manglar opp til 5 400 personar

Ifølge NAV si bedriftsundersøking for 2018 er det estimert ein mangel på arbeidskraft på mellom 2 800 og 5 400 personar i Vestland fylke. Høvesvis 14 og 11 prosent av verksemduene i Hordaland og Sogn og Fjordane har alvorlege rekrutteringsproblem. Det vil sei at verksemdua anten har mislykkast i å rekruttere, eller har tilsett nokon med manglende eller annan formell kompetanse. Indikatoren (tabell 2.2.1) viser forholdet mellom den

estimerte mangelen av arbeidskraft og ønska sysselsetting. Indikatoren uttrykker gjerne kor stor del den estimerte mangelen utgjer av den ønska sysselsettinga. Eit høgt forholdstal indikerer ein stram arbeidsmarknad. I 2018 hadde Sogn og Fjordane eit forholdstal på 1,7, som er på nivå med heile landet. I Hordaland er indikatoren på 1,2, som viser ein mindre stram marknad. Dette kan likevel variere mellom næringer og yrkesgrupper.

Tabell 2.2.1: Estimert mangel på arbeidskraft etter fylke. Kjelde: NAV bedriftsundersøking 2018

	Mangel på arbeidskraft i antal personar	95% konfidens-intervall for estimert mangel, nedre grense	95% konfidens-intervall for estimert mangel, øvre grense	NAV stramhets-indikator	Del verksemder med alvorlege rekrutteringsproblem
Oslo	8 500	4 602	12 904	2,3	13 %
Akershus	4 250	3 105	5 289	1,4	17 %
Trøndelag	4 150	2 778	4 906	1,8	10 %
Nordland	4 050	3 238	5 102	3,3	19 %
Hordaland	3 100	2 260	4 141	1,2	14 %
Troms	2 450	1 607	3 326	2,8	17 %
Østfold	2 400	1 884	3 082	1,8	15 %
Buskerud	2 300	1 452	3 108	1,6	10 %
Rogaland	1 800	1 392	2 525	0,8	9 %
Møre og Romsdal	1 650	1 302	2 107	1,3	13 %
Hedmark	1 550	1 136	1 992	1,6	10 %
Finnmark	1 450	1 067	1 911	3,8	18 %
Vestfold	1 400	1 053	1 797	1,2	11 %
Telemark	1 200	849	1 518	1,4	14 %
Aust-Agder	1 200	809	1 722	2,2	11 %
Oppland	1 100	860	1 309	1,2	11 %
Sogn og Fjordane	950	603	1 283	1,7	11 %
Vest-Agder	850	614	1 122	1,0	9 %
Totalt	44 400	39 068	49 110	1,7	13 %

2.3 VIDAREGÅANDE SKULE

Tal på skular og elevar i Hordaland og Sogn og Fjordane, 2017/2018

Fylke	Program	Tal på elevar	Tal på skular
Hordaland	Alle utdanningstypar	18 926	46
	Studieførebuande	11 880	
	Yrkessfagleg	7 046	
Sogn og Fjordane	Alle utdanningstypar	4 229	13
	Studieførebuande	2 448	
	Yrkessfagleg	1 781	
Totalt		23 155	59

Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet

Jenter på studieførebuande program har høgast gjennomføringsgrad

Tabell 2.3.1 viser kor mange av dei som starta på vidaregåande skule i 2012 som fem år seinare hadde fullført utdanninga. I Vestland fylke gjennomfører tre av fire elevar innan fem år. Det er på nivå med gjennomsnittet for Noreg. ni av ti elevar på studieførebuande program, og seks av ti elevar på yrkessfagleg program gjennomfører innan fem år. For begge program er det mellom fire og sju prosentpoeng høgare gjennomføringsgrad for jenter. (sjå figur 2.3.1)

Tabell 2.3.1: Del elevar som har fullført vidaregåande opplæring fem år etter dei starta i 2012, etter fylke. Tal for alle program totalt, studieførebuande og yrkessfagleg program. Tala omfattar både private og offentlege skular. Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet

	Alle program	Studieførebuande	Yrkessfaglege	Endring 2011/2012
Akershus fylke	79,7	90,7	64,1	1,5
Oslo fylke	78,4	85,4	59,9	2,5
Sogn og Fjordane fylke	76,8	90,9	62,7	-0,6
Rogaland fylke	76,7	88,8	65,5	1,7
Vest-Agder fylke	75,7	89,6	64,1	1,1
Møre og Romsdal fylke	75,1	89,3	62,8	0,1
Telemark fylke	74,2	88,3	61	0,2
Vestfold fylke	74	88,2	56,9	2,3
Hordaland fylke	73,9	87,8	59,3	1,6
Oppland fylke	73,7	89,2	58,8	2,6
Buskerud fylke	73,5	83,7	62	0,7
Sør-Trøndelag fylke (utgått)	73,5	85,6	61	1,8
Nord-Trøndelag fylke (utgått)	73,4	90,5	61,8	0,6
Aust-Agder fylke	73,4	86,5	62,3	1,6
Hedmark fylke	72,8	88,7	57,3	2,5
Østfold fylke	71,8	87,6	56,7	1,8
Troms Romsa fylke	68,8	85,3	52,8	2,1
Nordland fylke	66,8	83,6	53,7	0,7
Finnmark fylke	60,8	75,8	49,9	-2,3
Heile landet	74,5	87,5	60,3	1,5

Svakast progresjon på yrkesfag



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke truleg ligg signifikant betre an enn landsnivået når det gjeld fråfall i vidaregåande skule. Merk at landsnivået er høgt (21 prosent fråfall), så det er ikkje gitt at ein skal vere nøgd med desse resultata.

Progresjonen for elevane som starta på vidaregående i 2012 låg for begge fylka nært gjennomsnittet for Noreg. Om lag 20 prosent av dei som starta på yrkesfag i 2012 hadde sluttat fem år seinare. Tilsvarande for studieførebuande opplæring låg mellom 2,5 og 3,7 prosent for fylka.

Sogn og Fjordane hadde (sjå figur 2.3.2) høgare gjennomføringsgrad på yrkesfag enn Hordaland, men også ein større del elevar som sluttat. Hordaland har også ein større del elevar som fullførte utan å bestå, eller som fullførte med den planlagde grunnkompetansen.

Fleire ut i lære i Sogn og Fjordane

Figur 2.3.3 viser kva elevane som var ferdig med Vg2 i 2016 gjorde i 2017. Samanlikna med Hordaland og gjennomsnittet for Noreg, gjekk ein høgare del av yrkesfagslevene i Sogn og Fjordane ut i lære, og ein lågare del byrjar på påbygging til studiekompetanse. 38,3 prosent av elevane


i Hordaland og 44 prosent av elevane i Sogn og Fjordane gjekk over i lære. 24,2 prosent av elevane i Hordaland, mot 13,5 prosent i Sogn og Fjordane gjekk over til påbygging til generell studiekompetanse.

Låge mobbetal

4,3 prosent av elevane i Hordaland og 3,7 prosent av elevane i Sogn og Fjordane svarar at dei blir mobba to til tre gongar i månaden. Dette inkluderer mobbing frå medelevar, mobbing digitalt (på skulen) og/eller mobbing frå vaksne på skulen. Tal for begge fylka ligg under landsnittet på 5,1 prosent. Hordaland ligg litt høgare enn Sogn og Fjordane, men utviklinga har vore forskjellig dei to siste skuleåra. I Sogn og Fjordane har delen som blir mobba gått opp 0,3 prosentpoeng, mens i Hordaland har det vore ein nedgang på 0,6 prosentpoeng.

Tabell 2.3.2: Tabellen viser delen elevar på Vg1 som svarer at dei blir mobba av medelever, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2–3 gonger i månaden eller oftare.
Kjelde: Elevundersøkinga, Utdanningsdirektoratet.

	Fylke	2016–17	2017–18
Mobbing på skulen	Hordaland	4,9	4,3
	Sogn og Fjordane	3,4	3,7




Figur 2.3.1: Del elevar som har fullført vidaregåande opplæring fem år etter dei starta i 2012, etter fylke og kjønn. Tal for studieførebuande og yrkesfagleg program. Tala omfattar både private og offentlege skular.
Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.

Positiv utvikling over tid


Sjølv om det kvart år er mange som sluttar på vidaregåande, veit vi at mange av desse kjem inn igjen i opplæring og fullfører utdanninga si, mellom anna gjennom vaksenopplæring. I eit lengre perspektiv er det difor like interessant å sjå på utviklinga hjå dei som står utanfor. Prosentsdelen av dei mellom 16 og 25 år som ikkje er i, eller har bestått, vidaregåande opplæring har gått svakt og jamnt nedover dei siste åra. Både Hordaland og Sogn og Fjordane ligg i dag under gjennomsnittet for Noreg, med høvesvis 14,2 og 11,9 prosent utan eller utanfor vidaregåande opplæring i denne aldersgruppa (sjå figur 2.3.4).

Det er ein samanheng mellom foreldre sitt utdanningsnivå og elevar si fullføring av vidaregåande skule. Nasjonale tal for 2016 viste at det var om lag 13 prosent fråfall hos elevar som hadde foreldre med universitets- eller høgskoleutdanning. Blant elevar av foreldre med grunnskoleutdanning var fråfallet om lag 41 prosent.


Kjelde: Folkehelseinstituttet. 2018. «Barn og unges helse: oppvekst og levekår». <https://www.fhi.no/nettpub/hin/grupper/barn-oppvekst/#fra-fall-i-videregaaende-oppleraing> Lasta ned 12.11.2018



Figur 2.3.2: Gjennomstrøyming for elevar i vidaregåande skule etter fullføringsgrad, både offentlege og private skular. Elevane starta i 2012. Fullføringsgraden er målt fem år etter (2017). Tal for Hordaland, Sogn og Fjordane og Noreg.
Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.



Figur 2.3.3: Overgangar frå Vg2 for elevar på yrkesfag. Tal i prosent, 2017. Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.



Figur 2.3.4: Del av befolkninga mellom 16 og 25 år som ikkje er i eller ikkje har bestått vidaregåande skule. Tal frå 2010 til 2017 for Noreg, Hordaland og Sogn og Fjordane. Kjelde: Skoleporten

2.4 GRUNNSKULE

Ein fjerdedel på lågaste nivå i lesing



Folkehelsebarometret 2018 (sjå vedlegg) viser at fylket truleg ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået når det gjeld lågaste meistringsnivå i lesing i 5. klasse. Når det gjeld rekning skil fylket seg truleg ikkje signifkant frå landsnivået.

Ein fjerdedel av elevane i Hordaland og Sogn og Fjordane er på det lågaste nivået for lesing i femte klasse. Tala frå dei nasjonale prøvane viser at delen har vore stabil sidan perioden 2011/12–2013/14. Forskjellane mellom kommunane er relativt store. Medan fire av ti er på det lågaste nivået i kommunane Sund, Austrheim, Selje, Sveio og Radøy, er det færre enn ein av fem elevar som er på det lågaste nivået i Vik, Førde og Jølster.

Færre slit med rekning

Tala for rekning viser at det er ein mindre del av elevane som er på det lågaste nivået for rekneferdighet enn tidlegare i Vestland fylke. Delen som slit med rekning er litt redusert i begge fylka frå perioden 2011/12–2013/14 til 2014/15–2016/17. Reduksjonen er størst i Hordaland.

Blant kommunane er det i Førde og Vik færre enn ein av ti elevar på det lågaste nivået for meistring, medan fleire enn fire av ti elevar i Naustdal og Austrheim er på dette nivået.


Samanheng mellom lesemeistring og grunnskulepoeng

Utdanningsdirektoratet har undersøkt resultata frå dei nasjonale prøvane for lesing i 5. klasse og prestasjonane i grunnskulen målt i grunnskulepoeng. Det er ein forskjell på 14 grunnskulepoeng mellom dei ti prosentane av elevane som presterte høgst og dei ti prosentane som presterte lågast. Svake prestasjoner i grunnskulen får direkte konsekvensar for gjenomføringa i vidaregåande. Blant elevar som hadde mellom 30 og 34 grunnskulepoeng i 10. klasse gjennomfører 55 prosent innan normert tid.

Kjelde: *Utdanningsspeilet 2017*, Utdanningsdirektoratet.

Fleire enn åtte av ti elevar trivst på skulen

Tala for trivsel i grunnskulen viser at eit stort fleirtal svarer at dei trivst på skulen, men det er forskjellar i Vestland fylke. Tala på noverande fylkesstruktur viser at Hordaland ligg under landsnittet og Sogn og Fjordane ligg over. Utviklinga over tid viser at delen i Sogn og Fjordane har ein nedgåande trend, frå 89 til 87 prosent. På kommunenivå er det eit spenn på over 20 prosentpoeng mellom topp og botn i fylket kva gjeld trivsel. I Sogndal svarar 94 prosent at dei trivst på skulen, mens i Ulvik er den tilsvarande delen 71 prosent. Blant kommunane på botn er trenden sidan treårsperioden 2009/10–2014/15 nedgåande.



Figur 2.4.1: Del elevar som er på det lågaste meistringsnivået for lesing og rekning. 5. trinn. Tal frå nasjonale prøvar. Hordaland, Sogn og Fjordane. Tre års glidande gjennomsnitt. Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank. Folkehelseinstituttet.

Når det gjeld mobbing svarar høvesvis 6,1 og 7,3 prosent av elevane i Hordaland og Sogn og Fjordane at dei blir mobba på skulen. Til samanlikning er landssnittet på 7,1 prosent. Utviklinga dei to siste skuleåra viser at det har vore ein auke på 0,8 prosentpoeng i Sogn og Fjordane og ein nedgang på 0,4 prosentpoeng i Hordaland. Generelt minkar mobbinga utover i skuleløpet slik at tala for grunnskulen er litt høgare samanlikna med vidaregåande.

Tabell 2.4.1: Tabellen viser delen elevar på 7. trinn som svarer at dei blir mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2–3 gonger i månaden eller oftare.
Kjelde: Elevundersøkinga, Utdanningsdirektoratet.

	Fylke	2016–17	2017–18
Mobbing på skulen	Hordaland	6,6	6,1
	Sogn og Fjordane	6,5	7,3


Samanheng mellom trivsel i 10. klasse og foreldre sin arbeidssituasjon

Ein regresjonsanalyse gjennomført i 2015 viste ein samanheng mellom 10.-klassingar sin trivsel og låge leseferdigheiter, oppleving av mobbing, samt arbeidsløyse og uførretrygd i foreldregenerasjonen. Dess meir av desse forholda, dess mindre trivsel i 10. klasse. Det var arbeidsløyse i foreldregenerasjonen som spelte mest inn.

Kjelde Folkehelsa i Hordaland 2015



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke truleg ligg signifikant därlegare an enn landet når det gjeld trivsel i 10. klasse.



Figur 2.4.2: Trivsel blant elevar i 10. klasse.
Glidande gjennomsnitt over tre år. Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank, Folkehelseinstituttet.

2.5 BARNEHAGE

Regionale forskjellar i barnehagedekninga

Barnehagedekninga i Hordaland og Sogn og Fjordane er høgare enn for landet samla, både blant dei små borna (1–2 år), og blant dei store borna (3–5 år). Sogn og Fjordane har generelt ei høgare dekning for begge aldersgrupper. Ei forklaring på forskjellane i dekninga kan vere at

ein høgare del av minoritetsspråklege born går i barnehage i Sogn og Fjordane samanlikna med Hordaland. 76 prosent av dei minoritetsspråklege i Hordaland går i barnehage mot 88 prosent i Sogn og Fjordane.

Tabell 2.5.1: Barnehagedekninga generelt og barnehagedekninga blant minoritetsspråklege i Hordaland, Sogn og Fjordane og Noreg i 2017. Kjelde: SSB tabell 11929.

	Born 1–2 år i barnehage, i høve innbyggjarar 1–2 år (prosent)	Born 3–5 år i barnehage, i høve innbyggjarar 3–5 år (prosent)	Minoritetsspråklege born i barnehage i høve innvandrarborn 1–5 år (prosent)
Hordaland	83,7	97,6	76,4
Sogn og Fjordane	84,6	99,2	88,1
Noreg	82,5	97	81,4





Sogn Jord- og Hagebrukskule

3 NÆRING OG ØKONOMI



3.1 Sysselsetting	24	3.5 Næringsklynger	31
3.2 Verdiskaping	27	3.6 Handel	33
3.3 Næringsstruktur	28	3.7 Import og eksport	35
3.4 Føretak	29	3.8 Forsking og utvikling	36

Sysselsetting er ein berebjelke i regionen. Å ha folk i arbeid gir vinstar både for individet og for samfunnet elles. For den enkelte gir inntekt økonomisk tryggleik til å leve eit godt liv. For bedriftene bidreg arbeidstakarar til å skape verdiar og å drive fram nyskapingar og innovasjonar. Vestland er eit ressursfylke der havet, landskapet og naturkraftene gir mange fortinn.

3.1 SYSELSETTING

Same sysselsettingsgrad som nasjonalt

Sysselsettingsgrada i Vestland fylke var i overkant av 66 prosent i 2017, tilnærma likt det nasjonale nivået same år.¹ Av totalt 58 kommunar i fylket², hadde 41 av kommunane lik eller høgare sysselsettingsgrad samanlikna med det nasjonale nivået i 2017. 10 av kommunane hadde ei sysselsettingsgrad på over 71 prosent (sjå figur 3.1.1).

I 2017 var sysselsettingsgrada i Vestland fylke og på landsbasis noko høgare hjå menn enn kvinner. Kor stor del av befolkninga som er i arbeid, varierer også mellom ulike aldersgrupper (sjå figur 3.1.2). Sysselsettingsgrada var høgst blant personar i alderen 20–66 år, og særskild for personar i alderen 25–54 år. Dette var tilfelle både i Vestland fylke og i resten av Noreg. Forskjellane i sysselsettingsgrad mellom menn og kvinner var størst blant personar i aldersgruppa 55 år og eldre.

Fallande sysselsettingsgrad

Frå 2008 til 2017 har del sysselsette i alderen 15–74 år i Vestland fylke gått ned med kring tre prosentpoeng. Utviklinga er tilnærma lik som nasjonalt. Kartet i figur 3.1.3 syner kva kommunar som hadde ei svakare (negative verdiar) og sterkeare (positive verdiar) utvikling i denne perioden, samanlikna med den nasjonale utviklinga.

To av 58 kommunar i fylket opplevde same utvikling som resten av landet, medan 33 kommunar hadde ei svakare negativ utvikling.


Av dei resterande 23 kommunane som opplevde ei betre utvikling enn nasjonalt i perioden 2008–2017, hadde berre Eidfjord og Modalen vekst i sysselsettingsgrada.

1 Sysselsettingsgrad for personar i alderen 15–74 år.


2 Det er 58 kommunar i Vestland fylke per 2018. Hornindal går over til Møre og Romsdal i 2020, og er difor ikkje med i denne statistikken. Etter kommunesamslåinga som vil tre i kraft i 2020, vert vi 43 kommunar.

Lågare sysselsetting blant personar med nedsett funksjonsevne


17 prosent av befolkninga i Noreg har nedsett funksjons-
evne i 2018. Samanlikna med befolkninga som heilheit,
er sysselsettingsgrada blant personar med nedsett funk-
sjonsevne betydeleg lågare. 44 prosent av denne gruppa
i alderen 15–66 år var sysselsett 2. kvartal 2018 i Noreg.
Nivået har vore stabilt dei siste åra, men med ei svak positiv
utvikling. Sysselsettingsgrada for personar med nedsett
funksjonsevne har auka med 1.2 prosentpoeng sidan
2013.³ Utdanningsnivå har positiv effekt på sysselsettings-
grada for personar med nedsett funksjonsevne, endå meir
enn for befolkninga som heilheit.⁴ Av delen av befolkninga
med nedsett funksjonsevne, er sysselsettingsgrada hos
menn med universitets- og høgskuleutdanning (1–4 år) på
nivå med sysselsettingsgrada for alle menn i befolkninga
med grunnskule som høgaste utdanningsnivå. Menn med



Figur 3.1.1: Sysselsettingsgrad (15–74 år) per kommune i Vestland fylke, 2017. Kjelde: SSB tabell 06445.



Figur 3.1.2: Gjennomsnittleg sysselsettingsgrad for ulike aldersgrupper i 2017. Kjelde: SSB, tabell 06445.



Figur 3.1.3: Utvikling i sysselsettingsgrad per kommune, relativt til den nasjonale utviklinga, i perioden 2008–2017.
Merk: Utviklinga fra 2014 til 2015 er ikke rekna med, då statistikken fra 2015 byggjer på nye datakjelder (a-ordninga).
Kjelde: SSB tabell 06445.

3 SSB, tabell 09357.

- 3. *SSB, tabell 05597.*
- 4. «Arbeid og aktivitet», Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. 2015. Lest 27.08.18. https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Nedsatt_funksjonsevne/Arbeid/

nedsett funksjonsevne som har lengre universitets- og høgskuleutdanning (meir enn 4 år) har litt lågare sysselsettingsgrad enn alle menn i befolkninga med vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå. Hos kvinner er tendensen lik, men variasjonen er noko mindre.⁵ Grunna lite datagrunnlag, er det ikkje tilgjengeleg statistikk på sysselsetting blant personar med nedsett funksjonsevne på fylkes- eller kommunenivå.

Færre innvandrarar deltek i arbeidslivet


Gjennomsnittleg sysselsettingsgrad blant innvandrarar i Vestland fylke har utvikla seg svakt negativt dei siste ti åra. I 2017 var den på kring 62 prosent,⁶ mot 66 prosent for heile befolkninga. 38 av 58 kommunar i Vestland fylke hadde lik eller høgare sysselsettingsgrad blant innvandrarar, samanlikna med det nasjonale nivået. Generelt sett er sysselsettingsgraada blant kvinnelege innvandrarar lågare, samanlikna med menn i same gruppe. Dette er tilfelle både i Vestland fylke og nasjonalt.

Tabell 3.1.1: Dei fem kommunane med høgast og lågast sysselsettingsgrad (uavhengig av kjønn) blant innvandrarar (15-74 år) i Vestland fylke i 2017. Sysselsettingsgrad for både menn og kvinner i dei ti aktuelle kommunane er også oppgitt. Kjelde: SSB, tabell 11607.

Sysselsettingsgrad i prosent			
Størst	Totalt	Menn	Kvinner
Gulen	75,1	77,5	72,6
Modalen	75	-	-
Eidfjord	72,5	75,8	70,2
Austevoll	72,2	75,8	68,4
Gaular	70,2	73,3	65,9
Minst			
Fjaler	34,5	35,7	33,7
Hyllestad	48,4	43,6	59,2
Vaksdal	54,9	56,3	53,2
Fedje	55,6	-	70,6
Sogndal	56,3	58,8	52,7

Dei fleste trivst på jobb

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 syner at variasjonen i delen som trivst på jobb varierer lite mellom grupper fordelt på kjønn og utdanningsnivå. I alle gruppene var delen som svarte at dei trivst på jobb over 75 prosent. Blant dei med grunnskule som høgste oppnådde utdanningsnivå var delen kvinner som trivst på jobb noko høgare enn delen menn. Det same gjaldt i gruppa med universitetsutdanning over fire år. For gruppa med vidaregåande skule og gruppa med høgare utdanning kortare enn fire år var delen menn som trivdes på jobb noko høgare enn delen kvinner.



Figur 3.1.4: Delen av dei sysselsette som trivst på arbeid. Fordelt etter kjønn og utdanningsnivå. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland, 2018


5 Kjelde: Olsen, B., and M. Thi Van. «Funksjonshemmde på arbeidsmarkedet» i Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt. Dahl, E. 2014.

6 Gjennomsnittleg sysselsettingsgrad blant innvandrarar i Noreg var 61 prosent i 2017.

3.2 VERDISKAPING

Størst verdiskaping innan finansnæringa

Verdiskapinga i Vestland er størst innan næringane finansiering og forsikring, helse og sosialtenester, industri, energiforsyning og transport. Dei same næringane utmerkar seg med omsyn til Vestland sin del av verdiskapinga i landet totalt. Innan transport og lagring utgjer verdiskapinga i Vestland nesten 45 prosent av verdiskapinga nasjonalt. Hovudårsaka til dette er den høge verdiskapinga innan utanriks sjøfart. Også innan finansiering og forsikring er Vestland sitt bidrag til den nasjonale verdiskapinga svært sterk.



Figur 3.2.1: Verdiskaping i Vestland fylke fordelt etter næring. Absolutte tal og Vestlandet sin del av nasjonal verdiskaping 2017.
 Kjelde: SSB tabell 11713..


3.3 NÆRINGSSTRUKTUR

Tenesteyting i privat sektor, følgd av sekundærnæringer og helse- og sosialtenester, utgjorde dei viktigaste næringane med omsyn til sysselsetting i Vestland fylke i 2017. Næringsstrukturen i fylket er svært lik den nasjonale.

Tenesteyting sentralt. Jordbruk, fiskeri og industri i distrikta

Kor stor del av den aktive arbeidsstyrken som er sysselsett i kvar næring, varierer i ulike delar av Vestland. Ved å skilje mellom meir og mindre sentrale strok, får vi eit meir detaljert oversyn over situasjonen i fylket.⁷

I dei mest sentrale stroka av Vestland, og då særskilt for sentralitetsnivå 2 som berre omfattar Bergen kommune, er det varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finans- og forretningsmessige tenester og eigedom som utgjer den viktigaste næringsgruppa. I dei mindre sentrale kommunane utgjer sekundærnæringane om lag 25 prosent av den sysselsette folkesetnaden, samanlikna med berre 17 prosent i Bergen. Likeeins er delen som er sysselsett innan jordbruk, skogbruk og fiskeri høgare jo lågare sentralitetsnivået til kommunane er. Delen som er sysselsette innan offentleg administrasjon, forsvar og sosialforsikring, undervisning, helse- og sosialtenester og personleg tenesteyting er nokså lik uavhengig av sentralitetsnivå. Næringsstrukturen for Vestland fylke har endra seg lite dei siste ti åra.



Figur 3.3.1: Del sysselsette (15–74 år) etter arbeidsstad innan ulike næringar i Noreg, Vestland fylke og på kvart sentralitetsnivå i Vestland i 2017, oppgjeven i prosent. Kjelde: SSB tabell 07984.

⁷ Sjå vedlegg nr. 3 om sentralitetsindeksen.

3.4 FØRETAK

Sidan 2009 har talet nyetablerte føretak i Vestland fylke auka for kvart år, etter nokre år med fallande trend mellom 2006 og 2008. Dei siste tre åra har talet nyetableringar vore høgare enn nokon gong. I 2017 blei det til saman etablert 6 700 nye føretak i fylket. Utviklinga varierer noko mellom kommunane, men dei fleste kommunane i fylket har nådd rekordhøge tal for nyetableringar dei siste par åra. Det er dei tenesteytande næringane som har hatt den sterkeste veksten, men dei fleste næringar har hatt positiv utvikling.


Mengda føretak veks i dei fleste kommunar

Talet på nyetableringar, saman med talet nedleggingar, avgjer korleis mengda av føretak utviklar seg. I 12 av kommunane i Vestland fylke har mengda føretak med tilsette vokse med over 25 prosent sidan 2008. I 24 kommunar har

veksten vore mellom 10 og 25 prosent, medan veksten har vore under 10 prosent i ni kommunar. Berre ein av kommunane i fylket hadde færre føretak med tilsette i 2017 enn i 2008. Utviklinga i kommunane samvarierer i liten grad med sentralitet eller folketal i kommunane.

Nyetablerte føretak i Vestland skapar fleire arbeidsplassar enn nasjonalt

Føretaka som blei etablert i Vestland fylke mellom 2005 og 2010 skapte i gjennomsnitt 1,8 arbeidsplassar i sitt første overlevingsår, om lag 2,4 arbeidsplassar det tredje overlevingsåret og 2,8 i det femte overlevingsåret. Nyetableringane i Vestland fylke hadde noko sterkeare syselsetting enn tilsvarende føretak i heile landet, men nådde ikkje det høgste nivået blant fylka i landet (sjå figur 3.4.1).



Figur 3.4.1: Sysselsette per overlevde føretak. Føretak etablert mellom 2005 og 2010. 1. til 5. overlevingsår. Kjelde: SSB tabell 06707.


Like stor del tilsett i nyetablerte føretak som i landet under eitt

Etableringsrata, målt som tilsette i nyetableringar per 1000 personar i arbeidsstyrken, har dei siste ti åra for det meste halde seg mellom 5 og 6 personar. Hovudsakleg har altså veksten i talet nyetableringar, som nemnd over, samanheng med veksten i folketalet og i mindre grad at sjølvé etableringsfrekvensen har auka. I tiårsperioden etter 2008 sett under eitt, har etableringsrata i Vestland fylke lege noko under, men nært opp til nivået nasjonalt (sjå figur 3.4.2).

I Bergen kommune har delen av arbeidsstyrken som er tilsett i nye føretak vore høg dei siste åra, elles er det lite samvariasjon mellom dette og kommunane sin sentralitet (sjå vedlegg).

Tabell 3.4.1: Tilsette i nyetablerte føretak per 1000 personar i arbeidsstyrken. Fordelt etter kommunane sin sentralitet

Sentralitetsnivå	Tilsette i nyetablerte føretak. Per 1000 personar i arbeidsstyrken. Gjennomsnitt 2010–17
2 (Bergen kommune)	7,0
3	3,5
4	4,5
5	4,6
6 (minst sentrale kommunar)	5,1




Figur 3.4.2: Tilsette i nyetablerte føretak per 1000 personar i arbeidsstyrken.

Mange jobbar i små og mellomstore føretak

Meir enn ein tredjedel av arbeidstakarane i Vestland fylke er tilsett i føretak med færre enn 20 tilsette. Ein knapp tredjedel er tilsett i føretak med mellom 20 og 99 tilsette, medan den siste tredjedelen er tilsett i føretak med meir enn 100 tilsette. Denne fordelinga har vore svært stabil dei siste ti åra.

Samanlikna med heile landet er det betydeleg større delar av dei tilsette i Vestland som er tilsett i små og mellomstore føretak. I landet sett under eitt er 44 prosent tilsett i føretak med meir enn 100 tilsette, samanlikna med 33 prosent i Vestland.




Figur 3.4.3: Sysselsette fordelt etter storleiken på føretaka dei er tilsett i. Kjelde: SSB tabell 07195.

3.5 NÆRINGSKLYNGER

Samfunnsøkonomisk analyse⁸ har på oppdrag for Vestlandsrådet gjort ei analyse av eit utval næringsklynger på Vestlandet. Med næringsklynger meinar ein samlingar av verksemder innan ei definert næring som er spesielt sterkt i eit geografisk område.

Analysen omfattar følgjande næringsklynger: marin, maritim, fornybar energiproduksjon og ikkje-fornybar energiproduksjon. Karta i figur 3.5.1–3.5.4 syner regionale styrkeposisjonar innanfor desse klyngene. Ein kommune vert rekna som å ha ein regional styrkeposisjon dersom det er (1) fleire enn 25 årsverk tilsett i næringa, og (2) at næringa er overrepresentert i kommunen samanlikna med næringsstrukturen nasjonalt. Alle næringsklyngene er vidare analysert i ei meir finmaska oppdeling av verdikjeda.




Figur 3.5.1: Styrkeposisjonar innan marin næring.

Marin næring

Den marine næringsklynga består av næringsverksemder som er knytt til fiskeri og havbruk. Askvoll er den einaste kommunen som har ein styrkeposisjon innan fiskeri. Selje, Osterøy, Austrheim, Sund og Os har styrkeposisjonar innan fiskeforedling. Mange kommunar i Vestland fylke, både langs kysten og langs fjordane, har styrkeposisjonar innan oppdrett. Flora og Vaksdal har styrkeposisjonar innan förproduksjon, og Bergen, Askøy og Fjell har styrkeposisjonar innan utstyrsvleverandørverksemde.

Martitim næring

Den maritime næringa er hovudsakleg knytt til støttetennestar for petroleumsnæringa, men fungerer også som støttefunksjonar til den marine næringa. Askvoll, Leikanger, Fedje, og Sund har styrkeposisjonar innan rederi. Gloppe, Hyllestad, Austrheim, Kvam og Stord har styrkeposisjonar innan skipsverft. Innan tenesteleveranse har Vågsøy, Stryn, Gulen, Øygarden, Austevoll og Odda styrkeposisjonar, medan Flora, Førde, Gauldal, Bergen, Meland, Kvinnherad og Bømlo har styrkeposisjonar innan utstyrsvleverandørar.



Figur 3.5.2: Styrkeposisjonar innan maritim næring.


8 "Nøkkeltall Vestlandet 2017". 68-2017. Oslo: Samfunnsøkonomisk analyse AS.

Fornybar energi

Næringsklynga fornybar energiproduksjon omfattar produksjon og distribusjon basert på dei fornybare energikjeldene vatn, vind og biogass. Mange kommunar i indre strok av Vestland har styrkeposisjonar innan produksjon av fornybar energi. I tillegg har Flora, Sogndal, Vik, Lindås, Austevoll, Bømlo, Etne, Odda og Kvinnherad styrkeposisjonar innan distribusjon. Fjell har ein styrkeposisjon innan tenesteleverandørverksemd, medan Bergen har det som utstrysleverandør.

Ikkje-fornybar energi

Næringsklynga innan ikkje-fornybar energiproduksjon omfattar hovudsakleg petroleumsnæringa, vidarefordeling, og nokre støttetenester knytt til desse næringane. Lindås har ein styrkeposisjon innan foredling. Flora, Austevoll og Fitjar har styrkeposisjonar innan tenesteleverandørverksemd. Elles har Bremanger, Høyanger, Årdal, Meland, Fjell, Fusø, Bømlo, Stord og Odda styrkeposisjonar innan utstrysleverandørverksemd. Bergen har styrkeposisjon innan utvinning.




Figur 3.5.3: Styrkeposisjonar innan fornybar energi

Grøne satsingar i næringslivet

Næringslivet i Vestland fylke gjer betydelege investeringar i miljøvennlege og “grøne løysingar”, og spesielt innan dei marine og maritime næringsklyngene. Vi har føretak som utviklar fullektriske skip, hydrogendrivne passasjerbåtar og bygging av el-ferjer. I tillegg er det ei rekke føretak som leverer produkt og tenester til bygging av miljøvennlege fartøy. Innan oppdrettsnæringa og fiskeri er det opna eit nytt landbasert anlegg med ny resirkuleringsteknologi for vatn. Vidare er det satsingar innan hydrogendrivne fiskefartøy, og fleire aktørar i fiskeindustrien og oppdrettsnæringa planlegg å bruke biologisk restråstoff for å produsere energi.

På grunn av mangefull statistikk på dette området, er det utfordrande å vise til storleik på investeringar i fylket og effektane av desse satsingane for verdiskaping og sysselsetting. Likevel er utviklinga verdifull å trekke fram, særskilt med tanke på Noreg sine forpliktingar til kutt i klimagassutslepp dei komande åra.⁹



Figur 3.5.4: Styrkeposisjonar innan ikkje-fornybar energi

9 Noreg har forpliktja seg til å kutte klimagassutslepp med opp mot 40 prosent innan 2030 og verte eit lågutsleppssamfunn innan 2050.


3.6 HANDEL

Mest omsetting i dei største kommunane

Omsettinga innan handel heng tett saman med folketalet i kommunane og det kringliggande handelsområdet. Bergen åleine utgjorde heile 46 prosent av den totale omsettinga på over 21 milliardar kroner innan daglegvarerhandelen i Vestland i 2017. Innan detalvjarehandelen utgjorde Bergen sin del heile 60 prosent av den totale omsettinga same året. Elles er omsettinga høg i kommunane Fjell, Førde, Stord, Askøy, Voss og Lindås.

Tabell 3.6.1: Kommunane med høgst omsetting innan daglegvarer og detalvjarer i Vestland fylke. 2017. Kjelde: SSB/statistikk.ives.t.no/fylkesspegele

Kommunane med høgst omsetting innan daglegvarer	Omsetting mill. kr	Kommunane med høgst omsetting innan detalvjarer	Omsetting mill. kr
Bergen	9 995	Bergen	13 498
Fjell	911	Fjell	1 053
Askøy	859	Førde	1 014
Stord	715	Os	755
Lindås	699	Stord	754
Voss	669	Voss	625



Figur 3.6.1: Dekningsgrad for daglegvarer for kommunane i Vestland fylke 2017.
Kjelde: SSB/statistikk.ives.t.no/fylkesspegele


Størst handelsoverskot i Førde og Sogndal

Dekningsgrada for handel syner i kva grad omsettinga innan handel reflekterer folketalet i kommunane. I kommunar med handelsoverskot, altså der omsettinga er høgare enn folketalet skulle tilseie, antek vi at dette skuldast kundar frå andre kommunar. I kommunar med handelsunderskot, altså der omsettinga er lågare enn folketalet skulle tilseie, antek vi at det skuldast at innbyggjarane handlar utanfor heimkommunen.

Innan daglegvarer er dekningsgrada nøytral eller positiv i fleirtalet av kommunane i Vestland fylke. Dei fleste kommunar har eit handelstilbod for daglegvarer som er omfattande nok til at det ikkje er behov for å reise ut av kommunen for å handle. Kommunane med størst handelsunderskot innanfor daglegvarer er kommunar som ligg i randsonene kring dei mest sentrale tettstadane i fylket. Det er naturleg å forklare dette med at folk handlar daglegvarer i forbindelse med at

dei pendlar til dei sentrale stadane for å jobbe. Tilsvarende er det mange av dei sentrale stadane som Førde, Sogndal, Voss og Lindås, som har høgt handelsoverskot. Størst er handelsoverskotet i Aurland, noko som truleg skuldast turismen i denne kommunen.

Innan detaljvarer er det større skilnaden i dekningsgrada kommunane imellom. I dei minste kommunane er tilboden avgrensa og innbyggjarane handlar denne typen varer i andre kommunar. Kommunane med størst handelsoverskot innan detaljvarer er Førde, Sogndal, Bergen og Voss. Forklaringa på at handelsoverskotet er større i Førde og Sogndal enn i Bergen er truleg at fleire av kommunane kring Bergen sjølv har relativt godt handelstilbod. Det er ikkje tilfelle i nabokommunane til eksempelvis Førde og Sogndal.




Figur 3.6.2: Dekningsgrad for utvalsvarer for kommunane i Vestland fylke 2017.
Kjelde: SSB/statistikk.ivesn.no/fylkesspegegen

3.7 IMPORT OG EKSPORT


Eksportverdien fra Vestland fylke, målt i løpende priser, nådde 85 milliarder per november 2018. Aldri tidlegare er det blitt eksportert for høyere prisar ved samme målepunkt (sjå figur 3.7.1).

Fall i eksportverdien for brennstoff mellom 2014 og 2016 trekte den totale eksportverdien ned desse åra, men eksportverdien frå fisk auka i same periode og kompenserte for noko av nedgangen. Bidraget frå foredra varer har vore ganske stabilt dei siste åra.

Som del av eksportverdiane i landet som heilskap, er det spesielt innanfor brennstoff (olje og gass) at Vestland fylke bidreg sterkt. Om lag halvparten av eksportverdiane til landet innanfor denne varegruppa kjem frå Vestland. Bidraget er også sterkt for fisk, der Vestland står for over 20 prosent av eksportverdiane i landet.



Figur 3.7.1: Eksportverdi fordelt på næring. Vestland fylke.




Figur 3.7.2: Eksportverdi i Vestland fylke som prosent av nasjonal eksportverdi.

3.8 FORSKING OG UTVIKLING

Universitets- og høgskulesektoren dominerer

Figur 3.9.1 viser utviklinga i FoU-utgifter til universitets- og høgskulesektoren (UoH), instituttsektoren og næringslivet. Alle sektorane har hatt positiv utvikling frå 2011 til 2015, som er det siste målepunktet vi har på fylkesnivå. UoH er den mest dominerande sektoren. Frå 2013 til 2015 vaks sektoren med 18 prosent, som er ein høgare vekst enn åra før. Den høgaste prosentvise veksten hadde næringslivet med heile 39 prosent frå 2013 til 2015. Auken kom etter ein lengre periode med tilnærma null vekst. Instituttsektoren vaks med 25 prosent i same periode, som også er høgare enn for UoH sektoren.




Figur 3.9.1: FoU-utgiftar, Sogn og Fjordane og Hordaland akkumulert. Kjelde: NIFU, FoU Statistikkbanken.


Næringslivet i Vestland brukar minst på forsking og utvikling

Etter samanslåinga kjem store delar av FoU-utgiftene til å vere knytt til Oslo og Viken fylke. Blant dei fem fylka med høgast FoU-utgifter ligg Vestland an til å ha dei lågaste.

Figur 3.9.3 viser kor mange FoU-årsverk som jobbar i dei sju fylka som samla hadde flest FoU-årsverk i 2013. Sjølv om Vestland ikkje hadde høgare FoU-utgifter dette året, var det fleire som jobba med FoU i Vestland samanlikna med Rogaland og Vestfold og Telemark. 26 prosent av FoU-årsverka i Vestland jobba i næringslivet, 29 prosent jobba i instituttsektoren, og dei resterande 44 prosentane jobba i UoH-sektoren. Viken og Vestfold og Telemark er dei fylka som hadde høgast del årsverk i næringslivet, med høvesvis 62 og 79 prosent. Troms og Finnmark og Vestland var dei fylka med høgast del årsverk i UoH-sektoren med høvesvis 66 og 44 prosent.



Figur 3.9.2: Næringslivets årlege FoU-utgifter etter dei fem nye fylka med høgast utgifter i perioden 2003–2015. Kjelde: SSB tabell 11145.



Figur 3.9.3: FoU-årsverk etter sektor for dei 7 fylka med flest FoU-årsverk i 2013, ny fylkesinndeling. Kjelde: NIFU, FoU Statistikkbanken.

4 RISIKO OG SÅRBARHEIT



4.1 Radon	38	4.8 Antibiotikabruk	48
4.2 Støy	39	4.9 Vaksinasjonsdekning	49
4.3 Luftforureining	41	4.10 Skadar og ulykker	50
4.4 Klimagassutslepp	42	4.11 Vegtrafikkulykker	51
4.5 Geofare	44	4.12 Brannar	52
4.6 Drikkevavn	46	4.13 Kriminalitet	53
4.7 Smittsame sjukdommar	47	4.14 Trygge lokalsamfunn	54

Miljøet vi bur i gir ressursar og moglegheiter for både næringsliv og fritid, men det er òg sider ved omgjevnadene som kan ha negativ innverknad på folk og samfunn. Forureining og klimaendringar er faktorar som kan gjere stor skade og gjere endringar i miljøet.

Skadar og ulykker er den største dødsårsaka i Noreg for folk under 45 år. Ein god samfunnsstruktur kring beredskap og føre-var omsyn er nødvendig for å bevare gode og trygge samfunn.

ANNA

Fylkes-ROS er ein risiko- og sårbarheitsanalyse som gir oversikt over dei største utfordringane for samfunnstryggleiken i fylket. I fylkes-ROS er det føretatt ein vurdering av status på samfunnstrykkleik og beredskap, og fylket si evne til å førebyggje og handtere alvorlege uønska hendingar.

Fylkes-ROS peiker på ei rekke alvorlege hendingar som kan skje, men generelt er det trygt å bu og opphalde seg i Vestland fylke, og det har nok heller aldri vore tryggare.

Sjå:


Fylkes-ROS for Sogn og Fjordane, 2017

Fylkes-ROS for Hordaland, 2015

4.1 RADON

Radon vert kontinuerleg danna i jordskorpa frå naturlege radioaktive kjelder. Radon frigjer alfastråling, som kan medføre helsefare. Gjennomsnittleg årsmiddelverdi av radon i norske bustader er ca. 90 Bq/m³. Radonnivåa i norske heimar varierer svært mykje, og det er store geografiske variasjonar i omfanget av problemet. Det er òg stor variasjon over korte avstandar, og sjølv to nabohus kan ha svært ulik radonkonsentrasjon.¹

I kartet viser dei rosa markeringane område i Vestland fylke med høg radonfare, der minst 20 prosent av bustadane har radon-konsentrasjonar over øvre anbefalte grenseverdi på 200 Bq/m³ i første etasje.² Om lag 19 000 bustadbygg ligg innafor desse aktsomhetsområda. Dette utgjer ein tiandedel av bustadbygga i fylket.



Figur 4.1.1: Rosa markeringar i kartet viser områder i Vestland fylke med høg/svært høg radonfare. Kjelde: Norges geologiske undersøkelse (NGU).

1 Fylkes-ROS Sogn og Fjordane 2017. «Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane» Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

2 Norges geologiske undersøkelse (NGU) og Statens strålevern.

4.2 STØY

Støy kan påverke befolkninga si helse og trivsel. Personar som over lengre tid er eksponert for høge støynivå, har blant anna høgare risiko for å utvikle hjarte- og karsjukdommar.³ Vegtrafikken er med stor margin den største kjelda for støyrelaterte helseplager. Tal busette i Noreg utsett for støy over 55 dB frå vegtrafikk, auka med om lag 22 prosent frå 1999 til 2011.⁴


Statens vegvesen har i 2017 utført ei strategisk støykartlegging⁵ av vegtrafikkstøy på høgtrafikkerte⁶ vegar i Region vest⁷. I Vestland fylke er det kartlagt støy langs riksveg og/eller fylkesveg i følgande kommunar: Flora, Førde, Sogndal, Voss, Odda, Stord, Askøy, Bergen, Fjell, Lindås, Meland og Os. Dei fleste vegane i kartlegginga ligg i, eller er knytt til, byar og tettstader.⁸

Berekningane viser at om lag 52 800 personar som bur i heilårsbusstader langs høgt trafikkerte vegar i Vestland fylke er utsett for eit støynivå utanfor sin bustad på Lden \geq 55 dBA.⁹ Dette svarar til i underkant av 22 700 heilårsbusstader med støynivå \geq 55 dBA.¹⁰

Statens Vegvesen arbeider med Lden 55 dB som anbefalt grenseverdi for gjennomsnittleg utandørs støynivå (Jf. T-1442).

Lden er eit A-vegd ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 5 dB/10 dB som ekstra tillegg for kveld-natt. Lden-nivået skal vere rekna som gjennomsnittleg støybelastning over eit år.

I Sogn og Fjordane er støybelastninga samla sett langt mindre samanlikna med Hordaland. Det er berre tre strekningar i Sogn og Fjordane som er kategorisert som høgtrafikkerte vegar.¹¹



Figur 4.2.1: Tal støyutsette over 55 dB(A) frå 1999 til 2011 i Noreg, fordelt på ulike støykjelder. Kjelde: Statens vegvesen. Handlingsplan mot støy for fylkesveger og riksveger i Region vest 2018–2023. DEL I – Generell del. Februar 2018.

3 «Environmental noise guidelines for the European Region». WHO. 2018.

4 Statens vegvesen. «Handlingsplan mot støy for fylkesveger og siksveger i Region vest 2018–2023. DEL I – Generell del». Februar 2018.

5 Støy frå riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar har blitt beregnet i NorStøy med beregningsmetoden Nord 2000 Road. Støymålingar blir berre utført unntaksvis i særskilte tilfeller. Dette pga at målingar er mindre nøyaktige, ressurskrevende og måler kun verdien der og da. Ikke korleis gjennomsnittsverdier er over døgnet over året.

6 Vegar med ein årsdøgntrafikk (ÅDT) \geq 8200.

7 Region vest dekker Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommune.

8 Statens vegvesen. «Region vest: Strategisk støykartlegging av utandørs støy for høyt trafikkerte strekninger».

9 Jf. T-1442 er Lden 55 dBA anbefalt grenseverdi for gjennomsnittlig utandørs støynivå.

10 Statens vegvesen. «Region vest: Strategisk støykartlegging av utandørs støy for høyt trafikkerte strekninger».

11 Statens vegvesen. «Handlingsplan mot støy for fylkesveger og siksveger i Region vest 2018–2023. Del II – Geografisk del Sogn og Fjordane». Februar 2018.

Verdas helseorganisasjon, WHO, anbefaler no å senke grensene for kva som bør reknast som helsefarleg utandørs støy frå 55 til 53 dB(A) for vegtrafikk, i tillegg til skjerpa grenser for jernbanestøy og flystøy.¹² Om dette vert gjeldande for norsk regelverk vil det, ifølgje Norsk foreining mot støy, bety at om lag halvparten av den norske befolkninga bur i støyomgjevnader som representerer helserisiko.

Når det gjeld innandørs støynivå, skal det ikkje overstige 30 dB(A) på nybygg. Om gjennomsnittleg innandørs støynivå ligg mellom 35 og 42 dB(A), skal det bli gjennomført kartlegging og tiltaksutgreiing. Det er krav om tiltak dersom gjennomsnittleg støynivå er over 42 dB(A) i eksisterande bygningar (Jf. T-1442). Det blir ikkje sett i verk tiltak frå det offentlege i bygg der støynivået overstig anbefalt grense, men som ligg under tiltaksgrensa. Kor mange som bur i slike bustader, veit vi mindre om.

Eigen oppleving av støy

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 viser at om lag 8 prosent rapporterer at dei er plaga av støy frå trafikk heime. Delen er høgst i Bergen samt i Hardanger og Voss (9,3 og 8,9 prosent) og lågare i dei andre områda, Midthordland, Nordhordland, Sunnhordaland, Askøy, Sotra og Øygarden (5–6 prosent). Vidare viste undersøkinga at om lag 9 prosent rapporterer at dei er plaga av anna støy enn trafikkstøy heime.¹³

Bustader eller bygg med $Lden \geq 55\text{ dB(A)}$



22 678
Heilårsbustader



46
Barnehagar



107
Skular



51
Helseinstitusjonar

Faktaboks 4.2.1: Basert på berekna vegtrafikkstøy på høgtrafikkerte vegar, Vestland fylke 2017. Kjelde: Statens vegvesen. Region vest: Strategisk støykartlegging av utendørs støy for høyt trafikkerte strekninger

12 «Environmental noise guidelines for the European Region». WHO. 2018.

13 Folkehelseinstituttet. JC Skogen, ORF Smith, M Knapstad, TS Nilsen og LE Aarø. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultater». Rapport til Hordaland fylkeskommune, 2018.

4.3 LUFTFORUREINING


Luftkvalitet har stor betydning for folk si helse. Dei mest aktuelle forureiningsstoffa i Noreg er svevestøv og nitrogendioksid.¹⁴ Det er fleire forhold som påverkar mengd av luftforureining – utsleppsmengder frå ulike kjelder, nærleik til forureiningskjelder og lokale meteorologiske og klimatiske forhold. Dei viktigaste kjeldene til luftforureining er utslepp frå vegtrafikk, bustadoppvarming og industri, samt utslepp frå skip i hamn.

God luftkvalitet i Bergen i 2017

I Vestland fylke er det berre faste målestasjonar i Bergen. I 2017 har Bergen hatt god luftkvalitet, kor kravet til forskrifter om lokal luftkvalitet vart oppfylt ved alle målestasjonane.¹⁵ Figur 4.3.1 viser luftforureining i Bergen i perioden 2009-2017.

Luftforureining i fjordområde med stor cruisetrafikk

Ein rapport frå Sjøfartsdirektoratet frå 2017 viser at nivået av nitrogenoksid (NOx) i Geiranger og Flåm til tider når verdiar som kan ha negativ helsemessig påverknad. I tillegg bidreg NOx, saman med sot/røykpartiklar og vassdamp, til danning av røykskyer i fjordane. Kombinasjonen av utslepp og meteorologiske forhold medfører i periodar mykje røykdanning. Utslepp av svoveloksid (SOx) er ikkje stort nok til å overskride varslingsklassar. Dette skuldast at drivstoffet som vert nytta i fjordane har lågt svovelinnhold, eller at det vert brukt scrubbarar (eksosvaskesystem).¹⁶



Figur 4.3.1: Luftforureining i Bergen, 2009–2017. Årsmiddelkonsentrasjon av nitrogendioksid og døgn med svevestøvnivå over grenseverdi. Kjelde: Sentral database for lokal luftkvalitet (SDB). Lisens: Norsk Lisens for Offentlige Data (NLOD).

¹⁴ www.luftkvalitet.info Luftforurensing

¹⁵ «Luftkvalitet i Bergen 2017». Bergen kommune, Statens vegvesen. 06.04.2018.

¹⁶ «Utslipp til luft og sjø fra skipsfart i fjordområder med stor cruisetrafikk» Sjøfartsdirektoratet. 05.05.2017.

4.4 KLIMAGASSUTSLEPP


Klimagassutslepp

Klimagassutslepp kan avgrensast på fleire måtar, og det finst ikkje ein eintydig definisjon av kva som vert definert som «norske» utslepp. Tradisjonelt sett, vert klimagassutslepp rekna som dei utsleppa som skjer innanfor territorialgrensene.¹⁷ Dette betyr at til dømes utslepp frå internasjonal luftfart og skipsfart, i tillegg til utsleppa frå varer produsert i andre land, ikkje blir tatt med. Til dømes er nordmenn sine utanlandsreiser med fly ikkje inkludert i Noreg sitt klimarekneskap. Likeins vil varer vi kjøper, produsert i Kina, ikkje kome i Noreg sitt klimagassutslepp, men i Kina sitt.¹⁸ Om ein tar med utslepp frå nordmenn sitt forbruk i Noreg, utanlandske flyturar, utanlandsk sjøfart og eksport av norsk olje og gass, utgjer det tradisjonelle oppsett berre 5 prosent av alle «norske» utslepp.¹⁹


Klimaloven seier at Noreg i 2050 skal ha redusert nasjonale utslepp med 80–95% (frå 1990-nivå).²⁰ Frå 1990–2017 (27 år) vart nasjonale utslepp redusert med 1,2 millionar tonn CO₂-ekvivalenter.²¹ Frå 2017–2050 (33 år) må vi difor redusere utsleppa våre med 41,9 millionar tonn CO₂-ekvivalenter.

Miljødirektoratet sin statistikk for klimagassutslepp viser at Vestland fylke slapp ut 7 590 480 tonn CO₂-ekvivalenter i løpet av 2016. Dei tre sektorane som står for størst del av klimagassutslepp i fylket vårt er industri, olje og gass (48 prosent)²², sjøfart (17 prosent)²³ og vegtrafikk (11 prosent)²⁴. Innanfor sjøfart utgjer passasjertransport den største delen (30 prosent), følgd av offshore og supply skip (21 prosent). Utslepp frå vegtrafikk kjem primært frå lette køyretøy (72 prosent), medan dei resterande 28 prosent kjem frå tunge køyretøy.

Mengd utslepp frå fleire sektorar i Vestland fylke har forandra seg dei siste åra. Industri, olje og gass hadde ein topp i 2013, før utsleppa gjekk noko ned dei neste tre åra. Mengd klimagassutslepp frå energiforsyning sjudobla seg i perioden 2009 til 2011, og har vore stabil sidan då. Mengd utslepp frå sjøfart har også auka noko dei siste åra. Elles har mengd utslepp frå resterande sektorar forandra seg lite sidan 2009.



Figur 4.4.1: Prosent utslepp (1000 tonn CO₂-ekvivalenter) av totalt utslepp i Møre og Romsdal, Rogaland, Noreg og Vestland fylke i 2016. Kjelde: miljøstatus.no.



Figur 4.4.2: Utslepp av 1000 tonn CO₂-ekvivalenter frå Vestland fylke per år. Kjelde: miljøstatus.no.

18 Vestlandsforskning, C Aall, K Groven og H Kvamsås, «Det grøne skiftet. Heilekapleg sårbarheitsanalyse for Sogn og fjordane», 2017.

19 Vestlandsforskning, J Hille, H Storm, C Aall og H Sataøen, «Miljøbelastningen frå norske forbruk og norsk produksjon 1987–2007» 2008.

20 Lov om klimamål, § 4. Klimamål for 2050.

21 Finansdepartementet, «Utslipp og opptak av klimagasser». www.regjeringen.no 29.03.2017.


22 Større del enn utslepp frå tilsvarende sektor i geografisk nærliggende fylker som Rogaland og Møre og Romsdal, og landet som heilheit.

23 Større del enn utslepp frå tilsvarende sektor i landet som heilheit.

24 Mindre del enn utslepp frå tilsvarende sektor i Rogaland, Møre og Romsdal og landet som heilheit.

Klimagassutslepp frå fylkeskommunal verksemd

I 2017 hadde Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune eit samla utslepp lik 422 152 tonn CO₂ frå aktivitet i eigen verksemd. 64 prosent av utsleppa kjem frå kjøp av private tenester, inkl. kollektivtrafikk, og 21 prosent frå bygg og infrastruktur. Det er spesielt funksjonsområda knytt til samferdsel som har dei store utsleppa (båtruter: 17 prosent, fylkesvegferjer: 22 prosent, bilruter: 23 prosent og fylkesvegar: 16 prosent).²⁵



Figur 4.4.3: Samla klimafotavtrykk målt i tonn CO₂e for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune i 2017 fordelt på varegruppe og funksjonsområde. Kjelde: Asplan Viak sin klimakostanalyse.

25 Asplan Viak sin klimakostanalyse for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune.

4.5 GEOFARE

Klimaprofil

Norsk klimaservicesenter har laga ein klimaprofil for Sogn og Fjordane og ein for Hordaland, begge publisert i 2016. Klimaprofilen gjev eit kortfatta samandrag av klimaendringane og relaterte utfordringar i fylka. Tabell 4.5.1 på neste side syner venta endringar i Vestland fylke innan klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan påverke samfunnstryggleik.²⁶ Tabellen er delt opp i meir og mindre sannsynlege endringar.

Naturskadar


Omfangen av naturskadar varierer sterkt frå år til år. Storm forårsaka størsteparten av naturskadane i Vestland fylke i perioden 2010–2017. I same periode er dette sumvert opp til eit erstatningsbeløp på 1 049 309 000 kr for stormskadar.

Skred


I perioden januar 2018 til september 2018 har det vore klart flest skredhendingar i indre delar av Vestland fylke, typisk rundt Hardangerfjorden, Åkrafjorden og indre delar av Sognefjorden. Lenger nord er Sunnfjord også relativt utsett for skred, spesielt kring fjordane vest for Førde.

Flaum

Fleire område i Vestland er utsett for flaumfare. Ein GIS-analyse har berekna at 20 000 bygg ligg i potensielt flaumfarlege område. Med auka fare for naturhendingar i framtida, er det behov for kartlegge desse områda meir i detalj for å vurdere reell fare.



Figur 4.5.2: Koncentrasjonen av skredhendingar i Vestland fylke i perioden januar 2018 til september 2018. Kjelde: Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).



Figur 4.5.1: Tal naturskadar i Vestland fylke i perioden 2010–2017. Kjelde: Norsk Naturskadepool.

26 Venta endringar gjeld frå perioden 1971–2000 til perioden 2071–2100.

Tabell 4.5.1: Klimaprofil for Vestland fylke sett saman av klimaprofil frå Sogn og Fjordane og Hordaland. Venta endringar gjeld frå perioden 1971–2000 til perioden 2071–2100. Kjelde: Norsk klimaservicesenter.

Sannsynlege klimaendringar:		
	Middeltemperaturen for året er berekna å auke med 4,0 °C. Auken er størst for haust, vinter og vår (kring 4,0 °C) og minst for sommaren (kring 3,5 °C).	 STORMFLO Som følgje av havnivåstigning er det venta auke i stromflonivå.
	Årsnedbøren er berekna å auke med kring 15 prosent. Nedbørendringa for dei fire årstidene er berekna til: • Vinter: +10–15 prosent • Vår: +10 prosent • Sommer: +10–15 prosent • Haust: +15 prosent	 TØRKE Trass i meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren.
	Lita eller inga endring i mildare vindforhold i dette hundreåret, men det er stor uviss i framskrivningane for vind.	 ISGANG Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgangar samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten.
	Det er venta vesentleg reduksjon i snømengdene og i talet på dagar med snø i lågareliggende område nær kysten. Høgareliggende fjellområde kan få aukande snømengder fram mot midten av hundreåret. Etter det ventar ein at auken i temperatur vil føre til mindre snømengder også i desse områda mot slutten av hundreåret. Unntak er einskilde høgfjellsområde.	 SNØSKRED Med eit varmare og våtare klima vil snøgrensa bli høgare, og regn vil oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område.
Sannsynleg auke i episodar knytt til:		
	Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og forekomst. Dette vil også føre til meir overvatn.	 SNØSMELTEFLAUM Snøsmelteflaumane vil kome stadig tidligare på året og blir mindre mot slutten av hundreåret.
	Det er venta fleire og større regnflaumar.	 STERK VIND Truleg lita endring.
	Auka fare som følgje av auka nedbørmengder.	 STEINSPRANG OG STEINSKRED Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane, men hovudsakeleg for mindre steinspranghendingar.
JORD-, FLAUM- OG SØRPESKRED		 FJELLSKRED Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg.
Mogleg sannsyn for auka episodar med:		


4.6 DRIKKEVATN

Vatn- og avløpsinfrastrukturen er ein av dei viktigaste kritiske infrastrukturane i samfunnet vårt. Trygt drikkevatn er ein føresetnad for god helse, og utan ei tilfredsstilande vassforsyning vil ikkje samfunnet fungere.²⁷

Over 90 prosent av drikkevatn i Noreg kjem frå overflatevatn, til dømes innsjørar og elvar.²⁸ Også i Vestland fylke er overflatevatn ein viktig kjelde som drikkevann. Overflatevatn er sårbar for fekal- og kjemisk forureining. Dette gjeld særleg vasskjelder med busetnad og gardsbruk i nedbørsfeltet, og vasskjelde tett ved veg.²⁹



I følge Mattilsynet er drikkevatnet i Noreg stort sett av god kvalitet. Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at fylket ligg signifikant därlegare an enn landsnivået når det gjeld god drikkevassforsyning³⁰. Likeins ligg fylket därlegare an enn landsnivået når det gjeld forsyningsgrad³¹ av drikkevatn, men dette er ikkje testa for signifikans.³²



Figur 4.6.1: Forsyning av drikkevatn og forsyningsgrad i Noreg, Hordaland og Sogn og Fjordane i 2016.³³ Kjelde: Norgeshelsa statistikkbank: Forsyningsgrad (LHF) og Drikkevannsforsyning (LHF).

27 Fylkes-ROS Sogn og Fjordane 2017. «Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane» Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

28 www.norskvann.no

29 Fylkes-ROS Sogn og Fjordane 2017. «Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane» Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

30 Definert som tilfredsstilande resultat for E.coli og stabil levering av drikkevatn, omfattar vassverk som forsyner minst 50 personar.

31 Prosentdelen av totalbefolknings som er knytt til vassverk som forsyner minst 50 personar.

32 Folkehelsebarometeret 2018 for Sogn og Fjordane og Hordaland. Folkehelseinstituttet.

33 Forsyningsgrad er målt i delen personar tilknytta vassverk som forsyner minst 50 personer, i prosent av befolkninga. Drikkevassforsyning er målt i delen personar knytt til vassverk med tilfredsstilande analyseresultat med tanke på E. coli og leveringsstabilitet, i prosent av befolkninga knytt til vassverk som forsyner minst 50 personar.

Alla tal a omfatter både private og kommunale vassverk.

4.7 SMITTSAME SJUKDOMMAR

Topp 10


Topp 10-lista basert på tal sjukdomstilfelle i 2017 i Vestland fylke inneholder fire sjukdommar som vanlegvis smittar gjennom næringsmidlar, to seksuelt overførbare sjukdommar, to sjukdommar med vanleg smitteoverføring på helseinstitusjonar og i sjukehusmiljø, og to sjukdommar med vanleg smitte frå person til person gjennom luft/dråpesmitte.³⁴ Alle desse sjukdommene kan førebyggast, anten gjennom å ta forholdsreglar i form av prevensjon eller hygiene, men òg ved vaksinasjon.

Klamydia på topp

Den mest utbreidde smittsame sjukdommen i Vestland fylke er genital klamydia med 2542 tilfelle i 2017.³⁵ Genital klamydia er ein infeksjon forårsaka av direkte kontaktssmitte ved samleie, og er i dag den mest vanlege seksuelt overførbare bakterielle infeksjonen i Noreg.³⁶ Det er primært unge (kvinner) i alderen 20–29 år som testar positivt.³⁷

Tabell 4.7.1: Utviklinga frå 2013–2017 for dei ti smittsame sjukdommene som hadde flest tilfelle i 2017 i Vestland fylke.
Kjelde: Meldingssystem for smittsomme sykdommer (MSIS).

Smittsame sjukdommar	2013	2014	2015	2016	2017	Endring, 2013–2017
Totalt (69 smittsame sjukdommar)	4603	4603	4516	4740	5232	+14 %
Klamydia (seksuelt overførbar infeksjon)	2590	2463	2494	2655	2542	-2 %
Campylobacteriose (tarminfeksjon)	411	478	369	388	576	+40 %
Clostridium difficile (tarminfeksjon, mest vanleg etter bruk av antibiotika)	123	297	392	385	506	+311 %
Kikhoste (infeksjon på slimhinner i luftvegane)	409	369	223	175	215	-47 %
Resistent enterokokk (tarminfeksjon, motstandsdyktig mot vanlegaste antibiotikatypar)	67	24	15	75	212	+216 %
MRSA (gule stafylokokkar)	0	0	0	227	193	+193 %
Salmonella (tarminfeksjon)	183	165	115	108	139	-24 %
Giardiasis (tarminfeksjon)	55	47	25	45	103	+87 %
Gonore (seksuelt overførbar infeksjon)	27	28	57	57	91	+237 %
E. coli EHEC (tarminfeksjon)	9	7	10	16	87	+867 %



Figur 4.7.1: Førekommst av genital klamydia i Vestland fylke i 2017 fordelt på alder.
Kjelde: Meldingssystem for smittsomme sykdommer (MSIS).

³⁴ Meldingssystem for smittsomme sykdommer (MSIS).

³⁵ Meldingssystem for smittsomme sykdommer (MSIS).


³⁶ Folkehelseinstituttet. «Chlamydiasinfeksjon, genital (klamydia) - veileder for helsepersonell». www.fhi.no. 27.06.2018.

³⁷ Meldingssystem for smittsomme sykdommer (MSIS).

4.8 ANTIBIOTIKABRUK

Antibiotikaresistente bakteriar tar livet av 25 000 menneske i Europa kvart år. I Noreg vert resept på om lag 90 prosent av all antibiotika utskreve av primærhelsetenesta. Fastlegar og tannlegar utanfor sjukehus kan difor påverke utviklinga av antibiotikaresistens. Noreg er relativt flinke til å bruke smalspektra antibiotika, som anbefalt av Helsedirektoratet.³⁸

Frå 2013 til 2017 har tal antibiotikareseptar utskrive og utelevert frå apotek til personar i alderen 0 til 79 år, gått ned med om lag 15 prosent nasjonalt. Same nedgåande trend er gjeldande i alle fylka i landet. I tal antibiotikareseptar per 1000 innbyggjar ligg Hordaland fylke (350 reseptar) litt over landssnittet (340 reseptar), og Sogn og Fjordane ligg nesten i botn med 304 reseptar per 1000 innbyggjarar.³⁹



Figur 4.8.1: Antibiotika utskreve på resept og utelevert frå apotek til personar i aldersgruppa 0–79 år per 1000 innbyggjar i 2017.
Kjelde: Norgeshelsa statistikkbank, Antibiotikaresepter (LHF).

³⁸ Helsedirektoratet. «Antibiorika. 31.05.2018. www.helsedirektoratet.no

³⁹ Norgeshelsa statistikkbank, Antibiotikaresepter (LHF).

4.9 VAKSINASJONSDEKNING


Meslingar

Barnevaksinasjonsprogramma inneholder vaksine mot ni smittsame sjukdommar. Meslingar er den mest alvorlege av dei. Det er periodevis deler av befolkninga som avstår frå å vaksinere seg mot meslingar, difor er det aktuelt å halde øye med vaksinasjonsdekninga.



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke ligg signifikant betre an enn landsnivået når det gjeld vaksinasjonsdekning mot meslingar blant 9-åringar.⁴⁰

I ein 5-årig gjennomsnittsperiode frå 2012–2016 var den nasjonale vaksinasjonsdekninga mot meslingar 95,1 prosent blant 9-åringar. I same periode ligg Hordaland på topp i landet med ein dekningsgrad på 96,1 prosent, og Sogn og Fjordane hadde ein dekningsgrad på 95,4 prosent.⁴¹




Figur 4.9.1: Vaksinasjonsdekning mot meslingar blant 9-åringar i ein 5-årig gjennomsnittsperiode frå 2012–2016. Kjelde: Folkehelseinstituttet, Kommunehelsa statistikk bank: Vaksinasjonsdekning - barnevaksinasjonprogrammet, 5-årlige gjennomsnitt (B).

HPV-vaksine



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke ligg betre an enn landsnivået når det gjeld vaksinasjonsdekning mot HPV blant 16-årige jenter.⁴²

Vaksinasjonsprogrammet mot HPV har nyleg blitt sett i verk. For perioden 2016/2017 var det nasjonale nivået på vaksinasjonsdekning mot HPV for kvinner født i 1991–96 på 37,8 prosent. I same periode ligg Sogn og Fjordane og Hordaland på topp tre i landet med ein dekningsgrad på høvesvis 44,2 prosent og 43,9 prosent.⁴³



Figur 4.9.2: Vaksinasjonsdekning av HPV-vaksine blant kvinner født i 1991–1996 i ein 5-årig gjennomsnittsperiode frå 2012–2016. Kjelde: Folkehelseinstituttet, Kommunehelsa statistikk bank: Dekningsgrad, HPV-vaksine til kvinner født 1991–1996 (B).

40 Folkehelsebarometeret 2018 for Sogn og Fjordane og Hordaland. Folkehelseinstituttet.

41 Folkehelseinstituttet. Kommunehelsa statistikkbank: Vaksinasjonsdekning - barnevaksinasjonprogrammet, 5-årlige gjennomsnitt (B).

42 Folkehelsebarometeret 2018 for Sogn og Fjordane og Hordaland. Folkehelseinstituttet.

43 Folkehelseinstituttet. Kommunehelsa statistikk bank: Dekningsgrad, HPV-vaksine til kvinner født 1991–1996 (B).

4.10 SKADAR OG ULYKKER

Det er vanleg å skilje mellom skadar som skjer utilsikta (ulykkesskadar) og skadar som vert påført med hensikt (voldsskadar og villa eigenskade).^{44, 45} Fysiske personskadar som følge av ulykker er nesten i same størrelsesorden som kreft i Noreg målt i tapte leveår.⁴⁶ Difor kan forebygging av skadar og ulykker gje stor helse gevinst i form av auka livskvalitet og fleire leveår.⁴⁷

I Noreg er alvorlege skadar oftest knytt til alkohol og andre rusmiddel, fall og trafikk.⁴⁸ På nasjonalt nivå krev ulykker mange liv, spesielt mange relativt unge liv, og ulykker er den største dødsårsaka for nordmenn under 45 år.^{49,50}

Årleg vert om lag ti prosent av befolkninga Noreg, om lag 550 000 personar, behandla av lege for skadar, og kvar 10. sjukehusinnlegging gjeld skadebehandling.⁵¹ Samla sett for alle aldersgrupper skjer om lag 30 prosent av alle skader

i Noreg i bustad og områda rundt, 17 prosent i trafikken⁵² og 15 prosent ved sports- og idrettsområda. Om lag 50 prosent av skadane er fallskadar og 18 prosent er knytt till samanstøyt og påkøyrsel.⁵³



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke truleg ligg signifikant betre enn annen landsnivået når det gjeld skadar behandla på sjukehus blant 0–14-åringar.⁵⁴

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 syner at 18 prosent av dei vaksne over 18 år i løpet av dei siste 12 månandene oppgjev å ha vore utsett for ein eller fleire skadar som førte til at dei oppsøkte lege eller tannlege. Fordelt på alder og kjønn syner resultata at ungdom 18–29 år, og menn generelt, er hyppigare utsette for skade.⁵⁵

Tabell 4.10.1: Tal pasientar⁵⁶ per 1000 innbyggjarar per år i Noreg, Sogn og fjordane og Hordaland, delt på alle personskadar i alle aldre, i alder 0–14 år, og hoftebrot i alder 75 år+. Kjelde: Norgeshelsa statistikkbank. Spesialisthelsetjenesten, somatikk (LHF) – kjønn samlet.

Personskadar per 1000 innbyggjarar		2012	2013	2014	2015	2016	Endring 2012–2016
Noreg	Alle personskadar, alle aldre	14,1	14,2	13,7	13,7	13,7	-3 %
	Alle personskadar, 0–14 år	8,3	8,6	8,8	8,8	8,6	4 %
	Hoftebrudd 75 år +	19,4	19	18,7	18	17,9	-8 %
Hordaland	Alle personskadar, alle aldre	15,5	14,5	13,9	14,4	14	-10 %
	Alle personskadar, 0–14 år	7,6	7	7,5	7,8	7	-8 %
	Hoftebrudd 75 år +	19,2	18,7	19,1	18,3	18,3	-5 %
Sogn og Fjordane	Alle personskadar, alle aldre	18,4	18,4	18,2	16,6	15,6	-15 %
	Alle personskadar, 0–14 år	10,6	10,9	12	8,8	9	-15 %
	Hoftebrudd 75 år +	19,2	19	17,7	17,8	19,6	2 %

44 I nokre tilfelle kan det vere vanskelig å fastslå årsaka til ein skade. Blant anna er eit ukjent tal sjølvmord skjult som ulykker.

45 Folkehelseinstituttet . «Skader og ulykker». 18.12.2017. www.fhi.no

46 Departementene . «Ulykker i Norge – nasjonal strategi for forebygging av ulykker som medfører personskade 2009–2014».

47 Helsedirektoratet. «Skader og ulykker – lokalt folkehelsearbeid». 02.05.2017. www.helsedirektoratet.no

48 Sjå fotnote nr. 43.

49 Sjå fotnote nr. 45.

50 Sjå fotnote nr. 44.

51 Sjå fotnote nr. 43.

52 Veg, gate, fortau, gang- og sykkelveg.

53 «Personskadedata 2017, Norsk pasientregister». M Støver og E Håndlykken. Helsedirektoratet 04/2018.


54 Folkehelsebarometeret 2018 for Sogn og Fjordane og Hordaland. Folkehelseinstituttet.

55 Folkehelseinstituttet. JC Skogen, ORF Smith, M Knapstad, TS Nilsen og LE Aarø. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultater». Rapport til Hordaland fylkeskommune, 2018.

56 Tal pasientar innlagd (dag- og døgnophold) i somatiske sjukehus per 1000 innbyggjarar, delt på personskadar (S00-T78) og hoftebrot (S72.0–72.2).

4.11 VEGTRAFIKKULYKKER

I 2017 vart 104 personar drepne eller alvorleg skadde i vegtrafikkulykker i Vestland fylke. Av disse var det 16 som omkom. Utviklinga over tid syner at tal vegtrafikkulykker per 1000 innbyggjarar som fører til død eller alvorleg person-skade, har gått ned i Vestland fylke og i landet elles.




Figur 4.11.1: Utvikling i tal skadde og drepne personar i vegtrafikkulykker (reelle tal) for Vestland fylke. Utvikling i tal drepne og svært alvorleg eller alvorleg skadde per 1 000 innbyggjarar, i Vestland fylke og Noreg. År 2001–2017. Kjelde: SSB tabell 08259 og 07459.

4.12 BRANNAR

I 2017 var det registrert 296 bygningsbrannar i Vestland fylke. 66 prosent av desse var bustadbrannar. Tal brannar er i stor grad avhengig av talet på bygningar og talet på innbyggjarar i eit område. Likevel varierer talet bygningsbrannar per 1000 innbyggjarar mykje mellom kommunane, og frå år til år. Frå 2013 til 2016 har talet bygningsbrannar per 1000 innbyggjar i Vestland fylke gått ned.

Brannstatistikk frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap syner at det i Noreg i 2017 omkom 26 personar i brann, og at det dei siste åra har det vore ein tydelig trend med nedgang i tal brannomkomne. Om lag 75 prosent av dei omkomne i brann er eldre og pleietrengande, personar med nedsett funksjonsevne og rusavhengige. Det er ikkje berre personar som dør i brann. I 2017 døydde det 7 799 dyr i brann i næringsproduksjon.⁵⁷




Figur 4.12.1: Utvikling i tal bygningsbrannar per 1000 innbyggjarar Vestland fylke i perioden 2001–2017. Kjelde: SSB tabell 04697, 06491, 07459 og 12058.

⁵⁷ Brannstatistikk: www.dsbs.no

4.13 KRIMINALITET

Vestland fylke ligg generelt under nasjonalt nivå i tal politimelde lovbro per 1000 innbyggjar. Berre tala for seksuallovvbrot er høgare i Vestland fylke enn nasjonalt. Eigedomstjuveri er den største gruppa politimelde lovbro i fylket, med 15,5 saker per 1000 innbyggjar.⁵⁸

Utviklinga frå 2011 syner at talet politimelde lovbro i Vestland fylke går ned. Det skuldast hovudsakleg ein større nedgang i den største gruppa politimelde saker, eigedomstjuveri. Tal politimelde rusmiddellovvbrot og ordens- og integreringskrenkingar har også gått ned i same periode. Politimelde lovbro knytt til vald og mishandling, trafikk og eigedomsskade ligg om lag på same nivå som i 2011, medan tal annan vinningslovvbrot og seksuallovvbrot har auka i same periode.



Figur 4.13.1: Tal politimelde lovbro per 1000 innbyggjar i 2017 i Vestland fylke (raud søyle) og Noreg (blå søyle).
Kjelde: SSB tabell 08486.


⁵⁸ Dvs. om lag 9 800 politimelde saker som omhandlar eigedomstjuveri i Vestland fylke i 2017.

4.14 TRYGGE LOKALSAMFUNN

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 syner at 86 prosent i stor grad føler seg trygg i nærmiljøet sitt. Både for menn og kvinner aukar delen som i stor grad føler seg trygg, med auka i utdanningsnivå. Kvinner føler seg i mindre grad trygge samanlikna med menn i alle utdanningsnivå.⁵⁹

I Ungdata-undersøkinga har ungdomsskuleelevar også svart på om dei kjenner seg trygge i nærområdet sitt. I Sogn og Fjordane⁶⁰ svarar 92 prosent at dei kjenner seg trygge når dei ferdast i nærområdet sitt. I Hordaland⁶¹ er tilsvarende del 88 prosent. Det nasjonale nivået er 87 prosent.⁶²

Det er ein tydeleg gradient der graden av utryggheit er omvendt proporsjonal med økonomisk status – jo større opplevinga av dårleg råd er, jo større er opplevinga av å ikkje føle seg trygg. Blant ungdommene i Hordaland som opplyste om at dei har hatt dårleg råd dei to siste åra, er det ein relativt større del som er usikre eller kjenner seg utrygge i nablaget, enn dei som ikkje har hatt dårleg råd.⁶³



Figur 4.14.1: Tryggleik i eige nablag blant ungdom etter økonomisk status. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, AUD-rapport 09/2018. Korleis har ungdommene i Hordaland det? Med utgangspunkt i funna frå Ungdata 2017.

59 Folkehelseinstituttet. JC Skogen, ORF Smith, M Knapstad, TS Nilsen og LE Aarø. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultater». Rapport til Hordaland fylkeskommune, 2018.

60 Data kjem frå 3.129 ungdom med innsamling i 2014–2018. Kjelde: www.ungdata.no

61 Data kjem frå 14.934 ungdom med innsamling i 2011–2017. Kjelde: www.ungdata.no

62 www.ungdata.no

63 Hordaland fylkeskommune, AUD-rapport 09/2018. «Korleis har ungdommene i Hordaland det?» Med utgangspunkt i funna frå Ungdata 2017.

5 AREAL, NATUR OG KULTURMINNE




5.1 Areal	56
5.2 Naturmangfold	58
5.3 Friluftsliv	61
5.4 Naturressursar	62
5.5 Kulturminne	66

Vestland er eit ressursfylke med mange, gode og viktige ressursar. Hav, naturlandskap, kulturlandskap og naturkreftene har viktige kvalitetar for både folk, samfunn og næringsliv. Det kan vere utfordrande interessekonfliktar mellom ressursutnytting for industri og næring, ivaretaking av naturmangfald, bevaring av identitet gjennom kulturminne og tilrettelegging for rekreasjon og aktiv bruk av naturen. Gode indikatorar er nødvendig for å kunne ivareta breidda av omsyn på ein god måte for framtida.

5.1 AREAL

Meir bygging i randsonene og utanfor tettstader


I 2014–2015 vart meir enn ein tredel av alle nye bygg innafor 3 km frå tettstadene ført opp i randsona av eksisterande tettstader eller utanfor tettstadene. I 2016 var nær halvparten av nye bygg ført opp i randsonene eller utanfor tettstadene.



Figur 5.1.1: Nye bygg etter avstand til eksisterande tettstader. Kjelde: SSB tabell 11441.

Mindre matjord forsvinn

Stadig mindre matjord vert omdisponert til andre føremål. Omdisponering skjer gjerne ved at kommunane vedtek planar om at arealet skal nyttast til andre føremål enn landbruk. Enkeltpersonar kan også søke om å nytte arealet til anna enn landbruksproduksjon. Ei analyse av nedbygging av jordbruksareal i perioden 2005–2015 viser at nedbygginga skjer i eller nært tettstader, og at jordbruksareal typisk går til bustadføremål.



Figur 5.1.2: Omdisponering til andre føremål enn landbruk, Vestland¹. Kjelde: SSB tabell 07903


1 Dyrka jord omfattar fulldyrka- og overfatedyrka jord samt innmarksbeite.
Dyrkbar jord er areal som ved oppdyrkning kan settast i stand slik at dei held krava til fulldyrka jord.

Meir nydyrkning


Det har vore ein auke i talet på godkjende søknadar for nydyrkning dei siste ti åra. I 2009 og 2014 var det særleg mange søknadar til nydyrkning.

Redusert bygging i strandsona

I perioden 2007 til 2018 viser statistikken at ein mindre del av bygginga i Vestland fylke føregår i strandsona. I 2007 vart over 1 500 bygg ført opp i strandsona. Dette svarar til om lag halvparten av alle nye bygg. Til samanlikning var talet nye bygg ført opp i strandsona i 2018 færre enn 800. Dette svarar til om lag ein av tre nye bygg i fylket.



Figur 5.1.3: Godkjende søknadar til nydyrkning. Vestland. Kjelde: SSB tabell 08123




Figur 5.1.4: Nye bygg i strandsona 2007–2018, kategorisert etter kommunar med stort og lite arealpress. Kommunane med stort arealpress er definert av SSB som Bergen, Os, Sund, Fjell, Askøy, Meland, Øygarden og Lindås. Vestland. Kjelde: SSB tabell 06505

5.2 NATURMANGFALD

Ein del vassforekomstar har därleg tilstand

Den økologiske tilstanden for vassforekomstane i Vestland viser at det er litt skilnadar mellom fylka. Om lag halvparten av elvane og innsjøane i Hordaland har god eller svært god økologisk tilstand, mot 70 prosent i Sogn og Fjordane. For kystvatn har 90 prosent i Sogn og Fjordane, mot 70 prosent i Hordaland, god tilstand (sjå figur 5.2.1).

Nar det gjeld å nå miljømåla er det mindre skilnadar mellom dei to fylka. Godt over halvparten av innsjøane i Hordaland og Sogn og Fjordane star i fare for ikkje å nå nasjonale mål om vasskvalitet. Situasjonen er ikkje like alvorleg for elvane, men vel 40 prosent av vassdraga i Hordaland og 30 prosent i Sogn og Fjordane har risiko for å ikkje nå måla (sjå figur 5.2.2). For kystvatn er det særleg i Hordaland at mange av vassforekomstane står i fare for ikkje nå måla.



Figur 5.2.1: Økologisk tilstand for kystvatn, elvar og innsjøar i Hordaland og Sogn og Fjordane i 2016. Kjelde: vann-nett/miljøstatus.no

Noregs miljømål

Noreg har tre miljømål som omhandlar naturmangfald.

Mål 1: Økosistema skal ha god tilstand og lågare økosystemtenester.

- Tilstanden i økosistema blir målt gjennom **naturindeksen** og **vassforskrifta**. Det er per i dag ikkje mål for alle økosistema. Det eksisterer for kyst og ferskvatn og delvis for havområda. Eit system for dette er under arbeid og vil truleg stå ferdig innan 2020.
- Naturindeksen** viser tilstand og utviklinga i tilstand ved hjelp av ein skala mellom 0 og 1 der 1 er eit økosystem som er lite påverka av menneskeleg aktivitet. Naturindeksen bygger på bestandsdata for artar frå 1990 til 2014. Indeksen definerer ikkje kva som er god tilstand.
- Vassforskrifta** måler økologisk tilstand på ferskvatn og kystvatn med data for biologiske og kjemiske kvalitetselement. Her er målet at tilstan-

den skal vere god innan 2021, dersom det ikkje er gjeve utsetjing eller unntak grunna samfunnsnyttige føremål, som til dømes vasskraftproduksjon. Fylkeskommunen er vassregionmynde og styrer prosessen med å gjennomføre arbeidet med Vassforskrifta.

Mål 2: Ingen artar og naturtypar skal bli utrydda, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtypar skal verte betre.

- Indikatoren blir målt gjennom **norsk raudliste for truga artar** og **norsk raudliste for truga naturtypar**. Artane og naturtypane som inngår i kategoriane kritisk truga (CR), sterkt truga (EN) eller sårbar (VU) er definert som truga. I tillegg inngår kategorien nær truga (NT) i målet.

Mål 3: Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjoner

- Indikatoren blir målt gjennom **delen verna areal i ulike økosystem** og utviklinga i inngrepstilfelle naturområde over tid (INON).

Negativ utvikling for fleire økosystem


Ein gjennomgang av tilstanden til økosystema i Vestland er tilgjengeleg gjennom rapporten Naturindeks for Noreg 2015 frå Miljødirektoratet. Desse utdraga skildrar situasjonen for heile Noreg med nokre regionale trekk. Sjølvé indeksen for økosystem har inndeling i landsdelar (sjå tabell 5.2.1).

Den økologiske tilstanden i **havområda** (botn og pelagisk) er stort sett god og stabil, men varierer noko mellom områda i landet. For **ferskvatn** er situasjonen varierande i delar av Sør-Norge. Utviklinga for **kystvatn** er positiv for botn men negativ for overflata.²

For **fjellområda** er tilstandsverdien middels og utviklinga negativ. Det har mellom anna vore ei tilbakegang i rypebestanden. Arealbruksendringar og klimaendringar er likevel det som i størst grad påverkar arts mangfoldet i desse områda.

Situasjonen for **våtmarksområda** viser ei negativ utvikling. Det er likevel ei samansett utvikling der menneskeleg aktivitet påverkar nokre artsindikatorar negativt, men for andre gir klimaendringane ein positiv utvikling. I sum er likevel utviklinga negativ.

For **skogsområda** er referansetilstanden målt opp mot eit økosystem utan særleg menneskeleg påverking, der naturlege forstyrningar som skogbrann, vindfelling og insektutbrot med etterfølgande suksesjonsstadier styrer utviklinga over tid. Det finst svært få område som dette i Noreg, ettersom menneske har nytt skogen i lang tid og skogbruket er utbredt. Det sistnemte er den viktigaste faktoren som påverkar skogsområda.




Figur 5.2.2: Del vassførekomstar som står i fare for å ikkje nå nasjonale mål om vasskvalitet i 2016.
Kjelde: vann-nett/miljøstatus.no

Ope lågland er det ein gjerne forbinder med kulturlandskap, eit ope lågland under tregrensa som er danna av lang tids beite og slått. Meir intensive driftsformar i jordbruket kombinert med opphør av slått og beitedrift bidreg til at areal gror att.

Tabell 5.2.1: Tilstanden i økosystem på Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland). Tal for 2015. Kjelde: Naturindeks.no

Økosystem	Tilstandsverdi	Utvikling
Hav-pelagisk	0,67*	Positiv
Havbotn	0,69*	Stabil
Ferskvatn	0,75	Stabil
Kystvatn – botn	0,7*	Positiv
Kystvatn – pelagisk	0,72	Negativ
Fjell	0,53	Negativ
Skog	0,35	Negativ
Våtmark	0,59	Negativ
Ope lågland	0,43	Negativ



Figur 5.2.3: Naturtypar i ulike økosystem som er truga.
Kjelde: Norsk rødliste, 2015. Artsdatabanken.

2 Merk at miljømåla for kystvatn og ferskvatn målast både av vassforskrifta og naturindeksen.


Fleire artar og naturtypar kan forsvinne

I Hordaland og Sogn og Fjordane er det 25 naturtypar på raudlista. Sju av desse finst i våtmarksområde. Økosystemet fjærsona har fem naturtypar på lista, medan skog, kulturmark/boreal hei, fjell/berg/anna grunnlendt mark samt ferskvatn alle har tre naturtypar i faresona. For økosystemet kulturmark gjeld dette kystlynghei. To naturtypar frå marine område står på lista, dette er korallrev og sukkertare (figur 5.2.3).


Ser ein nærmare på kva artar som står på lista er det 270 artar i Sogn og Fjordane og 315 artar i Hordaland. Artar som dominerer er sopp, lav og mose i tillegg til fuglar og insekt (figur 5.2.4).

Færre inngrepsfrie naturområde

Over tid er det blitt stadig færre inngrepsfrie naturområde. Dette er område som ligg lenger enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep som vegar, kraftlinjer, vassdragsinngrep m.m. Dei siste åra er likevel tempoet i bortfallet redusert (figur 5.2.5).



Figur 5.2.5: Bortfall av inngrepsfrie naturområde (INON) i Vestland fylke. Kjelde: Berekningar, Miljødirektoratet



Figur 5.2.4: Tal artsgrupper som er truga. Kjelde: Norsk rødliste for arter, 2015. Artsdatabanken.

5.3 FRILUFTSLIV

Mange har ikkje trygg tilgang

60 prosent av befolkninga i Hordaland og 51 prosent av befolkninga i Sogn og Fjordane har trygg tilgang til *rekreasjonsareal* innanfor gangavstand frå bustaden sin. Tilsvarande har høvesvis 55 og 64 prosent i begge fylka trygg tilgang til *nærturterren*. Det betyr 40–50 prosent ikkje har trygg tilgang til rekreasjonsareal og 35–45 prosent ikkje har trygg tilgang til nærturterren. I 25 av 58 kommunar har mellom 75 og 100 prosent av befolkninga trygg tilgang til nærturterren. Det er berre åtte kommunar der ein like stor del av befolkninga har trygg tilgang til rekreasjonsareal. Dette kan bety at mange kommunar har gode tilhøve for turar og friluftsliv i større turterren, men ikkje like mange har gode tilhøve til rekreasjon i mindre område. Sjølv om det ikkje er ei klår geografisk trend i tala, er det på nasjonalt nivå ein samanheng mellom tilgang til rekreasjonsareal og nærturterren og storleiken på tettstaden folk bur i. Generelt har ein større del av befolkninga trygg tilgang i mindre tettstader enn i større tettstader. Årsaka til dette kan vere meir trafikk eller høgare fartsgrenser i større tettstader som slik skaper ei barriere for trygg tilgang – eller at rekreasjonsareal er meir nedbygd i tettbygde strøk.

Rekreasjonsareal er mindre grøntområde under 5 dekar som ligg i eller grensar til tettstader. Dette inkluderer også dei fleste idrettsområde og parkar.


Nærturterren er større friluftsområde på minst 200 dekar som ligg i eller grensar opp til tettstader. Også her er dei fleste idrettsområde og parkar inkludert i analysen.

Definisjon av trygg tilgang:

Rekreasjonsareal: Trygg tilgang dersom ein ikkje må krysse vegar med ÅDT (årsdøgntrafikk) $>= 3000$ og fartsgrense 30 km/t. Må ikkje krysse bane.

Nærturterren: Trygg tilgang dersom ein ikkje må krysse veg der ÅDT > 3000 og 30km/t, eller ÅDT > 2000 og 50km/t, eller ÅDT > 1000 og 70km/t.

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018³ viste at 67 prosent meiner at tilgang til natur- og friluftsområde er det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø. Dei fleste i undersøkinga oppga å ha god tilgang på dette - lågaste delen var i Bergen med 93,5 prosent. Noko færre opplevde god tilgang på grøntareal – her var det færrest i Askøy, Sotra og Øygarden der 84,7 prosent svara at dei hadde god tilgang.



³ Folkehelseinstituttet. JC Skogen, ORF Smith, M Knapstad, TS Nilsen og LE Aarø. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Framgangsmåte og utvalgte resultater». Rapport til Hordaland fylkeskommune, 2018.

5.4 NATURRESSURSAR

Grus – eit viktig byggeråstoff

Byggjerastoff utgjer den største mineralnæringa i Noreg. Omsetninga var i storleiken 6 milliardar i 2016. Hordaland og Sogn og Fjordane har få grusressursar i høve til andre delar av landet. Sjølv om dei totale grusressursane er målt til å være meir enn 1 million tonn, er det berre 40 prosent av denne mengda som er praktisk utnyttbar. Levetida for desse ressursane viser store forskjellar mellom fylka, og i dei områda der uttaket er stort vil grus vere ein knapp ressurs. Til dømes er levetida for grusressursar i Voss kommune berekna til å vere mindre enn 100 år. Den totale verdien av grusressursane i Vestland er berekna å vere 34 milliardar.

Pukkførekomstar av nasjonal verdi


To av landets viktigaste pukkførekomstar ligg i Sogn og Fjordane.⁴ Både i Gulen og Bremanger finn ein store førekommstar av gneis og sandstein som er høgt verdsette som byggjerastoff i Europa grunna gode mekaniske eigenskapar og høg slitemotstand. Plasseringa er gunstig i høve til marknaden på kontinentet, der steinmassane kan transporterast sjøvegen.

Ressursane for grus finst både i fast fjell og som lause breelvavsetningar. For å unngå store miljø- og transportkostnader, bør ein nytte byggjerastoffa nært der dei allereie finst. (Kjelde: Direktoratet for mineralforvaltning)

Vestlandsskogane i sterkt vekst

Den siste landsskogtakseringa viser at det er over 140 millionar kubikkmeter tømmer i vestlandsskogane, medrekna tal for Rogaland og Møre og Romsdal (figur 5.4.3). 88 prosent er del av det produktive skogarealet, medan dei resterande 12 prosentane står på andre markslag.


Sjølv om vestlandsfylka ikkje er blant dei mest skogrike i landet, er det her veksten har vore størst dei siste 15 åra med ei volumauke i tømmer på 50 prosent. Det er særleg gran som har vakse mykje sidan takseringsperioden 1998–2002 og til 2013–2017 (figur 5.4.4).




Figur 5.4.1: Fylkesvis fordeling av grusressursar i 1 000 tonn, 2016. Gjeldande fylkesinndeling. Kjelde: NGU/direktoratet for mineralforvaltning

Over tid har avverka tømmer for sal auka. Trass i at voluma ikkje er store i høve til andre fylke, er Hordaland og Sogn og Fjordane blant dei fylka i landet som har hatt størst prosentvis auke i avverka tømmer. I 2017 vart det seld avverka industrivirke for nesten 100 millionar kroner i Hordaland og


40 millionar kroner i Sogn og Fjordane. Utviklinga dei siste ti åra viser at Hordaland har hatt ei jamn auke sidan 2007. Sogn og Fjordane har hatt opp og nedgang i tømmersalet, men volumet er større no enn tidlegare (sjå figur 5.4.5).




Figur 5.4.2: Fylkesvis fordeling av pukk i 2016. Gjeldande fylkesinndeling. Kjelde: NGU/direktoratet for mineralforvaltning.



Figur 5.4.3: Stående kubikkmasse under bark (m³) i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Tala for produktivt skogareal og andre markslag er summert. Kjelde: SSB tabell 06290




Figur 5.4.4: Endring i stående volum av tømmer fra takstperioden 1998–2002 til 2013–2017, etter region. Kjelde: SSB-tabell 06291




Figur 5.4.5: Industriavvirke for sal etter kubikk (m³) og bruttoverdi av total avvirkning for sal i 1 000 kr. Kjelde: SSB tabell 07412 og 03794.

Vestland vil bli landets største på akvakultur

Akvakultur er ei næring der Vestland fylke har sine fortrinn. Dei seinare åra har næringa auka jamnt, og i 2016 blei det seld laks og regnbogeaure til ein verdi av 16 milliardar kroner. Fylket vil bli landets største om ein ser på behaldningen av matfisk. Nesten ein fjerdedel av matfisken i Noreg vil vere frå Vestland. Samstundes har akvakulturnæringa miljøutfordringar knytt til mellom anna lakselus og anna lokal forureining. Tal på rømming av oppdrettslaks har også negative konsekvensar for villaks.⁵ Tap av matfisk i Vestland har auka jamnt over tid, og i 2017 hadde fylket det høgste tapet av matfisk i landet.



Figur 5.4.6: Behaldning av matfisk og prosendelen tap/svinn. Ny fylkesinndeling. 2017. Kjelde: SSB tabell 09259



Figur 5.4.7: Sal av slakta laks og regnbogeaure. Vestland. Kjelde: SSB tabell 07326

5.5 KULTURMINNE

Nærare 13 000 registrerte freda kulturminne


I Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden er det registrert nesten 13 000 freda kulturminne i Vestland fylke. Hovudvekta av desse er automatisk freda arkeologiske kulturminne og ruinar frå mellomalderen.

Andre sentrale grupper er freda bygningar og fartøy. Registreringane i databasen gjev viktig informasjon om kulturminneinteresser og verdiar som er heimla i kulturminnelova. Kulturminne som er prioriterte i kommunale kulturminneplanar, verna gjennom plan og bygningslova, skal etter kvart bli lagt inn i Askeladden.


Mange kulturminne krev vedlikehald

Noreg har to miljømål for kulturminne som omhandlar vedlikehald. Eit prioritert utval av automatisk freda arkeologiske kulturminne, samt freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Per i dag er det 20 prosent av fartøya i Vestland fylke (9 stk), 32 prosent av bygningane og halvparten av dei arkeologiske minna som har eit ordinært nivå i høve til vedlikehald. Mange av bygningane og arkeologiske minne har ikkje registrert tilstandsgrad, noko som gjer det vanskeleg å vurdere om ein når desse måla.

Det har vore progresjon i den delen som omhandlar sikring og tilrettelegging av automatisk freda arkeologiske kulturminner for publikum⁶ (BERG⁷ og BARK⁸). Det har også vore positiv utvikling i høve til freda bygg og anlegg som krev ordinært vedlikehald, men for bygningars i privat eige og fartøy vil ein ikkje nå målet innan 2020.



Figur 5.5.1: Registrerte kulturminner i Vestland, fordelt på kategori. Tal henta ut november 2018. Kjelde: Askeladden-databasen, Riksantikvaren



Figur 5.5.2: Tilstandsgrad for bygningar, fartøy og arkeologiske kulturminne. Tal henta ut november 2018. Kjelde: Askeladden-databasen, Riksantikvaren

6 Riksantikvaren, miljøstatus.no

7 Bevaringsprogrammet for bergkunst

8 Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminner

6 LEVEKÅR



6.1 Hushaldsinntekt	68	6.5 Uføreyting	75
6.2 Ulikskap i inntekt	70	6.6 Utanforskap	76
6.3 Arbeidsløyse	73	6.7 Mobbing	77
6.4 Sjukefråvær	74	6.8 Bustad	78

Samfunn, økonomisk fordeling og infrastruktur set rammene for folk sine liv. Tilgang på arbeid, lønns- og trygdenivå, sosiale støtteordningar og bustadprisar er område som i stor grad påverkar folk og deira evne til å leve aktive og sosiale liv. Dette er også område kor enkeltindivid i svært liten grad har moglegheit til å påverke. Medan nokre faktorar kan vere styrt av globale og nasjonale føringar, er det andre faktorar som blir styrt gjennom lokale og regionale prioriteringar.


6.1 HUSHALDSINNTEKT

Det er stor variasjon i fordelinga av samla hushaldsinntekt i Vestland fylke. 30 prosent av alle hushald i fylket hadde ei samla inntekt (før skatt) på under 450 000 kr i 2016, og om lag 30 prosent av hushalda hadde ei samla inntekt på 1 000 000 kr eller meir.

I 2016 var medianverdien for samla hushaldsinntekt før skatt for alle hushald i Noreg på 635 300 kr. I både Hordaland og Sogn og Fjordane låg medianverdien for hushaldsinntekta over det nasjonale nivået for alle hushald sett under eitt, men høgare og lågare for ulike hushaldningstypar.

Tabell 6.1.1: Medianverdien i 2016 for samla hushaldsinntekt (før skatt) for ulike hushaldstypar i Noreg, samanlikna med Hordaland og Sogn og Fjordane. Kjelde: SSB tabell 09903.

	Noreg	Hordaland	Sogn og Fjordane
Alle hushald	635 300 kr	+ 27 000 kr	+ 23 200 kr
Par med born 0–17 år	1 062 500 kr	+ 17 500 kr	- 3 700 kr
Par utan born	793 100 kr	+ 4 600 kr	- 29 000 kr
Einsleg mor/far med born 0–17 år	492 700 kr	+ 5 700 kr	+ 17 800 kr
Åleinebuande	356 400 kr	+ 6 200 kr	- 11 700 kr



Figur 6.1.1: Fordeling av samla inntekt (før skatt) per hushald i Vestland fylke i 2016. Kjelde: SSB, tabell 07184.

Einslege forsørgarar

Medianverdien i Noreg for hushaldsinntekt før skatt for einsleg med born var på 492 700 kr i 2016. Medianverdien låg over nasjonalt nivå, både i Hordaland og Sogn og Fjordane. Born av einslege forsørgarar er ei potensielt utsett gruppe, både økonomisk og sosialt.¹



Samanheng mellom uføretrygd og del eineforsørgarar

I Risikoindeks for folkehelse (sjå vedlegg) er det identifisert fem samfunnsforhold som har signifikant sammenheng med graden av uføretrygd i norske kommunar. Blant desse forklarar del eineforsørgarar 21 prosent. Etter utdanningsnivå og snittalder er dette den faktoren som i størst grad samvarierer med uføretrygd i ein kommune. For å redusere problem med kausalitet i samvansjonen, er uføregrad målt etter risikofaktorane i tid.




Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke ligg signifikant dårlegare enn landsnivået når det gjeld born (0–17 år) av einslege forsørgarar.


I 2016 budde mellom 12–14 prosent av borna i Vestland fylke i hushald med ein forsøgar. Det nasjonale nivået same året var 15 prosent (sjå figur 6.1.2).

Oppleving av eigen økonomisk situasjon

I 2018 vart det gjennomført ei stor folkehelseundersøking av vaksenpopulasjonen i Hordaland. Til spørsmåla om korleis ein opplever sin økonomiske situasjon samanlikna med andre i Noreg, viser resultata at kvinner jamt over opplyser mindre god råd enn menn. Med stigande alder opplyser fleire at dei stort sett har god råd (sjå figur 6.1.3).



Figur 6.1.2: Born av einslege forsørgjarar i Noreg, Hordaland og Sogn og Fjordane i perioden 1995–2016, vist som delen born 0–17 år som det vert utbetalt utvida barnetrygd for; i prosent av alle born 0–17 år som det vert utbetalt barnetrygd for. Kjelde: Norgeshelsa statistikkbank



Figur 6.1.3: Oppleving av eigen økonomisk situasjon, gjennomsnitt etter kjønn og alder. Kvar prikklinje gjeld eitt år, frå 18–80+ år, frå venstre til høgre. Kjelde: Folkehelseinstituttet. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland». Hordaland fylkeskommune, 2018.

1 Norgeshelsa statistikkbank. Definisjonar: Barn av eneforsørgere (LHF).

6.2 ULIKSKAP I INNTEKT

Ulikheita aukar

Inntektsulikskapen i Noreg er låg i internasjonal sammenheng.² Likevel har ulikskapen nasjonalt, målt ved både P90/P10-forholdet og Ginikoeffisienten (sjå figur 6.2.1), auka dei siste ti åra. Det gjeld også for Vestland fylke.



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) syner at Vestland fylke ligg betre an enn landet når det gjeld inntektsulikskap, men dette er ikkje testa for statistisk signifikans.³

Fleire bur i hushald med vedvarande låg inntekt

Del personar i hushald med vedvarande låg inntekt (etter skatt) har auka med om lag 1 prosentpoeng dei siste ti åra, både i Noreg som heilheit, og i Vestland fylke.⁴ Fylket ligg likevel under nasjonalt nivå for heile denne perioden. Del personar som budde i hushald med vedvarande låg inntekt i perioden 2014 til 2016 var 9 prosent i Noreg, 8 prosent i Hordaland og 7 prosent i Sogn og Fjordane. Samanlikna med personar over 34 år, er det ein større del unge, og særleg dei i etableringsfasen mellom 18 og 34 år, som bur i hushald med vedvarande låg inntekt (sjå figur 6.2.2).

Definisjon: Ulikskapsmål

P90/P10-forholdet: Forholdstalet mellom inntekta til personen som har høgare inntekt enn 90 prosent av alle andre (P90) og inntekta til personen som har lågare inntekt enn 90 prosent av alle andre (P10). Jo lågare verdi, jo mindre er inntektsulikskapen.

Ginikoeffisient: Verdien indikerer kor jamn eller skeiv inntektsfordelinga er i heile befolkninga. Jo lågare verdi, jo jamnare er inntektsfordelinga.


Merk at begge ulikskapsmåla er sårbare for ekstreme inntekter, både høge og låge.

Kjelde: SSB, tabell 09114.



Låginntekt og uføretrygd

I Risikoindeks for folkehelse (sjå vedlegg) er det identifisert fem samfunnsforhold som har signifikant samanheng med graden av uføretrygd i norske kommunar. Del låginntektshushald er ein risikofaktor, som kan påverke folkehelsa og bidra til å auke risikoen for å bli varig uføretrygda. Indikatoren er vekta med 9 prosent.



Figur 6.2.1: Utvikling i inntektsulikhet i Noreg, Hordaland og Sogn og Fjordane, målt ved P90/P10-forholdet og Ginikoeffisienten.

* Sekundærakse.

2 SSB. «Utvikling i inntektsulikhet», <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/barekraft/utvikling-i-inntektsulikhet>. Lest: 20.10.2018.

3 Ulikhet i inntekt er vist med P90/P10 i Folkehelsebarometeret.

4 Grensa for vedvarande låg inntekt vert definert som årleg inntekt etter skatt per forbrukseining (berekna ved bruk av EU sin ekvivalensskala) som er under 60 prosent av nasjonal mediangjennomsnitt i ein treårsperiode.

Aukande del born i låginntektshushald


Del born i alderen 0 til 17 år som bur i hushald med låg inntekt var om lag 2 prosentpoeng lågare i Vestland fylke i 2016, samanlikna med heile Noreg same år.⁵

F Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke ligg signifikant betre an enn landsnivået når det kjem til del barn som veks opp i låginntektshushald.


Utviklinga over tid for denne aldersgruppa syner at delen born busett i hushald med låg inntekt, har auka dei siste ti åra (sjå figur 6.2.3). Både på nasjonalt nivå og i Vestland fylke har delen auka med over 3 prosentpoeng. Dette er ein større auke, samanlikna med utviklinga i del personar i alle aldrar busett i låginntektshushald i same tiårs-periode.⁶

Negative konsekvensar for born i hushald med låg inntekt

Samanlikna med andre ungdommar, rapporterer ungdom som opplyser at dei bur i eit hushald med låg inntekt oftare at dei ikkje trivst i skulen, ikkje er aktive i organiserte fritidsaktivitetar og ikkje et frukost. Dei er oftare ute trygge i eige nabolag. Dei rapporterer også oftare at dei har prøvd alkohol og hasj, samanlikna med andre grupper.⁷ At born i hushald med låg inntekt mistrivst oftare i skulen, har færre venner enn andre og har fleire psykiske problem, er også avdekt gjennom studiar.⁸



Figur 6.2.3: Utvikling i del born i alderen 0 til 17 år busett i hushald med låg inntekt. Kjelde: SSB, tabell 08764.



Figur 6.2.2: Del personar i ulike aldersgrupper som bur i hushald med vedvarande låg inntekt i perioden 2014 til 2016. Kjelde: SSB, tabell 10498.

5 Kjelde: SSB, tabell 08764. Låg inntekt vert definert som årleg inntekt etter skatt per forbrukseining (berekna ved bruk av EU sin ekvivalensskala) som er under 60 prosent av nasjonal medianinntekt. Per 2016: Noreg 12,3 prosent, Hordaland 10,4 prosent, Sogn og Fjordane 10,5 prosent.


6 Utvikling i del personar busett i låginntektshushald i perioden 2007 til 2016: Noreg 1 prosentpoeng, Hordaland 0,6 prosentpoeng, Sogn og Fjordane 0,4 prosentpoeng. Kjelde: SSB, tabell 06947.

7 <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2018/aud-rapport-09-18-korleis-har-ungdommen-i-hordaland-det.pdf> Lest: 17.10.2018.

8 Levekårsundersøkelse i Askøy, Fjell, Sund og Øygarden (RKBU Vest, Uni Research Helse) 2017.

Store skilnader på kommunenivå

Del born i alderen 0 til 17 år som budde i hushald med låg inntekt varierte mellom 4,9 og 20,2 prosent i kommunane i Vestland fylke i 2016. 13 av totalt 58 kommunar i fylket hadde ein høgare del born i hushald med låg inntekt, samanlikna med det nasjonale gjennomsnittet på 12,3 prosent.⁹



Figur 6.2.4: Del born (0 til 17 år) per kommune busett i hushald med låg inntekt i Vestland fylke i 2016, i prosent.
Kjelde: SSB, tabell 08764.

⁹ 12,3 prosent av born i alderen 0–17 år budde i låginntektshushald i Noreg i 2016. Manglar statistikk for Modalen kommune.

6.3 ARBEIDSLØYSE

Definisjon

Ein arbeidsledig person, i følgje NAV, må (1) ha vore utan inntektsgivande arbeid dei siste to vekene, (2) ha forsøkt å få arbeid ved NAV og (3) vere tilgjengeleg for arbeid som vert søkt.¹⁰


Del av arbeidsstyrken som er heilt arbeidsledige i Vestland fylke, har lege mellom 2 og 3 prosent dei siste fem åra.¹¹ Etter ein topp på 3 prosent i 2016, har arbeidsløysa gått gradvis nedover dei siste to åra. I september 2018 var 2,4 prosent av arbeidsstyrken i Vestland fylke heilt utan arbeid. Arbeidsløysa har vore høgare for menn enn for kvinner i denne femårsperioden. På landsbasis skil ikkje delen arbeidsledige med funksjonsnedsette seg frå resten av befolkninga.¹²

Del av arbeidsstyrken som er delvis arbeidsledige i Vestland fylke, har vore på eit lågare nivå i perioden 2014 til 2018, samanlikna med personar som var heilt arbeidsledige i same periode. Ein større del kvinner enn menn har vore delvis arbeidsledige denne perioden. For arbeidssøkjarar på tiltak er fordelinga tilnærma lik blant menn og kvinner kvar år.

Borparten av dei arbeidsledige i Sogn og Fjordane, Hordaland og på landsbasis har ikkje fullført meir enn grunnskule eller vidaregåande skule. Det er betydeleg færre arbeidsledige blant personar som har fullført kort høgskule- eller universitetsutdanning, og endå færre blant dei som har fullført lang høgskule- eller universitetsutdanning.¹³

Unge arbeidsledige

Dei siste fem åra har delen heilt arbeidsledige blant personar mellom 15 og 30 år lege på rundt tre prosent i Vestland fylke, altså noko høgare enn arbeidsløysa generelt i fylket.¹⁴ Etter ein topp på 3,4 prosent i 2015 og 2016, har arbeidsløysa gått gradvis ned dei siste to åra. I september 2018 var arbeidsløysa blant personar i denne aldersgruppa 2,4 prosent, og dermed lik nivået for heile arbeidsstyrken i Vestland fylke. Arbeidsløysa for personar under 30 år har vore høgare for menn enn kvinner kvar år frå 2014 til 2018, men skilnaden er mindre i 2018 samanlikna med dei siste tre åra.



Figur 6.3.1: Del arbeidsledige i Vestland fylke. Heilt arbeidsledige i alderen 15–30 år og 15 år og eldre, etter kjønn. Delvis arbeidsledige og arbeidsledige på tiltak er gjennomsnitt, uavhengig av kjønn. Kjelde: NAV.

10 NAV. 2018. «Helt ledig». <https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Statistikk/Arbeidssokere+og+stillinger+-+statistikk/Helt+ledige>. Lest: 24.10.2018.

11 Arbeidsstyrken reknast som summen av personar som er registrerte sysselsette og registrerte arbeidsledige hjå NAV. Gjeld for personar som er 15 år og eldre.

12 <https://www.ssb.no/statbank/table/09357>

13 Kjelde: SSB, tabell 11021.

14 Med arbeidsløysa generelt i Vestland fylke meiner vi arbeidsløysa for personar som er 15 år og eldre.


6.4 SJUKEFRÅVÆR

Definisjon

Sjukefråvær vert rekna som legemeldte sjukefråværsdagsverk på grunn av eigen sjukdom i prosent av avtalte dagsverk.

Gjennomsnittleg sjukefråvær frå 2010 til 2018 var 5 prosent blant sysselsette (16 til 69 år) i Sogn og Fjordane, og 5,6 prosent i Hordaland.¹⁵ Sjukefråværet har gått ned med om lag 1 prosentpoeng dei siste åtte åra, både i Sogn og Fjordane, Hordaland og nasjonalt.

Gjennomsnittleg sjukefråvær, fordelt på aldersgrupper, syner at nivået i Sogn og Fjordane og Hordaland har vore svært likt landsgjennomsnittet i perioden 2010 til 2018. Unge sysselsette (16 til 29 år) har hatt det lågaste gjennomsnittlege sjukefråværet, i tillegg til gruppa som er 67 år eller eldre. Nivået blant sysselsette i alderen 30 til 54 år har vore nært dei respektive fylkesgjennomsnitta i Sogn og Fjordane og Hordaland. Eldre sysselsette (55 til 66 år), særleg dei som er 60 til 66 år, hadde eit noko høgare gjennomsnittleg sjukefråvær i begge fylka i perioden 2010 til 2018. I same periode har kvinner i dei fleste aldersgrupper hatt eit høgare gjennomsnittleg sjukefråvær enn menn. Denne kjønnsforskjellen finn vi også igjen på nasjonalt nivå.



Figur 6.4.1: Gjennomsnittleg sjukefråvær i prosent for perioden 2010 til 2018. Kjelde: SSB tabell 08320.

15 Gjennomsnittleg sjukefråvær for sysselsette i alderen 16 til 69 år i Noreg 2010 til 2018 var 5,5 prosent. Kjelde: SSB, tabell 08320.

6.5 UFØREYTING


Del personar som mottek uføreytingar aukar med alder, og generelt er det fleire kvinner enn menn som mottek uføreytingar.

I Vestland fylke og i Noreg har delen som mottok uføreytingar i perioden 2010–2016 gått ned i aldersgruppene 25–44 år og 45–67 år, medan den har gått opp for aldersgruppa 18–24 år.

F Når det gjeld mottakarar av uføreytingar¹⁶ blant unge i alderen 18–24 år syner Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) at Sogn og Fjordane ligg signifikant lågare enn landsnivået. Nivået i Hordaland er ikkje signifikant ulikt landsnivået.

Risikoindeks for folkehelse

I vår risikoindeks for folkehelse (sjå vedlegg) har vi identifisert fem samfunnsforhold som har signifikant samanheng med graden av uføretrygd i norske kommunar. Dette er snittalder (27 %), del grunnskuleutdanna 30-39-åringar (27 %), del eineforsøgarar (21 %), tal verksemder med tilsette per 100 innbyggjarar i yrkesaktiv alder (16 %), og del låginntektshushald (9 %). Variablane er kontrollert mot kvarandre, og tala i parentes fortel kor mykje kvar variabel har å seie for samla risiko.



Figur 6.5.1: Utvikling over tid (2010–2016) i del mottakarar av samla uføreytingar fordelt på alder i Noreg, Sogn og Fjordane og Hordaland. Kjelde: Norgeshelsa statistikkbank: Mottakere av uføreytelser (LHF).

16 Omfattar varig uførepensjon og arbeidsavklaringspengar.


6.6 UTANFORSKAP

Svak auke i einsame ungdommar

Om lag 20 prosent av ungdom i Noreg og i Vestland fylke opplyser at dei har vore mykje plaga av einsemd i løpet av den siste veka.¹⁷ Det er stor variasjon mellom kommunane. Utviklinga over tid viser ein nasjonal svakt aukane trend i delen ungdomskuleelevar som er plaga av einsemd. Førekomensten av einsemd aukar for kvart trinn i ungdomsskulen. Tala viser stor kjønnsforskjell. Langt fleire jenter enn gutter føler seg einsame (sjå figur 6.6.1).¹⁸

Opplevd einsemd minkar med aukande alder

Når det gjeld den vaksne delen av befolkninga, syner folkehelseundersøkinga i Hordaland at delen som opplever einsemd ofte eller svært ofte, minkar med alder. Delen er størst blant personar i alderen 18 til 29 år.¹⁹ Dette gjeld både for menn (24 prosent) og kvinner (23,2 prosent). Personar som er eldre enn det, opplever mindre einsemd dess eldre dei er. Kjønnsforskjellane er også små for alle aldersgrupper.²⁰




Figur 6.6.1: Nasjonal kjønns- og klassesetrinnsfordeling av kor mange som er plaga av å føle seg einsam minst ei gong i veka før undersøkinga. Kjelde: www.ungdata.no.

Sosial støtte

Befolkninga i Hordaland har blitt spurt om deira opplevde sosiale støtte.²¹ 88,5 prosent av dei spurde opplever sosial støtte, og delen er noko større blant kvinner enn menn.²² Opplevd sosial støtte aukar med utdanningsnivå og alder for begge kjønn. Menn i alderen 30 til 39 år skil seg likevel ut, med ein noko høyare del som opplever sosial støtte enn venta med bakgrunn i observert alderstrend (sjå figur 6.6.2).

Trivsel i nærmiljøet

Av dei som svara i folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018, oppgav 73,2 prosent at dei trivst i eige nærmiljø. Delen varierer noko mellom regionane. Færrest i Hardanger og Voss (70,2 prosent) oppgjer å trivast. Flest trivst i Bergen med 74,8 prosent. Trivselen aukar med utdanningsnivå og alder, der alder har størst innverknad. 20,4 prosentpoeng skil dei eldste aldersgruppene frå dei yngste. I same undersøking oppgav respondentane at tilgang på natur- og friluftsområde, tilgang til butikk og spisested, å kunne vere i fred og å kjenne naboane er dei viktigaste faktorane for å trivast.²³



Figur 6.6.2: Opplevd sosial støtte, Hordaland 2018. Kjelde: «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland». Hordaland fylkeskommune, 2018.

17 Ungdata-undersøkinga er ei nasjonal undersøking som sidan 2010 er gjennomført blant ungdom i 412 kommunar i Noreg.

Tal frå Hordaland er basert på data innsamla i perioden 2011–2017, medan tala frå Sogn og Fjordane er frå perioden 2014–2018.

18 www.ungdata.no

19 Folkehelseinstituttet. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland». Hordaland fylkeskommune, 2018.

20 30–39 år: Kvinner 17,6 prosent, menn 18,1 prosent. 40–49 år: Kvinner 11,6 prosent, menn 11,3 prosent. 50–59 år: Kvinner 8,2 prosent, menn 8,5 prosent. 60–69 år: Kvinner 6,8 prosent, menn 6,4 prosent. 70+: Kvinner 6,2 prosent, menn 4,4 prosent.

21 Folkehelseinstituttet. «Folkehelseundersøkelsen i Hordaland». Hordaland fylkeskommune, 2018.

22 Kvinner: 89,84 prosent. Menn: 87,04 prosent.

23 Tilgang på natur- og friluftsområde (67 prosent), tilgang til butikk og spisested (48,1 prosent), å kunne vere i fred (44 prosent) og å kjenne naboane (40,5 prosent). Kjelde: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/folkehelse/folkehelseundersøkinga-hordaland-2018-rapport.pdf>

6.7 MOBBING

Fakta

Mobbing har store konsekvensar for dei som blir ramma. Ungdom som blir mobba har langt dårligare livssituasjon i ungdomstida, samanlikna med dei som ikkje blir mobba. Offer for mobbing har blant anna betydeleg fleire fysiske og psykiske plager, dei trivst dårligere på alle område, dei skulkar meir, blir utsette for meir vald, brukar meir rusmidlar og er langt oftare involvert i kriminalitet samanlikna med andre. Det er også fleire av dei som blir mobba som manglar fortrulege vener, og dei er mindre nøgd med foreldra sine enn andre.

Dei som utset andre for plaging og utesetjing har på dei fleste område påfallande lik livssituasjon som mobbeoffera. Både dei som mobbar og dei som blir mobba, opplyser at dei oftare kjenner seg einsame, samanlikna med dei som ikkje er involvert i mobbing.²⁴


Kjelde: «Ungdata 2016, Nasjonale resultater». Anders Bakken. Velferdsforskningsinstituttet NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

I Ungdata-undersøkinga vert ikkje mobbing målt direkte, men ungdommane blir spurta om dei har blitt utsett for fenomen som er tett knytt til mobbing, som å bli plaga, truga eller utfryst av andre på skulen eller i fritida. Ungdommane blir også spurta om dei sjølv utsett andre for slike handlingar.

Det store fleirtalet av ungdom i Noreg er ikkje involvert i mobbing, verken som offer eller utsøvar.²⁵ Nasjonalt og i Vestland fylke er det om lag 2 prosent av ungdomsskule-elevane som ofte plagar, trugar eller frys ut andre.²⁶

I Noreg blir om lag 7 prosent av ungdom på ungdomstrinnet plaga, erta eller utfryst minst kvar 14. dag. Delen som blir utsett for mobbing minkar med alderen, og på vidaregåande skule er delen som blir mobba om lag 5 prosent. Sett under eitt er det små kjønnsskilnadar.²⁷ Det er stor variasjon mellom kommunane i prosentdelen av ungdom som ofte blir utsett for slike negative handlingar, men samla sett ligg Vestland fylke likt med landsnivået.

Det er lite som tyder på at det nasjonale omfanget av mobbing i ungdomsskulen har blitt redusert i særleg grad i perioden 2011 til 2016.²⁸ Det trass i den betydelege innsatsen som samfunnet har sett inn for å avgrense fenomenet.²⁹



Figur 6.7.1: Kjønns- og klassetrinnsfordeling av kor mange som blir mobba minst kvar 14. dag i Noreg. Kjelde: www.ungdata.no.

24 «Korleis har ungdommane i Hordaland det?». AUD-rapport 09/2018. Hordaland fylkeskommune.

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2018/aud-rapport-09-18-korleis-har-ungdommen-i-hordaland-det.pdf>

25 «Ungdata 2016, Nasjonale resultater». Anders Bakken. Velferdsforskningsinstituttet NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

26 www.ungdata.no

27 «Ungdata 2016, Nasjonale resultater». Anders Bakken. Velferdsforskningsinstituttet NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

28 I 2011 var det 6,8 prosent av ungdomskuleeleverne som bli mobba, i 2016 var tala på 7,5 prosent.

29 «Ungdata 2016, Nasjonale resultater». Anders Bakken. Velferdsforskningsinstituttet NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

6.8 BUSTAD

Dei fleste hushald eig bustaden sin

Om lag tre fjerdedelar av alle hushald i Vestland fylke bur i bustader dei sjølv eig, medan resten leiger bustaden sin.³⁰ Fordelinga er svært lik som i resten av Noreg. Kor mange hushald som eig bustaden dei bur i, og kor mange som leiger, har vore tilnærma likt dei siste tre åra. Alle kommunar, med unntak av ein, ligg mellom 13 og 32 prosent leigde bustader. Unntaket er Sogndal der heile 43 prosent av hushalda leiger bustaden dei bur i.³¹



I Vestland fylke:
24 % leiger
76 % eig

Mange bur i einebustad

I overkant av 90 prosent av alle hushald i Vestland fylke bur romleg; i bustader med mange rom og kvadratmeter.³² Både i Vestland og i Noreg som heilskap, er delen som bur i einebustader størst. Når det gjeld hushald som bur i tomannsbustader og rekke-, kjede- og andre småhus, er fordelinga i Noreg som heilskap og Vestland fylke svært lik. Om vi samanliknar Bergen kommune med resten av Vestland fylke, ser vi særleg ein skilnad i del hushald som bur i bustadblokker, der delen er klart større i Bergen. Del hushald i ulike typar bustader har vore tilnærma lik i Vestland fylke dei siste tre åra (sjå figur 6.8.1).


I Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 oppgav om lag 97 prosent av dei spurte at dei opplevde at det var enkelt for dei å bevege seg i og rundt sin eigen bustad.

Prisvekst på einebustader

Gjennomsnittleg kvadratmeterpris på nye og brukte einebustader har auka i Sogn og Fjordane, Hordaland og i heile landet sidan 2001. Prisveksten på brukte einebustader har vore høgare i Hordaland, og særskilt i Sogn og Fjordane, samanlikna med den nasjonale utviklinga i same periode. Prisveksten på nye einebustader har vore tilnærma lik i dei to fylka, som nasjonalt (sjå figur 6.8.2).

Kommunalt disponerte bustader

Kommunane disponerer i varierande grad bustader for utleige, til døme omsorgsbustad, bustad til flyktningar, økonomisk vanskelegstilte med meir. Tal kommunalt disponerte bustader i 2017 varierte frå 10–60 bustader per 1000 innbyggjarar blant kommunane i Vestland fylke (sjå figur 6.8.3).





Figur 6.8.1: Del hushald som bur i ulike type bustadar i Noreg, Vestland fylke, Bergen kommune og Vestland fylke utanom Bergen kommune i 2017. Kjelde: SSB tabell 11508.

30 Per 2017. SSB, tabell 11084.

31 Medianverdien for del hushald i kvar kommune som leiger (eig) bustaden sin var 21 (79) prosent i Vestland fylke i 2017.

32 SSB, tabell 11093. Folkehelsebarometret syner korleis Sogn og Fjordane og Hordaland ligg an samanlikna med landsnivået når det gjeld born (0–17 år) som bur trøngt (sjå vedlegg).



Figur 6.8.3: Tal kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjarar i 2017.
 Kilde: SSB tabell 12008.

Stor reduksjon i tal heimlause

Fakta

Heimlause oppheld seg i og hører heime i alle typar kommunar i Noreg. Det er heimlause i små kommunar og rurale strøk, men majoriteten både i absolute og relative tal er likevel i byane.


Definisjon

Personar som ikkje disponerer eigen eigd eller leigd bustad og er vist til tilfeldige og midlertidige butilbod, bur midlertidig hos venner, kjende eller slektingar, vert rekna som heimlause. Dette gjeld også personar som er i institusjon eller under kriminalomsorga og skal utskrivast/lauslatast innan to månader utan å ha eigen bustad, samt personar som sør ute/ikke har ein stad å sove.

Personar som bur varig hos nære pårørande eller i framleidt bustad blir ikkje rekna som heimlause. Vidare er heimlause personar som oppheld seg midlertidig i Noreg, ikkje inkludert.³³

By- og regionforskningsinstituttet NIBR si landsomfattande kartlegging av heimlause i 2016 viste ein stor reduksjon i talet heimlause i Noreg.³⁴ Nedgangen kom i alle typar kommunar; storbyane, mellomstore byar, mindre kommunar og små kommunar.³⁵

I Bergen var det om lag 500 heimlause personar i 2016. Det svarar til 1,75 heimlause per 1000 innbyggjarar. Til samanlikning var det same år i Noreg 0,75 heimlause per 1000 innbyggjarar, og 1,44 heimlause per 1000 innbyggjar i Oslo. Bergen er den einaste storbyen i Vestland fylke. Byen har difor eit stort «rekryteringsområde» blant personar som fell utanfor, blant anna på grunn av at rusmisbrukarar på småstader oppsøker et meir anonymt byliv. Heimlause i Bergen er i stor grad avhengige av rusmiddel, og dei slit i stor grad med psykisk sjukdom. Menn utgjer nærmare ni av ti heimlause i Bergen, og deira viktigaste inntektskjelde er sosialhjelp.³⁶



Figur 6.8.4: Heimlause i Noreg og dei fire største byane; Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger, i perioden 2003–2006. Kjelde: «Bostedsløse i Noreg 2016 – en kartlegging» NIBR-rapport 2017:13. Evelyn Dyb og Stian Lid.

33 «Bostedsløse i Norge 2016 – en kartlegging» NIBR-rapport 2017:13. Evelyn Dyb og Stian Lid. https://www.husbanken.no/bibliotek/bib_boligpolitikk/bostedslose-i-norge-2016-en-kartlegging/

34 By- og regionforskningsinstituttet NIBR si landsomfattande kartlegging av heimlause frå 2016 inngår i ein tidsserie og er nummer seks. Den første ble gjennomført i 1996.

35 «Bostedsløse i Norge 2016 – en kartlegging» NIBR-rapport 2017:13. Evelyn Dyb og Stian Lid. https://www.husbanken.no/bibliotek/bib_boligpolitikk/bostedslose-i-norge-2016-en-kartlegging/

36 «Bostedsløse i Norge 2016 – en kartlegging» NIBR-rapport 2017:13. Evelyn Dyb og Stian Lid. https://www.husbanken.no/bibliotek/bib_boligpolitikk/bostedslose-i-norge-2016-en-kartlegging/

7 SAMFERDSLE



7.1 Nøkkeltal for samferdsle	83
7.2 Vegnett	84
7.3 Kollektivtransport	86
7.4 Reisevanar	87
7.5 Lufthamner og flytrafikk	88

Infrastruktur omfattar både vegnett, rutenett, telefon- og datakabler. Det er langs linjene av etablert infrastruktur at samfunn ofte veks. Den fysiske infrastrukturen og ivaretakinga av den er langsiktig, nær sagt permanent og er difor ein sentral del av planlegging og samfunnsutvikling. Kollektivtilbodet påverker både reisevaner, livsstil og moglegheit for sosial deltaking og inkludering.



7.1 NØKKELTAL FOR SAMFERDSLE

Tabell 7.1.1: Nøkkeltal for samferdsel i Hordaland, Sogn og Fjordane, Vest-Norge og landet utan Oslo.


Kjelde: SSB KOSTRA/Investeringsprogram for Samferdsel i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Tal for 2017.

Nøkkeltal	Eining	Hordaland	Sogn og Fjordane	Vest-Norge	Landet (utan Oslo)
Brutto driftsutgifter per km fylkesveg ¹	kr	144 000	111 000	-	-
Brutto driftsutgifter til vedlikehald per km fylkesveg ¹	kr	25 000	117 000	-	-
Netto driftsutgifter til kollektivtransport (buss, båtruter, t-bane og trikk/bybane) per innbyggjar	kr	2 454	2 951	1 983	1 842
Netto driftsutgifter til fylkesvegferjer per innbyggjar	kr	546	1 161	506	456
Reiser med kollektivtransport per 1 000 innbyggjar (antall) ³	tal	142 613	40 521	96 365	71 252
Del skulereiser i grunn- og vidaregåande skule av alle reiser (prosent) ²	prosent	11,5	37,9	16,7	24,1
Brukarar av transportordninga for funksjonshemma per 1 000 innbyggjar (tal)	tal	26	28	20	19
Del kilometer fylkesveg med dårlig eller svært dårlig dekketilstand av alle fylkesvegar (prosent)	prosent	53	58,3	49,9	40,8

1 Tal frå investeringsprogram i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Med drift av fylkesvegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er naudsynt for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Dette er aktivitetar som brøyting, stroing med salt og sand, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareal, trafikkstyring og trafikantinformasjon. Med vedlikehald av fylkesvegnettet meiner ein tiltak for å oppretthalde standarden på vegdekke, vegoppmerking, grøfter, bruar, tunnelar og tekniske anlegg/installasjonar i tråd med fastsette kvalitetskrav.

2 Både ordinære og i skuletransport inkl. lukka transport. Overgang frå manuelle berekningar av skulereiser til elektronisk uttak frå billetteringssystem, kan påverke samanlikning over tid, spesielt for fylker med høg del skuletransport.

3 Overgang frå manuelle berekningar av skulereiser til elektronisk uttak frå billetteringssystem, kan påverke samanlikninga over tid, spesielt for fylker med høg del skuletransport.





Figur 7.1.1: Nøkkeltal for samferdsle i fylkeskommunar. Tala er rangert etter alle fylker i landet. Figuren gir eit bilete av kor Hordaland og Sogn og Fjordane ligg an på dei ulike variablane i høve til andre fylke. Merk at variablane kan tolkast både positivt og negativt.
Kjelde: SSB KOSTRA

7.2 VEGNETT

Over halvparten av fylkesvegnettet har dårlig dekketilstand


I 2017 hadde 55 prosent av fylkesvegnettet i Vestland fylke dårlig dekketilstand, medan omfanget var 40 prosent i landet under eitt. Det er også verdt å merke seg at omfanget i Vestland fylke er noko høgare enn på Vestlandet generelt (inkludert Rogaland og Møre og Romsdal), der dei geografiske føresetnadane er ganske like. Vedlikehaldsetterslepet i Vestland fylke har auka frå 2015 til 2017, medan tilstanden på nasjonalt nivå har blitt betre i same periode.




Figur 7.2.1: Utvikling i vedlikehaldsetterslep blant fylkesvegane i Noreg, Vest-Noreg og Vestland fylke i perioden 2015 til 2017. Kjelde: SSB, tabell 11842.

Mest trafikk i sentrale strok

Trafikkmengda i Vestland viser at det er i dei sentrale områda at trafikken er størst, særleg i og rundt Bergensområdet, på Voss, i Førde, Sogndal, Leirvik og i Sveio.



Figur 7.2.2: Trafikkmengd målt i årsdøgntrafikk (ÅDT) på vegnettet. Kjelde: Statens vegvesen.




Figur 7.2.3: Tal registrerte køyreøy og endring i prosent frå 2016 til 2017 i Vestland fylke. Kjelde: SSB tabell 11823.

Elbilen på frammarsj

Tal elbilar i Vestland fylke auka frå nærmere 17 000 i 2016 til over 23 000 i 2017, ei auke på nesten 40 prosent. Dei heil-elektriske bilane utgjer ein aukande del av bilparken i fylket, frå 6 prosent i 2016 til 8 prosent i 2017. Ladbare hybridbilar aukar også, frå om lag 3 000 bilar i 2016 til over 5 000 i 2017, ein vekst på over 80 prosent. Per oktober 2018 er det total 859 offentleg tilgjengelege hurtigladestasjonar i Vestland fylke. 190 av dei ligg i Sogn og Fjordane, og 669 i Hordaland.⁴

Ferjefylket Vestland

Vestland er eit stort ferjefylke. Til saman 28 samband dekker kyst- og fjordstroka. 23 av desse trafikkerer fylkesvegane. Passasjertala viser at trafikken er størst langs dei største transportkorridorene, t.d over Bjørnefjorden og kryssingane over Sognefjorden og Nordfjorden.




Figur 7.2.4: Passasjertal for ferjesamband i Vestland fylke, 2017. Kjelde: Statens vegvesen

7.3 KOLLEKTIVTRANSPORT

Høg frekvens sentralt

Om lag åtte av ti personar i Vestland fylke har gangavstand til kollektivstopp med minst ei rute. Desse tala endrar seg lite etter kor i fylket ein bur. I nokre kommunar er det rett nok ein lågare del av befolkninga som bur i gangavstand og dette har samanheng med busettingsmønsteret. Kollektivstopp ligg gjerne langs rette trasear for å sikre effektiv framdrift og reduserte driftskostnadene. I område med tynt befolkningsgrunnlag er det få ruter som kører avstikkarar i bustadområda. Forskjellen mellom sentrale og mindre sentrale strok er først og fremst knytt til frekvens, det vil sei talet på avgangar i timen ein gitt dag. I Bergen har fleirtalet av befolkninga eit høgfrekvent tilbod⁵, dvs. fem eller fleire avgangar i timen. I dei mellomsentrale kommunane har ein hovudvekt av befolkninga eit mellomfrekvent tilbod, avgangar mellom ein og fire gangar i timen. I dei minst sentrale kommunane aukar delen som har eit lågfrekvent tilbod, det vil seie færre enn ein avgang i timen. Figur 7.3.1 illustrerer denne samanhengen ved bruk av sentralitetsindeksen⁶ (sjå vedlegg). Kollektivdekninga ligg mellom 70 og 80 prosent også for dei kommunane med lågast sentralitet (kategori 5 og 6), men det er færre som har tilgang til ruter med høg frekvens.




Figur 7.3.1: Personar i Vestland fylke med tilgang til kollektivtransport (<1 000 m) fordelt på frekvens og sentralitet. Lågfrekvent: <1 avg/time, mellomfrekvent: 1-4 avg/time, høgfrekvent: >5 avg/time. Kjelde: Eigen GIS-analyse / Entur.no

Tre av fire opplev god tilgang til offentleg transport

Det meir objektive målet på kollektivtilgang, som gangavstand til stopp og frekvensen i rutetilboden, heng sammen med det subjektive målet på kollektivtilgang, kor godt befolkninga opplev tilgangen til offentleg transport.

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 syner at om lag 76 prosent av befolkninga i Hordaland meiner at dei har god tilgang til offentleg transport.⁷ Delen varierer mellom geografiske områder i fylket. 82 prosent av befolkninga i Bergen vurderer tilgangen som god. Om lag halvparten, eller færre, av dei spurde i resten av fylket meiner det same. Sunnhordland er den regionen der folk er minst nøgd med kollektivtilboden. Det er rimeleg å anta at opplevd tilgang på offentleg transport i store delar av Sogn og Fjordane liknar distriktskommunane i Hordaland.



Figur 7.3.2: Del av folkesetnaden som meiner dei har god tilgang til offentleg transport. Kjelde: Folkehelseundersøkinga Hordaland 2018

5 Aarhaug m. flere (2014): *Bedre data for kollektivtrafikken*. Rapport 1305 - Transportekonomisk institutt.

6 Sentralitetsindeks, SSB (sjå vedlegg). 2 = Bergen. 3 = Os, Fjell, Askøy. 4 = Sveio, Stord, Voss, Samnanger, Sund, Osterøy, Meland, Øygarden, Radøy, Lindås, Flora, Sogndal, Førde. 5 = Etne, Børnlo, Fitjar, Kvinnherad, Odda, Granvin, Kvam, Fusø, Vaksdal, Austreheim, Leikanger, Årdal, Luster, Fjaler, Gauldal, Jølster, Naustdal, Vågsøy, Eid, Hornindal, Gloppe, Stryn. 6 = Tysnes, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Austevoll, Modalen, Fedje, Masfjorden, Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Vik, Balestrand, Aurland, Lærdal, Askvoll, Bremanger, Selje.

7 Skogen, Jens Christoffer, Otto R. F. Smith, Marit Knapstad, Thomas Sevenius Nilsen og Leif Edvard Aarø. 2018. *Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultater*. Folkehelseinstituttet.

7.4 REISEVANAR


Reisevanar heng saman med sentralitet

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 syner også at over halvparten av befolkninga i fylket nyttar privat motorkjøretøy til og frå arbeid/studiestad.⁸ Bruken av privat motorkjøretøy heng saman med sentralitet (sjå vedlegg): den er størst i spreittbygde strok, og lågast i storbyen.

Når det gjeld kollektivtransport svarte om lag 25 prosent av innbyggjarane i Hordaland, at dei nyttja denne reiseforma til og frå studie eller arbeidsstad. Også her samvarierer

bruken med sentralitet: I storbyen er bruken 41 prosent, medan den er berre 12 prosent i spreittbygde strok.

Delen som svarar at dei nyttar sykkel/el-sykkel eller går til fots til arbeid/studiestad, er mindre enn 20 prosent på dei fleste sentralitetsnivå. Unntaka er delen til fots i storbyar og mindre byar som er høvesvis på 32 og 25 prosent. Vi har ikkje tilsvarende data for Sogn og Fjordane, men det er rimeleg å anta at fordelinga samsvarar mykje med dei mindre sentrale delane av Hordaland.



Figur 7.4.1: På kva måte reiser du vanlegvis mellom heim og jobb/skule? Fleire moglege svar. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland, 2018.

⁸ Skogen, Jens Christoffer, Otto R. F. Smith, Marit Knapstad, Thomas Sevenius Nilsen og Leif Edvard Aarø. 2018. *Folkehelseundersøkelsen i Hordaland: Fremgangsmåte og utvalgte resultater*. Folkehelseinstituttet.

7.5 LUFTHAMNER OG FLYTRAFIKK

Det er seks lufthamner i Vestland fylke: Anda lufthamn i Gloppen kommune, Florø i Flora kommune, Bringeland i Sunnfjord kommune, Haukåsen i Sogndal kommune, Flesland i Bergen kommune og Sørstokken i Stord kommune. Alle lufthamnene er eigg og drivne av Avinor, med unntak av Sørstokken som er eiggd av Stord kommune og Hordaland fylkeskommune. Kvar av desse lufthamnene

har forbindelse til dei fleste andre lufthamnene i fylket. Lufthamnene i Florø, Sandane og Sogndal har daglege ruter til og frå Bergen Lufthavn Flesland, og desse rutene står bak dei største passasjerstraumane imellom lufthamnene i Vestland fylke. Stord lufthamn Sørstokken har berre forbindelsar til Oslo lufthamn Gardermoen. Flesland er den einaste av lufthamnene med forbindelsar til utlandet.

Tabell 7.5.1: Flygingar mellom lufthamner, 2017. Kjelde: SSB tabell 08512.

Flygingar	Til lufthamn								Totalsum
	Bergen	Florø	Førde	Sandane	Sogndal	Stord	Oslo	Andre lufthamner innanlands	
Frå lufthamn	Bergen	1 216	291	12	591	0	8 279	14 182	24 571
	Florø	1 080	232	3	35	0	1 072	305	2 727
	Førde	520	4	32	3	0	1 396	0	1 955
	Sandane	9	311	39	552	0	318	30	1 259
	Sogndal	577	62	3	501	0	1 211	240	2 594
	Stord	1	0	0	0	516		74	591
	Oslo	8 222	750	1 389	707	1 113	512	42 552	55 245
	Andre lufthamner innanland	13 997	383	1	9	311	91	42 408	57 200
Totalsum		24 406	2 726	1 955	1 264	2 605	603	55 200	146 142


Vekst i talet flypassasjerar

I perioden 2010-17 vaks talet passasjerar ved lufthamnene i Vestland fylke med seks prosent. Florø lufthamn var den einaste som hadde nedgang i passasjertalet i denne perioden. Sterkast var veksten ved lufthamnene Sandane Anda og Stord Sørstokken.

Undervegs i perioden fall passasjertala mellom 2013 og 2016. Det gjaldt alle lufthamnene i fylket, med unntak av Stord lufthamn som hadde vekst fram til 2015. Utviklinga ved Stord lufthamn skilde seg også frå dei andre imellom 2016 og 2017, då det igjen var vekst ved dei andre lufthamnene, men nedgang ved Stord.

Tabell 7.5.2: Passasjerar ved lufthamnene i Vestland fylke, 2017. Kjelde: SSB tabell 08510.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Prosentvis utvikling 2010–2017
Bergen Flesland	2 972 829	3 206 982	3 310 571	3 429 911	3 383 697	3 169 251	3 082 733	3 170 277	7
Florø	119 632	121 993	123 403	135 467	127 284	110 298	90 840	87 751	-27
Førde Bringeland	69 891	73 198	77 917	78 710	76 042	72 170	73 326	74 758	7
Sandane Anda	17 669	34 955	40 500	34 279	31 666	30 840	32 344	34 480	95
Sogndal Haukåsen	70 579	76 661	80 373	76 135	72 350	6 6018	69 620	71 030	1
Stord Sørstokken	22 307	23 281	19 693	28 279	37 062	46 654	42 187	34 335	54
Totalsum	3 272 907	3 537 070	3 652 457	3 782 781	3 728 101	3 495 231	3 391 050	3 472 631	6



Figur 7.5.1: Flygningar mellom lufthamner i Vestland fylke, 2017. Kjelde: SSB tabell 08512.



8 KULTUR, FRITID OG DELTAKING



8.1	Valdeltaking	92
8.2	Kultur- og Fritidsstilbod	94
8.3	Deltaking kultur- og fritidstilbod	97
8.4	Frivillige organisasjoner og aktive medlemskap	101

Eit samfunn der innbyggjarane føler dei har moglegheit til å påverke og faktisk deltek gjennom val, dugnad, i organisasjonar, samt sosialt, er eit gode for alle. Arenaer der folk kan treffast på tvers av kjønn, alder og etnisitet kan vere med på å forebygge einsemd og utanforskning. Moglegheit for kulturell deltaking i alle delar av fylket er viktig for å kunne leve gode liv. Idrettstilbod er viktig for fysisk og psykisk helse hos både vaksne og barn.

8.1 VALDELTAKING


Valdeltaking på gjennomsnittet

Valdeltakinga i Sogn og Fjordane og Hordaland har vore nært gjennomsnittet for Noreg dei siste åra. I dei to fylka røysta åtte av ti ved stortingsvalet i 2017. Dette er noko høgare samanlikna med stortingsvala i 2013 og 2009.




Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at fylket ligg signifikant betre an enn landsnivået når det gjeld valdeltaking til stortingsval.

Valdeltaking ved lokalval er generelt lågare enn ved stortingsval. Ved kommunevalet i 2015 låg valdeltakinga i kommunane i Vestland på 60 prosent i snitt. Tilsvarande for fylkestingvalet i 2015 var 66 prosent. Dette er for begge vala omrent på nivå med deltakinga i 2007. Samanlikna med elles i landet er deltakinga litt høgare i begge fylka.



Figur 8.1.1: Valdeltaking i prosent ved stortingsval (2009, 2013, 2017), fylkestingsval og kommuneval (2007, 2011, 2015). Kjelde: SSB, tabell 09476, 09475, 08243




Figur 8.1.2: Valdeltaking i prosent ved kommune- og fylkestingsvalet i 2015 og stortingsvalet i 2017. Kjelde: SSB tabell 08243

Variasjon mellom kommunane



I enkelte kommunar er det liten skilnad i valdeltakinga mellom stortings-, fylkestings- og kommunestyrealv. I Modalen og Fedje er skilnaden i valdeltakinga ved stortings- og fylkestingsval lågare enn 5 prosentpoeng. Det er på fylkestingval vi finn den største variasjonen i valdeltakinga mellom kommunane.

Lågare valdeltaking hos innvandrarar

Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre hadde lågare valdeltaking enn befolkninga elles ved stortingsvalet i 2017. Streken i figur 8.1.3 viser gjennomsnittet i fylka og for Noreg uavhengig av bakgrunn, og stolpane viser delta-king for utvalde grupper. Det er liten skilnad mellom tala for Hordaland og snittet for Noreg. I Sogn og Fjordane var det høgare valdeltaking hos innvandrarar, og lågare valdeltaking hos dei som har innvandrarforeldre¹. For Hordaland og Noreg som heilskap er det motsett. Der har norskfødde med innvandrarforeldre høgare valdeltaking enn dei som sjølv er innvandrarar.



Figur 8.1.3: Valdeltaking stortingsval 2017, etter kjønn og bakgrunn, SSB tabell 11693



¹ Tal frå valundersøkinga til SSB i 2013 viser dei same skilnadene mellom fylka. Skilnadene mellom fylka kan difor skuldast meir enn naturlege variasjonar over tid. Tala er ikkje vist her fordi dei ikkje er direkte samanliknbare.

8.2 KULTUR- OG FRITIDSSTILBOD

Kommunane sine utgifter til kultur og idrett


Tabell 8.2.1 viser kommunane sine utgifter til mellom anna kultursektoren og idrett. Målt per innbyggjar er det små skilnader mellom Hordaland, Sogn og Fjordane og gjennomsnittet for Noreg.

Det er relativt store skilnader mellom kommunane. Netto utgifter til kultur per innbyggjar i Vestland fylke ligg på over 10 000 kr i nokre kommunar, og under 1 000 kr i andre.

Storleiken eller sentralitet i kommunane kan vere med på å forklare skilnadene. Figur 8.2.1 viser netto driftsutgifter per innbyggjar på utvalde kulturtilbod. Kommunane er delt inn i sentralitetsgrupper². Figuren viser at kommunar med lang reisetid mellom bustad, arbeidsplassar og sørvisfunksjonar brukar meir per innbyggjar på desse utvalde kulturområda.

Tabell 8.2.1: Utvalde nøkkeltal for kultur. Kjelde: SSB tabell 12060.

	Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	Netto driftsutgifter til idrett i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	Netto driftsutgifter til barn og unge i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbyggjar (kr)
Noreg	4	1,3	0,8	2 297
Hordaland	3,9	1,3	0,8	2 166
Sogn og Fjordane	3,3	1	0,8	2 238



Figur 8.2.1: Kommunane i Vestland sine netto utgifter per innbyggjar på utvalde kulturområde, etter sentralitet. 2017.
Kjelde: SSB tabell 12362 og 11342.

2 Sjå vedlegg 3 om sentralitetsindeksen.

Fylka utfyller kvarandre på kulturtilbod


På Norsk kulturindeks for 2017 ligg Hordaland på ein 2. plass medan Sogn og Fjordane ligg på ein 10. plass. Begge fylka scorar høgt på konserter, men elles er det lite overlapp, sjå figur 8.2.2. Områda der Sogn og Fjordane scorar høgst (frivillig arbeid, Den kulturelle skulesekken og kulturskulen), er dei områda der Hordaland har ein lågare score.

Arenaer i kommunane

Etter kommunesamanslåinga kjem dei aller fleste kommunar til å ha eigen kino, folkebibliotek og kulturskule. Faktaboks 8.2.1 og 8.2.2 viser dagens situasjon for dei til saman 59 kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Eit stort idrettsanlegg kan vere oppført over fleire postar slik at totalen blir kunstig høg. Det kan difor vere meir nyttig å sjå på korleis dei fordeler seg over kommunane. Det finst lite statistikk for bruk av anlegg på fylkes- og kommunenivå, men Sogn og Fjordane og Hordaland utarbeidar no ein rapport der mellom anna bruk av idrettsanlegg er eit tema. I Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 er det innbyggjarane i Midthordaland og Nordhordaland som i minst grad opplever at kultur- og idrettstilbod er lett tilgjengeleg.



Faktaboks 8.2.1: Samla for dagens kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kjelde: SSB



Friluftslivsanlegg	910, fordelt på 59 kommunar
Idrettshallar og aktivitetssalar	626, fordelt på 59 kommunar
Idrettshus og servicebygg	500, fordelt på 58 kommunar
Fotballanlegg	443, fordelt på 59 kommunar
Skyteanlegg	362, fordelt på 53 kommunar
Kulturararenaar	341, fordelt på 58 kommunar
Ski- og alpinanlegg	180, fordelt på 29 kommunar
Friidrettsanlegg	155, fordelt på 54 kommunar
Svømme- og stupeanlegg	151, fordelt på 52 kommunar
Racketsportanlegg	58, fordelt på 24 kommunar
Hestesportanlegg	54, fordelt på 17 kommunar
Vannsportanlegg	48, fordelt på 18 kommunar
Klatreanlegg	43, fordelt på 29 kommunar
Mindre ballanlegg	37, fordelt på 19 kommunar
Mindre aktivitetsområde	30, fordelt på 16 kommunar
Golfanlegg	24, fordelt på 10 kommunar
Motorsportanlegg	17, fordelt på 13 kommunar
Luftsportanlegg	12, fordelt på 3 kommunar
Is- og skøyteanlegg	9, fordelt på 4 kommunar
Skateanlegg	7, fordelt på 6 kommunar
Bueskyttaranlegg	2, fordelt på 2 kommunar


Faktaboks 8.2.2: Opne ordinære anlegg i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kjelde: Anleggsregisteret

Spelemidlar til kultur og idrett


Figur 8.2.3 viser fylkesvis tildeling av spelemidlar til idrettsanlegg i 2018. Totalt blei det delt ut 1 429 millionar kroner.

Det er relativt stor skilnад mellom fylka. Vestland fekk til saman 191,8 millionar, som svarar til 13,4 % av totalen.

Figur 8.2.4 viser tildeling av spelemidlar til den kulturelle skulesekken dei siste 8 åra. Vestland fekk totalt over 28 millionar for skuleåret 2018/2019.



Figur 8.2.3: Fordeling av spelemidlar etter dei nye fylka, 2018. Kjelde: Kulturdepartementet.



Figur 8.2.4: Tildelte spelemidlar til Den kulturelle skulesekken. Kjelde: Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

8.3 DELTAKING KULTUR- OG FRITIDSTILBOD


Preferansar

I 2013 gjennomførte Hordaland fylkeskommune ei undersøking³ av folk sine interesser for ulike område innan kultur. I den kom det fram at hordalendingar er mest interesserte i friluftsliv, film, idrett og musikk. Undersøkinga viste også at det er skilnader mellom regionar i fylket. Dei tradisjonelle kulturfelta som til dømes folkedans/musikk og lokalhistorie/slektsgrarsing står sterke utanfor Bergen, medan film, skjønnlitteratur, teater og bildekunst står sterke i Bergen.

For dei i Hordaland som nyttar seg lite av eit kulturområde er tid og manglande interesse dei viktigaste forklaringane. Teater skil seg mest ut. Her er därleg tilbod/lang reiseveg oftare lista som hovudårsak for at innbyggjarane ikkje oftare går på teater, musical og revy. Teaterframsyning er det kulturtillbodet som flest innbyggjarar utanfor Bergen saknar.

På nasjonalt nivå viser tal frå kultubarometeret til SSB (2016) at konserter er det området med høgast interesse, etterfølgd av bøker, idrettsarrangement og kino (figur 8.3.1).

I Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 fekk respondentane spørsmål om kva som er viktig for å trivast i eige nærmiljø. 16 prosent svara at tilgang til kulturaktivitetar er viktig, og 67 prosent at tilgang til natur- og fritidsområde er viktig for å trivast i nærmiljøet (figur 8.3.2).




Figur 8.3.1: Interesse for å bruke ulike kulturtillbod (prosent), 2016. Kjelde: Norsk kultubarometer, SSB

Fleire besøkande på museum

Dei konsoliderte musea i Hordaland, som utgjer 10 av 12 museum i Vestland, har auka besøkstala. Det kjem fram i ei evaluering av museumsreforma⁴. Den samla auken i talet på besøkande var i følgje rapporten på 40 prosent frå 2005 til 2016. Grunna endring i utvalet hos SSB har vi berre samanliknbare tal for alle musea i Vestland for dei siste to åra. Frå 2016 til 2017 hadde musea i Vestland ein god auke i talet på enkeltbesøk.

Tabell 8.3.1: Museum og samlingar. Besøk, etter type besøk, Sogn og Fjordane og Hordaland akkumulert. Kjelde: SSB tabell 09539.

	2016	2017	Endring 2016–2017
Enkeltbesøk	692 089	737 641	45 552
Gruppebesøk	243 735	239 266	-4 469
Betalande besøkande	525 888	528 087	2 199




Figur 8.3.2: Kva er viktig for å trivast nærmiljøet. Kjelde: Folkehelseundersøkinga for Hordaland 2018.

3 Hordaland fylkeskommune. AUD rapport 10-13


4 Agderforsking nr. 5/2017

Færre i salen per kinovisning

Tal på besøkande per kinovisning har gått ned dei siste åra. Både Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt ein reduksjon som er høgare enn gjennomsnittet for heile landet. Frå 2015 til 2017 har det vore ein nedgang på nesten 5 besøkande per framsyning i Hordaland og 4 for Sogn og Fjordane. På landsbasis var nedgangen 3,2 besøkande per framsyning.



Figur 8.3.3: Besøk per forestilling etter år og region. Kjelde: SSB tabell 12060.



Figur 8.3.4: Tal på besøk i folkebibliotek per innbyggjar etter år og region. Kjelde: SSB tabell 12060.

Stabile besøkstal i folkebiblioteka


Besøk på folkebiblioteka har dei siste tre åra lege relativt stabilt kring 4–5 besøk i året per innbyggjar. Sogn og Fjordane har hatt ein liten auke frå 2015 til 2016, men ein vil forvente variasjonar over tid.

Føremålsparagrafen i folkebiblioteksloven vart endra i 2013. Folkebiblioteka skal ikkje lenger berre stille bøker til disposisjon, men drive aktiv formidling og vere ein møteplass og arena for offentleg debatt.

Tabell 8.3.2 viser tal arrangement og tal frammøtte per arrangement i folkebiblioteka i Hordaland og Sogn og Fjordane i 2017. Figur 8.3.5 viser kva type arrangement dei besøkande deltek på i Sogn og Fjordane. Vi ser at kulturarrangement utgjer den største delen av besøkstala på arrangementa (75 prosent), etterfølgd av kursverksemd og opplæring.

Tabell 8.3.2: Kjelde: Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.


	Alle arrangement	Frammøtte	Frammøtte per arrangement
Sogn og Fjordane	899	23 334	26
Hordaland	3 769	117 046	31




Figur 8.3.5: Prosentvis fordeling av besøkande etter type arrangement, Sogn og Fjordane, 2017. Kjelde: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Høgast deltaking i kulturskulen i små kommunar

Den største skilnaden mellom Sogn og Fjordane og Hordaland finn vi i kulturskulen. Prosentdelen born mellom 6 og 15 år som er aktive i kulturskulen ligg på 13,3 prosent for Noreg, 12 prosent for Hordaland, og heile 20 prosent for Sogn og Fjordane⁵. Nivået nasjonalt, og i dei to fylka, har vore stabilt dei siste tre åra. Den store skilnaden mellom fylka kan delvis forklaraast med at Bergen er ein stor kommune med låg deltaking (8 prosent i 2017), og trekk difor ned snittet for fylket. Det er generelt høgare deltaking i mindre kommunar. Figur 8.3.6 viser samanhengen mellom kor stor prosentdel born som er aktiv i kulturskulen, og folketallet i kommunen (Bergen kommune er ikkje vist i figuren). Den lineære trendlinja fortel oss at høgare folketal i snitt gir lågare deltaking i kulturskulen.



Figur 8.3.6: Prosentdel born i kulturskulen etter folketal i kommunen, 2017. Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kjelde: SSB tabell 12060.



Figur 8.3.7: Del innbyggjarar som ikkje trivst i nærmiljøet sitt, fordelt på hushaldsinntekt og kjønn. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018.


Kor nøgd er vi med nærmiljøet?

Generelt trivst folk i nærmiljøet sitt, men det er klare skilnader relatert til sosiale faktorar og kjønn. Det kjem fram i Folkehelseundersøkinga for Hordaland 2018. Figur 8.3.7 viser skilnaden mellom kjønn og ulike inntektsgrupper hos dei som seier at dei ikkje trivst i nærmiljøet sitt. Menn med låg hushaldsinntekt trivst i vesentleg mindre grad enn kvinner. Det er seks gonger fleire menn med inntekt opp til 250 000 kr som seier dei ikkje trivst, samanlikna med menn som tener over 551 000 kr.

Over 80 prosent av kvinner og menn i aldersgruppa 70+ seier at dei i stor grad trivst i nærmiljøet sitt (sjå figur 8.3.8). Det er generelt ein positiv samanheng mellom alder og trivsel. Menn mellom 18 og 29 år er den gruppa der færrest oppgir at dei trivst svært godt i nærmiljøet (60 prosent). Merk at denne aldersgruppa for menn var gruppa med lågast svarprosent, så desse tala bør tolkast varsamt.


Figur 8.3.9 og 8.3.10 viser kor stor del av ungdomsskuleelevene i kvar kommune som seier dei er nøgd eller svært nøgd med idrettsanlegga og kulturtildaket der dei bur. Vi ser av karta at det er mange kommunar som scorar høgt på begge områda, medan andre scorar lågt på begge. Ungdomsskuleelevar i dei indre og nordlege delane av Vestland ser ut til å vere mest nøgd med kulturtildaket, medan kystkommunane scorar lågast.

I Folkehelseundersøkinga for Hordaland 2018 var Nordhordland det området der færrest svarte ja på spørsmål om dei hadde god tilgang på kultur- og idrettstilbod (sjå figur 8.3.11).




Figur 8.3.8: Grad av trivsel i nærmiljøet etter alder. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018


5 I Norsk kulturindeks 2016, Resultat for Sogn og Fjordane fylke (Telemarksforsking), er talet 28 prosent for Sogn og Fjordane, 16 prosent for Hordaland og 17 prosent for Noreg.



Figur 8.3.9: Prosentdel ungdomsskuleelevar som meiner at tilbodet av idrettsanlegg er bra. Kjelde: Ungdata



Figur 8.3.10: Prosentdel ungdomsskuleelevar som meiner at kulturtilbodet er bra. Kjelde: Ungdata.




Figur 8.3.11: God opplevd tilgang på kultur- og idrettstilbod (prosent). Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018

8.4 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR OG AKTIVE MEDLEMSKAP

Negativ utvikling i aktive medlemskap

Vestlandet⁶ skil seg ikkje ut frå resten av landet på deltaking i frivillig arbeid. Den største skilnaden er aktive medlemskap i politiske parti. Delen av befolkninga på Vestlandet som er medlem i eit politisk parti er 3 prosent, medan det nasjonale snittet er 2 prosent.


Over tid har det vore ei negativ utvikling i aktive organisasjonsmedlemskap. Til dømes låg prosentdelen som var aktiv i idrettslag på 17 prosent i 2011 på Vestlandet, men er no redusert til 14 prosent i 2017. Det svarar til eit tap på over 17 prosent av dei aktive medlemmane.




6 Vi har ikkje tal for Hordaland og Sogn og Fjordane, og difor ikkje tal for nye Vestland fylke, men vi kan sei noko om Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal).

Organisert aktivitet framleis viktig

Sjølv om delen aktive medlemmar i organisasjonar og foreiningar har gått ned, har organisert aktivitet generelt ein sterk posisjon i det nye fylket. Figur 8.4.2 viser at Vestland ligg på landsgjennomsnittet for deltaking i organisert aktivitet hos ungdomsskuleelevar, og at delen som deltek er høg. Folkehelseundersøkinga for Hordaland 2018 peiker på ein klar positiv samanheng mellom høgt utdanningsnivå og deltaking i organisert aktivitet for dei over 18 år (sjå figur 8.4.3). 30 prosent av dei med lengre utdanning (over 4 år) svarte at dei deltok i organisert aktivitet kvar veke, medan under 20 prosent av dei med grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå svarte det same.



Figur 8.4.2: Ungdomsskulelevars aktivitet/deltaking etter aktivitet i Noreg og Vestland fylke. Kjelde: Ungdata



Figur 8.4.3: Vektentleg deltaking i organisert aktivitet. Kjelde: Folkehelseundersøkinga Hordaland, 2018.

9 LEVEVANAR OG HELSE



9.1 Helse	105
9.2 Tannhelse	107
9.3 Fysisk aktivitet og kosthald	108
9.4 Rusmiddelbruk	110

Inntekts- og utdanningsnivå er viktige bakgrunnsfaktorar for levevanar og helse. Det er eit tett samspele mellom individuelle levevanar og samfunnet rundt.


I kva grad enkeltpersonar nyttar aktiv transport, et sunt og er aktive på fritida, heng saman med høve for desse vala lokalt. Fordelinga av helse i befolkninga er dermed eit mål på i kva grad samfunnet lukkast med å legge rammer som fremmer sunne levevanar og helse.



9.1 HELSE

Dei fleste opplever at dei har god helse

I folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 svarar tre av fire vaksne at dei opplever si eiga helse som god eller svært god¹. Likevel er det skilnad mellom folk; det er ein klår gradient der delen som rapporterer om god helse aukar trinnvis med aukande utdanningsnivå. Skilnaden mellom dei med grunnskule som høgaste fullførte utdanning og dei med fleire enn fire år på universitet eller høgskule, er på over 20 prosentpoeng. Det er ubetydelege kjønnsforskellar. Når vi ser på alder, er det ein tendens til at delen som rapporterer om god helse er lågare blant dei over 50 år enn i dei yngre aldersgruppene.



Figur 9.1.1: Del med god helse fordelt på kjønn og utdanningsnivå for Hordaland. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018, Folkehelseinstituttet.

Mange lever godt med sjukdom og nedsett funksjon


På spørsmålet om innbyggjarane i Hordaland har nokre langvarige sjukdommar, helseproblem eller funksjonsnedsettingar, og i kva grad desse evt. medfører plager, er det størst skilje mellom kjønna for dei yngre respondentane, og det er delen som svarer «ingen/ikke plaga» som skil kjønna mest. Det ser ut til å skje eit skifte i funksjonsnivå i førtiåra for kvinner, og i førti- og femtiåra for menn.

Mindre muskel- og skjelettsjukdommar i Vestland enn nasjonalt

Sett under eitt er muskel- og skjelettsjukdommar den sjukdomsgruppa som plagar flest og kostar mest i Noreg. Det er den vanlegaste årsaka til sjukefråvær og uforhheit. Samla sett har mange av desse sjukdommane samanheng med aukande alder, stillesittande livsstil og til dels også overvekt. Muskel- og skjelettsjukdommar er vanlegare hjå personar med låg sosioøkonomisk status.² Det er store kommunevise variasjonar i Vestland fylke. For dei fleste kommunane har førekomensten vore relativt stabil over tid.³



Folkehelsebarometret 2018 (sjå vedlegg) viser at tal personar med muskel- og skjelettsjukdommar (0–74 år) er signifikant lågare enn i landet som heilheit. Førekomensten har vore relativt stabil over tid.




Figur 9.1.2: Del vaksne i Hordaland som rapporterer plager i forbindelse med langvarig sjukdom, helseproblem eller funksjonsnedsettingar. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018/Hordaland fylkeskommune.

1 Merk at det ikkje er eit motsetnadsforhold mellom å oppleve at ein har god helse og å ha ein eller fleire sjukdommar.

2 Kommunehelse – primærhelsetjenesten, brukere (B).

3 Kommunehelsa statistikkbank. Primærhelsetjenesten, brukere.



Figur 9.1.2: Brukarar i primærhelsetenesta med muskel- og skjelettsjukdom, hjarte- og karsjukdom og psykiske symptom og lidingar. Per 1000 innbyggjarar, standardisert. Kjelde: Norgeshelsa.

Fleire med psykisk sjukdom, men færrest tilfelle i Sogn og Fjordane

Tal personar som er i kontakt med primærhelsetenesta når det gjeld psykisk sjukdom og lidingar har dei siste åra auka noko både i Hordaland, Sogn og Fjordane og i heile landet som heilskap⁷. I Sogn og Fjordane oppsøker ein betydeleg mindre del av befolkninga helsevesenet i forbindelse med desse plagene enn i Hordaland og i heile landet.⁸

I Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) skil Hordaland og Sogn og Fjordane seg frå kvarandre
 - Sogn og Fjordane har lågaste delen med psykisk sjukdom i landet, mens Hordaland ligg tett opp mot landssnittet. Utviklinga har vore svakt aukande i begge fylke og i heile landet over tid.

Fleire tilfelle av kreft blir oppdaga

Både genetikk, fysisk miljø og levevanar er faktorar som har innverknad på kreftførekomsten. Her ser vi nærmare på dei kreftsjukdommiane som i større grad blir sett i samanheng med levevanar, og som dermed kan førebyggast.⁹

Ein oppdagar fleire nye krefttilfelle per 100 000 innbygarar¹⁰ enn for 30 år sidan. I Sogn og Fjordane oppdagar ein 402,5 tilfelle av kreft per 100 000 innbyggjarar, medan ein i Hordaland og på nasjonalt plan oppdagar 460,3. I 2016 hadde tala auka til høvesvis 591,6, 615,7 og 604,4. Frå 2011 og utover har førekomensten av kreft vore høgare i Hordaland enn i Sogn og Fjordane og nasjonalt.

Hjarte- og karsjukdom



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at det er ein større del med hjarte- og karsjukdom (0-74 år) i Vestland enn i landet. Skilnaden er signifikant.

I Sogn og Fjordane er delen av befolkninga som opplever hjarte- og karsjukdom lågare enn for heile landet, men ikkje signifikant betre⁴. Når vi slår saman tala til Vestland, blir totalen dårlegare enn for heile landet. Frå 2012 til 2016 var det ein nedgang i førekomensten i Sogn og Fjordane og nasjonalt, medan delen var stabil i Hordaland⁵. Det er samla sett høgare hjarte- kardødeleghet i delen av befolkninga som har kort utdanning og/eller låg inntekt, enn i gruppa som har høgskule og universitetsutdanning.⁶

4 Folkehelseprofil for Sogn og Fjordane, Folkehelseinstituttet 2018

5 Norgeshelsa statistikkbank, Hjarte- og karsjukdom

6 Som innrapportert tidlegare

7 Standardiserte tal. For befolkninga 0–74 år.

8 Norgeshelsa – primærhelsetenesta, brukarar.

9 Norgeshelsa – kreft, nye tilfelle.

10 Aldersstandardiserte tal. Alle aldrar.

9.2 TANNHELSE

Dei fleste opplever at dei har god tannhelse, og det er liten variasjon med alderen. Det er derimot ein kjønnsskilnad: Kvinner (79,8 prosent) opplever i større grad enn menn (71,4 prosent) å ha svært god eller god tannhelse. Den eigenopplevde tannhelsa blir påverka av økonomi og utdanningsnivå. Det er gradvis betring i opplevinga av eigen tannhelse etter kvart som hushaldsinntekta aukar. Vi ser den same trinnvise trenden etter utdanningsnivå – jo kortare utdanning, jo dårlegare oppleving av eiga tannhelse.


Nær 90 prosent av innbyggjarane over 18 år i Hordaland har vore til tannlege eller tannpleiar i løpet av dei to siste åra.¹¹ Blant dei som ikkje har vore til tannlege eller tannpleiar i løpet av dei fem siste åra er økonomi og redsle/frykt dei viktigaste årsakene.

Figur 9.2.2 viser kor stor del av dei undersøkte 5-, 12- og 18-åringane som hadde null hol i 2017. For Vestland samla har det vore ein svak auke i talet på personar utan karieserfaring, det vil sei personar som i løpet av livet sitt aldri har hatt hol.


Den gjennomsnittlege 18-åringen hadde i 2017 følgande tal tenner med hol i: 3,9 (Hordaland), 3,4 (landet som heilskap) og 3,2 (Sogn og Fjordane)¹². Trenden dei siste åra er at dette talet er redusert.



Folkehelsebarometeret 2018 (sjå vedlegg) viser at fylket ligg litt over landssnittet når det gjeld del 5-åringar med friske tenner. Skilnaden er ikkje signifikant.



Figur 9.2.1: Gjennomsnittleg eigenrapportert tannhelse etter kjønn og hushaldsinntekt. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018/Hordaland fylkeskommune.



Figur 9.2.2: Del undersøkte utan karieserfaring (har aldri hatt hol i løpet av livet sitt) blant 5-, 12- og 18-åringar i 2017. Kjelde: SSB tabell 11959.

11 Data frå folkehelseundersøkinga i Hordaland, 2018.

12 Kjelde: SSB-tabell 11959

9.3 FYSISK AKTIVITET OG KOSTHALD

Fysisk aktivitet er viktig for helse, trivsel og velvære, i tillegg til at det kan redusere førekomst av ei rekke sjukdommar og plager.¹³ Vaksne i alderen 18 år og eldre vert anbefalt å vere i moderat til høgintensiv¹⁴ fysisk aktivitet minimum 30 minutt dagleg.


Fysisk aktivitet hjå born er avgjeraende for normal vekst og utvikling. I tillegg har det positiv effekt på læring, konsentrasjon og psykisk helse. Born i alderen 0 til 17 år er anbefalt å vere i moderat til høgintensiv fysisk aktivitet i minst 60 minutt per dag.¹⁵ Dette inkluderer leik, aktivitetar, kroppsøvingsundervisning og idrett.

I tillegg til fysisk aktivitet, anbefaler Folkehelseinstituttet eit sunt og variert kosthald for å førebygge sjukdom. Anbefalt mengd frukt, bær og grønsaker er fem porsjonar per dag. Anbefalt mengd fisk (og sjømat), anten som middag eller pålegg, er to til tre gonger i veka. Folkehelseinstituttet sine anbefalingar bygger på forsking som viser at inntak av desse råvarene blant anna reduserer risiko for hjarte- og karsjukdommar.¹⁶

Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 syner at om lag ein av tre er fysisk aktive i minst 30 minutt per dag. Delen som er dagleg fysisk aktive aukar noko med utdanningsnivå¹⁷. Resultata syner aldersforskjell i aktivitetsnivået – aktiviteten er høgast blant dei yngste og lågast blant dei eldste, men nedgangen over aldersgrupper er ikkje lineær. Utviklinga over alder er nokså lik blant kvinner og menn. Kjønnforskjellane er små og ikkje signifikante. (Figur 9.3.1).

Det er ein tydeleg samvariasjon mellom trivsel i skulen og trening blant ungdoms- og vidaregåandelevlar i Sogn og Fjordane og Hordaland¹⁸. Dei som trivst, trenar meir enn dei som mistrivst. Det er høgast trivsel blant dei som trenar 3-4 gonger i veka. Hjå dei som trenar meir enn dette i ungdomsskulen, sørkk trivselen noko igjen, men vi veit ikkje om denne endringa er signifikant (Figur 9.3.2).

Blant dei som deltok i Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 opplyser folk at dei et mindre frukt, bær og grønsaker enn det Folkehelseinstituttet anbefaler. Om lag ein av tre et frukt og bær dagleg. I underkant av halvparten opplyser at dei et grønsaker dagleg. Delen som et frukt, bær og



Figur 9.3.1: Del vaksne som er fysisk aktive min 30 min kvar dag. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018/Folkehelseinstituttet.

13 «Råd om fysisk aktivitet». Helse Noreg. 2014. [https://helsenorge.no/trening-og-fysisk-aktivitet/rad-om-fysisk-aktivitet#Barn-og-unge-\(0-17-år\)](https://helsenorge.no/trening-og-fysisk-aktivitet/rad-om-fysisk-aktivitet#Barn-og-unge-(0-17-år)). Lest: 01.11.18.

14 Moderat intensitet svarar til aktivitet som medfører raskare pust enn vanleg, eksempelvis ved å gå raskt. Høg intensitet svarar til aktivitet som medfører mykke raskare pust enn vanleg, eksempelvis ved å springe.

15 «Råd om fysisk aktivitet». Helse Noreg. 2014. [https://helsenorge.no/trening-og-fysisk-aktivitet/rad-om-fysisk-aktivitet#Barn-og-unge-\(0-17-år\)](https://helsenorge.no/trening-og-fysisk-aktivitet/rad-om-fysisk-aktivitet#Barn-og-unge-(0-17-år)). Lest: 01.11.18.


16 «Kostråd». Helse Norge. 2018. <https://helsenorge.no/kosthold-og-ernaring/kostrad>. Lest 01.11.18.

17 Forskjellen mellom dei med kortast og dei med den mest langvarige utdanninga er statistisk sikker for kvinner og grensesignifikant for menn.


18 AUD-rapport 09-18 (Hordaland) og Ungdatamaterialet for 2017 (Sogn og Fjordane).

grønsaker dagleg, er større blant kvinner enn menn. Delen av den vaksne befolkninga som et anbefalt mengd fisk, er større. Meir enn tre av fem opplyser at dei et fisk, anten som pålegg eller til middag, ein til tre gonger i veka. I overkant av ein av ti et fisk endå oftare enn det.

Tal frå «Levekårsundersøkelsen om helse 2015» tyder på at skilnadane i kosthaldet i Sogn og Fjordane og Hordaland er små eller ikkje-eksisterande når det gjeld inntak av frukt og bær og grønsaker.



Figur 9.3.2: Del som svarar dei mistrivst, fordelt på kor ofte dei trenar, i prosent. Kjelde: Ungdata.




Figur 9.3.3: Kosthaldsdata. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018/Hordaland fylkeskommune.

9.4 RUSMIDDELBRUK


Alkoholsalet går ned

Figuren til høgre viser tal liter rein alkohol seld i daglegvarebutikkar og på Vinmonopolet blant innbyggjarar over 14 år. Salet i Hordaland ligg noko over landssnittet, medan salet i Sogn og Fjordane er lågare enn for landet. Frå 2012 til 2016 har alkoholsalet gått ned, både nasjonalt og i dei to fylka.

Forbruket av alkohol varierer med både kjønn og alder.¹⁹ Menn har eit høgare alkoholforbruk enn kvinner, dette gjeld både mediankonsumet og for det estimerte årlege gjennomsnittskonsumet nærmast alle aldrar. Figuren under viser grovt berekna gjennomsnittleg alkoholkonsum etter kjønn og alder, og estimert mediankonsum etter kjønn. Dei einskilde verdiane for kjønn/alder gjeld utvalet, men er ikkje nødvendigvis representative for befolkninga. Det er det overordna mønsteret i figuren som er interessant, ikkje dei einskilde verdiane. Medianforbruket til kvinner er om lag 55 alkoholeiningar i året, medan det hos menn er kring 125 alkoholeiningar. Både for menn og kvinner er det gjennomsnittlege forbruket høgst i slutten av tenåra og starten av tjueåra. I førtiåra aukar alkoholforbruket igjen før det sørkk i 70-åra. (Sjå figur 9.4.2).



Figur 9.4.1: Liter rein alkohol selt per innbyggjar over 14 år per år. Kjelde: Norgeshelsa.



Figur 9.4.2: Grovt berekna gjennomsnittleg årleg alkoholkonsum etter kjønn og alder. Alkoholeiningar per år. Medianskonsum er vist med linjer. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018/Hordaland fylkeskommune.

19 Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018.

Færre røyker, men fleire snusar


Delen vaksne i alderen 25–74 år som rapporterer at dei røyker dagleg har endra seg over tid. Figur 9.4.3 viser at delen som røyker dagleg har gått ned, medan delen som snusar dagleg har gått opp. I Sogn og Fjordane er røyking og snusing mindre utbreidd enn i Hordaland og i landet som heilskap, medan delen som dagleg røyker og snusar i Hordaland har lege på eller rett over det nasjonale snittet.

Både for menn og kvinner fell delen som røyker dagleg betydeleg med utdanningsnivå. Delen som røyker er tre til fire gonger høgare blant dei som har grunnskule som høgaste fullførte utdanning samanlikna med dei som har minst fire års universitetsutdanning. Utdanningsnivå spelar derimot i mindre grad inn på snusbruk. I alle utdanningsgrupper er det ein langt høgare del som brukar snus dagleg blant menn enn blant kvinner.




Folkehelsebarometret 2018 (sjå vedlegg) viser at Vestland fylke ikkje skil seg signifikant frå resten av landet når det gjeld både røyking og snusing.


Alder spelar også ei viktig rolle – delen som røyker dagleg aukar frå den yngste gruppa (18–29 år) heilt til 50–59 årsgruppa, for deretter å sørke.²⁰ Det ser ikkje ut til å vere ein signifikant forskjell i delen daglegrøykarar mellom kvinner og menn. Blant snusbrukarar er det ein motsett trend: Delen som snusar minskar med alderen, og i alle aldersgrupper under 70 år er det ein høgare del som snusar blant menn enn blant kvinner. Her er forskjellane minst blant dei yngste (18–29 år).²¹



Figur 9.4.4: Prosent som røyker dagleg, etter kjønn og alder. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018/Folkehelseinstituttet.



Figur 9.4.3: Daglegrøykarar og -snusarar som del av befolkninga. Kjelde: Norgeshelsa.



Figur 9.4.5: Prosent som snusar dagleg, etter kjønn og alder. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018/Folkehelseinstituttet.

20 Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018

21 Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018.

VEDLEGG

- 1  Folkehelsebarometeret 2018 ____ 114
- 2  Risikoindeks for folkehelse ____ 116
- 3 Sentralitetsindeks _____ 118


FOLKEHELSEBAROMETERET 2018



Gjennom heile dokumentet er det små tekstboksar merka med «F». Desse viser til resultata frå Folkehelsebarometeret 2018.

Sogn og Fjordane og Hordaland samanlikna med nasjonale tal. Forskjell mellom fylka og landet er testa for signifikans. Kjelde: Folkehelsebarometeret 2018 for Sogn og Fjordane og Hordaland. Folkehelseinstituttet.

I figuren og kolonnene tek ein omsyn til at fylker kan ha ulik alderssamsetnad samanlikna med landet. I Norgeshelsa statistikkbank kan ein sjå utvikling over tid, statistikk utan standardisering samt utfyllande informasjon om indikatorane. For meir informasjon, sjå <https://www.fhi.no/folkehelseprofiler>




Forklaring (tall viser til linjenummer i tabellen ovenfor):

- * = standardiserte verdier, a = aldersstandardisert,
- k = kjønnsstandardisert og ** = perioden statistikken omfatter
- 2. I prosent av befolkningen. 3. Godkjente stemmer i prosent av stemmeberettigede. 4. Høyeste fullførte utdanning (av alle med oppgitt utdanning).
- 5. Barn som bor i husholdninger med inntekt under 60 % av nasjonal median. 6. Forholdet mellom inntekten til den personen som befinner seg på 90-prosentilen og den som befinner seg på 10-prosentilen. 7. Trangboddhet defineres ut ifra antall rom og kvadratmeter i boligen. 8. 0-17 år, av alle barn det betales barnetrygd for. 9. Omfatter varig uførepensjon og arbeidsavklaringspenger. 10. Definert som tilfredsstillende resultater mht. E. coli og stabil

drikkevannsleveranse. Omfatter vannverk som forsyner minst 50 personer. 11. Befolknign tilknyttet vannverk som forsyner minst 50 personer, i prosent av totalbefolkingen. 12. Definisjonen inkluderer nå forgiftninger. 16. Omfatter de som ikke har bestått ettl/ flere fag og derfor ikke har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse etter 5 år, samt elever som sluttet underveis. I prosent av de som startet på grunnkurs i VGS for første gang i 2011. Personer som etter 5 år fortsatt er i VGS, regnes ikke som frafall. Omfatter elever bosatt i fylket. 17/18/19. Selvrappert, SSBs reise- og ferievaneundersøkelse. 20. KMI som tilsvarer over 25 kg/m², basert på selvrappert høyde og vekt ved nettbasert sesjon 1. 21. Liter ren alkohol per innbygger 15 år+ per år. Grensehandel må tas i betraktning når tallene tolkes. Se beskrivelse av

- ◆ Fylket ligger signifikant bedre enn landet som helhet
- ◆ Fylket ligger signifikant dårligere enn landet som helhet
- ◆ Fylket er ikke signifikant forskjellig fra landsnivået
- ◆ Fylket er signifikant forskjellig fra landsnivået
- ◆ Ikke testet for statistisk signifikans
- Verdien for landet som helhet
- Variasjonen mellom fylkene i landet

En «grønn» verdi betyr at fylket ligger bedre enn landet som helhet. Vær oppmerksom på at dette likevel kan innebære en viktig folkehelseutfordring for fylket, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå.



hvordan indikatoren er beregnet. 22/23. Beregnet basert på aldersspesiell dødelighet. 24. Vurderet etter forskjellen i forventet levealder ved 30 år, mellom de med grunnskole som høyeste utdanning og de med videregående eller høyere utdanning. 25. Brukere av fastlege og legevakt. 26. 0-74 år, muskel- og skjelettlidplager og -sykdommer (eksl. brudd og skader), brukere av fastlege/legevakt/fysioterapeut/kiropraktor. 27. Omfatter innlagte på sykehus og/eller døde. 28. 30-74 år, brukere av blodglukosesenkende midler, ekskl. insulin. 31. 0-79 år, utleveringer av antibiotika på resept. 32. dmft=0, av undersøkte i aldergruppen. Bør vurderes i lys av andelen undersøkte i aldersgruppen, se Norgeshelsa statistikkbank.

Datakilder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Valgdirektoratet, Norsk pasientregister, Ungdata-undersøkelsen fra Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet - Storbyuniversitetet, Utdanningsdirektoratet, Rapportering på kommunenes forvaltning av alkoholloven, SSBs reise- og ferievaneundersøkelse, Vernepliktiverket, Vanverksregisteret, Hjerte- og karregisteret, Primærhelsetjenestene fastlege/legevakt/fysioterapeut/kiropraktor (KUHR-databasen i Helsedirektoratet), Reseptregisteret, Kreftregisteret, Nielsen Norge, Vinmonopolet og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. For mer informasjon, se www.norgeshelsa.no

0603181313.0703181557.12

RISIKOINDEKS FOR FOLKEHELSE



I dokumentet er det små tekstboksar merka med "R". Desse viser til resultata frå Risikoindeks for folkehelse.

Kva er risikoindeks for folkehelse

I risikoindeksen har vi identifisert fem samfunnsforhold som har signifikant samanheng med graden av uføretrygd i norske kommunar, og rangert vestlandskommunane etter kor mykje desse forholda påverkar risikoen for auka uføretrygd.

Sjølv om folkehelse er langt meir komplekst enn uføregrad, og er vanskeleg å måle med eitt mål har vi valt å bruke uføregrad til å kvantifisere risiko for negativ utvikling i folkehelsa.

Målt i form av uføretrygd har vi god folkehelse i fylka i dag, men vi har identifisert forhold som kan påverke dette negativt, så vi bør ikkje ta den låge uføregraden for gitt.

Korleis brukte indeksen

Høg (raud) verdi i indeksen betyr ikkje at kommunane eller bydelane har dårlig folkehelse, men at det er trekk ved samfunnet som aukar risikoen for at kommunen *kan* få fleire uføre, mens låg (grøn) verdi i indeksen ikkje betyr at kommunane har god folkehelse, men at det er trekk ved samfunnet som reduserer risikoen for at kommunen kan få fleire uføre.

Dei fleste kommunane vil finne at dei scorar lågt på nokre variablar, og høgt på andre. Dei vil altså finne både positive og negative faktorar i sine samfunn som dei kan jobbe vidare med. Nokre strukturar er tyngre å endre enn andre. Da gjeld det å finne tiltak som kan kompensere for risiko, eller som kan forsterke allereie positive trekk.

Vi må presisere at graden av uføretrygd generelt er *låg* i vestlandskommunane, og at dei fleste kommunane har lågare grad av uføretrygd enn ein kunne vente seg når vi samanliknar våre kommunar med alle landets kommunar.

Men her ligg òg åtvaringa: det er større risiko for at vi kan få ei forverring av uføregraden enn potensialet for at vi kan få ei forbetring.

Historie bak indeksen

Risikoindeks for folkehelse blei første gong utvikla av Hordaland fylkeskommune i 2012, og blei oppdatert i 2015 og 2018. I 2015 utvida vi indeksen til å dekke bydelane i Bergen, og i 2018 har vi utvida indeksen til å også dekke kommunane i Sogn og Fjordane.

Berekninga bak indeksen

Gjennom analyse av data for alle landets kommunar har vi kome fram til dei variablane der det er signifikant samburasjon med graden av uføretrygd i kommunane. I siste versjon er dette fem variablar: snittalder, del grunnskoleutdanna 30-39-åringar, del eineforsørgarar, tal verksemder med tilsette per 100 innbyggjarar i yrkesaktiv alder (vekta mot arbeidsplassdekninga i kommunane),¹ og del låginntektshushald.

Kommunane (og bydelane) blir deretter rangert frå 0 til 100 på desse variablane, der kommunen eller bydelen med best verdi (t.d. lågast del grunnskoleutdanna 30-39-åringar) får verdien 0, og kommunen med dårligast verdi (t.d. høgast del grunnskoleutdanna) får verdien 100. Dei andre kommunane og bydelane rangerast inn mellom desse to ytterpunktene avhengig av kor mykje dei skil seg frå best og dårligast verdi.

Dei fem delindeksane blir slått saman til ein samla indeks ved å multiplisere delindeksen med kor mykje den einskilde variabel forklarar av variasjonen i uføregrad (av dei variablane som er med i indeksen). Desse prosentane er vist øvst i tabellen. T.d. blir maks score for kommunen med størst del eineforsørgarar (Odda) $100 \times 21 / 100 = 21$ poeng på denne variablene i samla indeks. Av Odda sine 67 poeng i samla indeks, står delen eineforsørgarar altså for nær 1/3 av desse.

¹ På variablen *tal verksemder* er det svært mange verksemder per innbyggjar i Bergenhus og Modalen. Dei andre kommunane blir derfor ikkje samanlikna med desse to, men med Førde, som er kommunen med tredje største tal verksemder. Alle desse tre kommunane får derfor beste score på denne variabelen.

	Snittalder	Grunnskole	Eineforsøgarar	Verksemder	Låginntekt	Indeks
	27%	27%	21%	16%	9%	2018
Fedje	92	93	98	40	45	81
Vaksdal	61	100	68	84	52	76
Høyanger	69	87	92	61	43	75
Lærdal	79	97	82	42	22	73
Tysnes	78	92	52	60	28	69
Bremanger	84	83	41	56	42	67
Odda	80	52	100	40	39	67
Granvin	84	36	81	79	32	65
Austrheim	58	93	50	63	38	65
Radøy	43	85	48	87	39	62
Selje	79	79	29	58	38	61
Flora	31	89	74	57	42	61
Jølster	38	74	65	79	34	60
Kvinnherad	58	55	72	66	33	59
Øygarden	27	86	59	85	28	59
Samnanger	61	66	34	98	20	59
Askvoll	86	54	41	62	30	59
Balestrand	70	66	40	40	66	58
Naustdal	43	52	65	100	24	57
Aurland	73	72	66	2	38	57
Laksevåg	25	62	74	84	45	56
Ulvik	77	42	49	50	54	55
Fjaler	50	62	57	36	75	55
Arna	33	60	57	84	35	54
Vågsøy	59	87	43	19	30	54
Årdal	81	38	57	59	0	54
Masfjorden	70	32	54	72	23	53
Fyllingsdalen	53	39	61	90	10	53
Åsane	36	54	67	80	17	53
Osterøy	32	64	49	82	34	52
Vik	87	56	28	25	40	52
Gloppen	58	54	58	39	39	52
Sund	14	77	44	97	33	52
Solund	100	28	40	12	57	50
Lindås	29	59	60	69	26	50
Voss	55	48	58	40	34	50
Kvam	60	51	38	56	30	50
Modalen	43	75	66	0	34	49
Gulen	68	66	28	15	39	48
Gaular	40	46	44	77	32	48
Eidzfjord	73	47	49	24	14	48
Jondal	80	41	9	59	37	47
Fusa	56	52	43	35	30	46
Hornindal	64	26	45	58	37	46
Os	8	53	63	88	26	46
Eid	38	56	52	45	27	46
Bømlo	25	54	46	76	26	46
Fjell	2	68	67	70	16	45
Årstad	5	27	79	71	97	45
Sveio	18	48	41	94	38	45
Stryn	42	58	46	23	45	45
Stord	22	52	58	61	29	44
Ullensvang	76	0	63	42	38	44
Luster	52	32	31	67	25	42
Askøy	2	44	59	96	14	41
Hyllestad	96	25	0	34	33	41
Etne	44	42	25	55	35	41
Fitjar	27	40	31	78	34	40
Meland	0	36	52	97	22	38
Bergenhus	22	19	71	0	100	35
Førde	8	46	70	0	18	31
Fana	18	22	46	54	14	30
Leikanger	49	12	48	6	2	28
Sogndal	19	18	48	23	40	27
Austevoll	17	29	34	26	13	25
Ytrebygda	9	14	38	55	3	23

OM SENTRALITETSINDEKSEN

Sentralitetsindeksen frå SSB er ein metode for å beregne sentraliteten til ein kommune basert på reisetid til arbeidsplassar og ulike servicefunksjonar utifrå alle busette grunnkretsar. Indeksen er sett saman av to del-indeksar:

- Den første bereknar talet på arbeidsplassar som kan nås med bil innanfor 90 minutt for personar busett i den enkelte grunnkrets.
- Den andre bereknar kor mange ulike typar av servicefunksjonar (varar og tenester) som kan nås med bil innanfor 90 minutt for personar busett i den enkelte grunnkrets.

Talet på arbeidsplassar og servicefunksjonar blir vekta slik at dei funksjonane som ligg nært tel meir enn dei som ligg lenger ifrå.

Sjølvé indeksen har verdiar frå 0 til 1000 langs ein kontinuerleg skala, men delast opp i seks grupper der delen innbyggjarar i kvar gruppe er eit viktig kriterium for klassifiseringa.




Foto:

- Side 3: Marcela Labarca
Side 10: Morten Wanvik / Hordaland fylkeskommune
Side 11: Morten Wanvik / Hordaland fylkeskommune
Side 22: Frank Sørensen / Sogn Jord- og Hagebruksskule
Side 23: Birthe Johanne Finstad / Sogn og Fjordane fylkeskommune
Side 37: Steinras på rv. 55 ved Ylvisåker.
Ole Kristian Åset / Statens vegvesen
Side 55: *Kulturhistoriske registreringar. Tinnhølvegen, Eidfjord kommune.*
Rapport 18 2016. Lars Røgenes / Hordaland fylkeskommune
Side 67: Illustrasjonsbilde, iStock
Side 81: Morten Wanvik / Hordaland fylkeskommune
Side 82: Morten Wanvik / Hordaland fylkeskommune
Side 91: *Opning av dagsturhytta på Sandane.*
Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune
Side 103: Morten Wanvik / Hordaland fylkeskommune
Side 104: Morten Wanvik / Hordaland fylkeskommune

